



Barneombodet

Årsmelding for 1985



**Årsmelding for 1985
frå
Barneombodet**

Avgitt til Forbrukar- og Administrasjonsdepartementet
16. mai 1986

FØREORD

Barneombodet har i 1985 vore i verksemd i fire år, d.v.s. ein årsmålperiode. I Instruks for Barneombodet og for det Rådet som knyter seg til stillinga får Barneombodet pålegg om å gi ein rapport kvart år om det som er gjort. Årsmeldinga for 1985 skil seg frå meldingane om dei tidlegare år på to måtar:

1. I del II og del III blir det gitt ein oversikt over tal saker som Ombodet har arbeidt med sidan stillinga vart skipa; det blir gitt ei vurdering av verksemda, og det blir peika på somme røynsler som ein har gjort til no.

Under gjennomgangen i Del III av dei ulike saksområde blir det gitt konkrete døme på prinsipp saker som Barneombodet har arbeidt med sidan 1982 og som framleis ikkje er avslutta i 1985.

2. Årsmeldingane for 1981, 1982, 1983 og 1984 vart presenterte på bokmål. Barneombodet finn det difor naturleg at årsmeldinga for 1985 har nynorsk som målform.

Samandraget til barn og unge, som står i Del I, blir sendt ut i særprent, både på bokmål og nynorsk. Tabellane er av tekniske grunnar trykte på bokmål.

Det er ønskjeleg at årsmeldinga skal stimulera til debatt om ulike sider ved situasjonen for barn. Vi har difor óg i denne meldinga tatt med eit generelt barnefagleg tema (Del IV), som denne gongen freistar kasta lys over og ta opp til ordskifte forholdet mellom familie- og foreldre-ansvaret for barn og det ansvar som kviler på det offentlege.

Endeleg vil vi takke Sigmund Skard, som har gitt årsmeldinga si nynorske målform.

God lesnad!

Mai 1986

Målfrid Grude Flekkøy

INNHALD

FØREORD	I	Informasjon om barn og unge og om Barneombodet er viktige arbeidsoppgåver	13
INNHALD	II	Massemedia legg for dagen stor interesse for Barneombodet	13
DEL I		Informasjon til barn er viktig	14
INNLEIING	1	Brosjyremateriell, plakat og årsmelding gir viktig informasjon	14
Bakgrunnen for at Barneombodet vart skipa	1	Samarbeid med organisasjonar og styresmakter er viktig	
Arbeidsoppgåvene for Barneombodet	1	Nyttar det?	15
Oppbygginga av årsmeldinga	2	DEL III	
Arbeidssituasjonen for kontoret	2	SAKER OG SAKSOMRÅDE	16
Samandrag til barn og unge:	3	a) Barn i spesielle livssituasjonar	16
DEL II		b) Barnetilsyn og offentlege fritidstilbød	21
OVERSIKT OVER DET SOM BARNEOMBODET HAR ARBEIDT MED I 1985	9	c) Skolesaker	24
Talet på saker - sakstypar	9	d) Kultur og forbruk	28
Barneombodet har heile landet som nedslagsfelt ..	9	e) Familiesituasjonen	32
Barn, vaksne, organisasjonar og styresmakter tar kontakt med Barneombodet	10	f) Barn og planlegging	35
Saksområdet for Barneombodet spanar over eit breitt felt, og dekkjer alle sektorar i samfunnet	10	DEL IV	
Barn tar opp saker på alle område, men mest saker som rører ved familiesituasjonen, og skolesaker	11	FORELDREANSVAR OG OFFENTLEG ANSVAR FOR BARN. KVEN SKAL GJERA KVA?	40
Dei fleste sakene er einskild-saker som blir avslutta før året er omme	11	Foreldre er det viktigaste som barn har	40
Ombodet tar opp alle saker som kjem til kontoret	11	Foreldreansvaret er vanskelegare enn før	40
Psykologisk og juridisk rådgiving og rettleiing tar mykje tid	11	Samfunnsendringar gjer det meir vanskeleg for foreldre å ivareta ansvaret for barna	41
Ombodet legg bort saker anten for di vi ikkje har fått nok materiale i saka eller for di vi må gi andre spørsmål høgare prioritet	12	Samfunnet må leggja forholda betre til rette for barn og barnefamiliar	41
Ombodet uttalar seg skriftleg til ulike instansar ..	12	Forhold som skaper problem for barn på ulike alderssteg. Tiltak som kunne betra barns oppvekstvilkår	42
Arbeidet med prinsipp sakene blir prioritert; einskildsakene er utgangspunktet for dette arbeidet	12	2. - 6. leveår	
Prinsipp sakene er tidkrevjande; mange er kontinuerlege arbeidsoppgåver	12	Skolealderen	43
Ombodet legg stor vekt på høyringsfråsegnene ..	13	Ungdom - ca. 12 - 14 til 18 år	
		Somme vanskar er sams for fleire alderssteg ..	44
		Økonomisk trygd viktig for barna	45
		Positiv utvikling og god vilje er ikkje nok	45

Framtidige og noverande foreldre: kva slag hjelp treng dei?	46
Behov for foreldreopplysning	46
Inspirasjon og informasjon garanterer ikkje gode oppvekstvilkår for alle barn.	47
Dei lovfeste rettane åt barna må styrkjast	47
Barna bør ha sjølvstendige og direkte rettar i lovverket	
Ei eiga lov om oppvekstmiljøet for barn	48
Det trengst tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorane	

Uklår ansvarsfordeling er eit hinder for å ivareta barns interesser.	49
---	----

I viktige kommunale utval og nemnder må det sikrast at der finst personar som talar barna si sak	50
--	----

DEL V

1. Lov og instruks for Barneombodet	51
2. Rekneskap for 1985 med kommentarar	53
3. Oversikt over høyringsfråsegner som Barneombodet har avgitt	54
4. Tabellar	57



DEL I INNLEIING



Bakgrunnen for at Barneombodet vart skipa

Utgreiinga frå Barnelovutvalet (NOU 1977:35 Lov om barn og foreldre) inneheld det første offentlege framlegg om at det burde skipast eit Barneombod i vårt land. Framlegget vart utgreidd av eit tverrdepartementalt utval og sendt ut til høyring av Forbrukar- og administrasjonsdepartementet. Det var den gongen ei brei semje om at barn reint ålment er ei veik og utsett gruppe i samfunnet, og at interessene deira ofte blir sette til sides, særleg når dei kjem i konflikt med dei vaksne sine interesser i samfunnet. Det var difor óg brei semje om at interessene åt barna burde takast betre vare på.

Usemja melde seg ved spørsmålet om kva verkemiddel ein skulle ta i bruk for å tryggja interessene åt barna på ein betre måte enn no. Argumenta for å skipa eit Barneombod bygde på røynsler som synte at god vilje, planar og lovparagrafar ikkje slo til når det galdt å ivareta interessene åt barna. Eit uavhengig statleg ombod, tenkt til å vera eit interesseorgan og eit talerøyr for barn og for andre som arbeider med og er opptekne av barn, vart sett på som eitt av fleire verkemiddel til å ta betre vare på interessene åt barna.

Motargumenta mot framlegget var mellom anna at Barneombodet kunne verka som ei «sovepute» for andre instansar som har ansvar for barn. Vidare vart det peika på at eit Barneombod kunne bli eit fordyrande og tungt grott byråkratisk organ.

Stortinget vedtok den 17. februar 1981 at Norge skulle ha eit eige Barneombod. Lov om barneombud vart vedtatt den 6. mars 1981, og trod i kraft den 1. september same år.

Arbeidsoppgåvene for Barneombodet

Oppgåvene for Barneombodet er gitt i Lov om barneombud, og i ein Instruks fastsett ved kongeleg resolusjon den 11. september 1981. Det sentrale målet er »å fremme barns interesser overfor det offentlige og private og å følge med i utviklingen av barns levkår». Ombodet skal særleg:

- «av eget tiltak eller som høringsinstans ivareta barns interesser i samband med planlegging og utredning på alle felter,
- følge med i at lovgivning til vern om barns interesser blir fulgt,
- foreslå tiltak som kan styrke barns rettsikkerhet,
- fremme forslag til tiltak som kan løse eller forebygge konflikter mellom barn og samfunn,

- følge med i at det gis tilstrekkelig informasjon til det offentlige og private om barns rettigheter og tiltak de har behov for».

(Lov om barneombud § 3; heile lovteksta nedanfor i del V).

Heilt sidan barneombodet kom til, har det hatt ein fast stab på fire personar. I 1985 hadde staben desse medlemene:

Barneombod:	Målfrid Grude Flekkøy (utnemnd til barneombod for fire nye år frå september 1985).
Kontorsjef:	Marika Kolbenstvedt (fram til april 1985)
Konsulent:	Marianne Borgen (frå 11. mars 1985).
Konsulent:	Tomm Skaug.
Kontorfullmektig:	Anne Irene Reeberg (frå 1. mai 1985 førstekontorfullmektig).

Torill Bjørnsen var engasjert som konsulent fram til 1. juli 1985.

Rådet for Barneombodet skal gi råd og rettleiing i saker som Ombodet arbeider med. Rådet blir valt for fire år i gongen. Første fireårs-perioden for rådet gjekk ut 1. oktober 1985. Nytt råd vart oppnemnt den 15. november 1985, med desse medlemene:

1. Barneombod Målfrid Grude Flekkøy, Oslo
2. Avdelingsdirektør Christian Erlandsen, Stange med personleg varamedlem journalist Marie Rein Bore, Stavanger (ny)
3. Forskingsleiar Anne Sæterdal, Oslo (ny) med personleg varamedlem organisasjonssekretær Lisbeth Rai-by, Oslo (ny)
4. Dr. jur. Lucy Smith, Oslo med personleg varamedlem dr. jur. Anders Bratholm, Bærum
5. Sosionom Njål Petter Svensson, Oslo med personleg varamedlem lege Trond Viggo Torgersen, Oslo (ny)
6. Barnepsykolog Magne Raundalen, Åsane med personleg varamedlem koordinator Gerd Fleischer, Oslo (ny)

7. Lærer Kjell Ballari, Tana med personleg varamedlem skolesjef Jarle Meløy, Øksnes

Følgjande var medlemmer/varamedlemmer fram til 1. oktober 1985:

Tone Bratteli, Oslo (medl.)
 Bergfrid Fjose, Voss (vara)
 Aud Iversen, Vesterøy (vara)
 Dag Nilsson, Kongsvinger (vara)
 Kari Bjerke Anderssen, Hvalstad (vara)

Oppbygginga av årsmeldinga

Den første fireårs-perioden for Barneombodet gjekk ut i september 1985. Denne årsmeldinga vil difor også gi eit bilete av arbeid og røyntler gjennom heile denne perioden. Meldinga talar difor ikkje berre om saker og spørsmål som kontoret har arbeidd med i 1985, men peikar dessutan på problemstillingar som har vore aktuelle heilt sidan ombodet kom til.

I **Del I** blir det gitt eit eige samandrag av årsmeldinga med tanke på barn og unge. Samandraget vil òg bli trykt i eit eige lite hefte.

I **Del II** blir det gitt ein generell oversikt over den verksemd Barneombodet har drive i 1985, med ei skildring av dei ulike sakstypar og arbeidsoppgåver som kontoret har arbeidd med.

I **Del III** blir det gitt ein meir detaljert oversikt over saker det er arbeidd med innanfor dei ulike saksområde. Det er her gitt ein del konkrete døme på saker som både er tatt opp av barn og vaksne, einskildsaker og prinsippaker frå 1985. Oversikten gir òg eit stutt samandrag av høyringsfråsegner frå 1985, og døme på prinsippaker som Barneombodet har arbeidd med over år.

Del IV tar generelt opp forholdet mellom foreldreansvar og offentleg ansvar for barn. Det offentlege ansvaret må ha som målsetjing å leggja forholda slik til rette at foreldra betre kan ivareta sitt ansvar overfor barna. Eit spørsmål er det då kva som trengst av offentleg innsats for å sikra interessene åt barna på ein betre måte.

Del V omfattar lov og instruks for Barneombodet, rekneskapen for 1985 med kommentarar og oversikt over alle høyringsfråsegner avgitt i perioden 1982 - 85. Der er det og samla eit tabellmateriale som gir eit detaljert oversyn over det arbeid som er gjort i 1985.

Det er ønskeleg at årsmeldinga skal gi grunnlag for diskusjon om barn og barns oppvekstvilkår, og korleis ein betre kan ivareta barna sine interesser innanfor dei ulike sektorar i samfunnet. Barneombodet har ikkje makt eller mynd til å påleggja andre å retta på, eller førebyggja, lite


ønskelege forhold for barn og unge. Det Barneombodet vil kunna gjera er å freista å påverka avgjerlene ved å få barnekrava i fokus og ved å formidla kunnskap om barn.

Alle vaksne har eit ansvar for å betra oppvekstvilkåra for barn. Men det offentlege har eit spesielt stort ansvar med omsyn til fordelinga av samfunnsressursane og utarbeidinga av lover og reglar som legg premissa for det samfunnet der barn skal veksa opp.

Arbeidssituasjonen for kontoret

Ein fast stab på fire personar drar klare grenser for det arbeid som Barneombodet kan utføra. Kontoret har eit breitt saksområde, og arbeider med mange saker; desse oppgåvene krev ein fagleg kompetanse som det kan vera vanskeleg å skaffa dekning for innanfor stillingsramma. For Barneombodet er det avgjerande viktig at ombodet kan koma med fagleg underbygde og godt gjennomarbeidd fråsegner i dei ulike saker som melder seg. Berre på den måten kan Barneombodet ha von om å påverka andre instansar til å ta meir omsyn til interessene åt barna. Dette er særleg viktig for di Barneombodet, slik vi alt har nemnt, ikkje kan gi pålegg på noko område eller overfor andre instansar.

Arbeidsmengda saman med det at staben er så liten gjer det ofte svært vanskeleg for den einskilde å vera med i faglege konferansar og kurs, så lite som stillingsstalet er, vil desse vanskaner melda seg med særleg styrke i periodar med sjukdom eller feriar. Dette er til skade, for di arbeidet åt Barneombodet ville ha stort gagn av ein breiare kontakt med ulike faglege miljø på ei rekkje område.



SAMANDRAG TIL BARN OG UNGE

KVA ER BARNEOMBODET?

Norge har, som det einaste land i verda, eit eige ombod for barn. Når denne stillinga kom til, var det fordi ein kjende behov for å styrkja barna sine interesser i samfunnet. Barn og unge har ikkje røysterett. Difor kan dei ikkje vera med på avgjera kven som skal sitja i kommunestyra eller på Stortinget. Det er kommunestyra og Stortinget som avgjer det meste som gjeld oppvekstvilkåra for barn og unge. Barn kan ikkje sjølv påverka dei avgjersler som blir tatt. Barn har ikkje organiserte pressgrupper, slik dei vaksne har. Dei slepp óg lite til i radio, TV og avisene. Difor blir det ekstra viktig at dei vaksne veit nok om kva barn treng. Dei vaksne må óg hugsa på å ta omsyn til barn og unge når dei skal planleggja det som skal skje i kommunane. Dette er ikkje lett, fordi så få tiltak for barn og unge er slått klårt fast i lovene våre.

Barneombodet er eit offentleg kontor. Der arbeider det fire personar som skal seia frå om kva barn treng og er interessert i, og vera ei «vaktbikkje» overfor kommunane og andre.

Lova om barneombod vart vedtatt av Stortinget i 1981. Lova drar opp retningslinjer for arbeidet åt Barneombodet. Det er óg sett opp ein meir detaljert instruks for det ombodet skal gjera. Lova og instruksjonen står i i årsmeldinga, men er óg trykte opp i eit eige hefte, som du kan få frå kontoret til Barneombodet.

Barneombodet skal ta for seg saker som gjeld barn og ungdom opp til den alderen då dei blir myndige, 18 år.

Ombodet skal ikkje hjelpa til i konflikhtar mellom ein-skilde barn og foreldra deira, eller konflikhtar mellom foreldre. I familiekonflikhtar kan Barneombodet gi barnet og/eller foreldra råd om kvar dei kan få hjelp.

Alle kan venda seg til Barneombodet, skriftleg eller munnleg. Ombodet har teieplikt om personlege forhold.

Vårt barneombod heiter Målfrid Grude Flekkøy. Saman med dei tre andre vaksne ved kontoret held ho hus på Torshov i Oslo. Spørsmål som er viktige for arbeidet kan Barneombodet drøfta med eit særleg Råd. Ombodet og Rådet blir oppnemnde av Regjeringa for ein periode av fire år om gongen. Målfrid vart oppnemnd til sin andre periode frå 1. september 1985.

Barneombodet tar for seg alle saker som kjem inn, men mange av spørsmåla vil naturleg høyra heime andre stader. I slike tilfelle vil ombodet råda vedkomande til å ta opp saka med t.d. styresmaktene i kommunen. Ho kan óg sjølv senda saka til den rette instansen, og kan i slike saker gi ei fråsegn med på veggen.

Barneombodet kan óg sjølv ta opp saker. Dette er spesielt viktig når det gjeld å fremja barns interesser overfor det offentlege apparatet, t.d. kravet om at barns interesser skal ivaretakast betre i lovverket.

I 1985 var det om lag like mange barn og unge som kontakta Barneombodet som i 1984. Talet på dei som såleis ringjer eller skriv, seier likevel mindre enn talet på saker, fordi mange vender seg til ombodet i same sak. Fleire saker kjem frå grupper av barn, skoleklassar, alle barna i eit burettslag, eller liknande. Det er først og fremst barn som sender ombodet brev med mange underskrifter.

Telefonar og brev frå barn/unge er spesielt viktige for Barneombodet. Vaksne kan fortelja korleis barn har det, og om problem som dei ser at barn har. Men det er barn og unge sjølv som best kan fortelja kva dei synest er vanskeleg, og korleis dei opplever problema. Difor tar barn og unge opp saker som dei vaksne ikkje veit om eller ikkje tenkjer på. Når barn eller unge kontaktar Barneombodet, kjem det fram eit klårare bilete av korleis barn og unge verkeleg har det, og kva dei unge sjølv er mest opptatt av.


Barneombodet kan ikkje gi påbod; det har ingen råderett over andre. Vi kan ikkje krevja at kommunar eller skolar eller burettslag gjer noko annleis enn før. Men vi kan prøva å få dei til å forstå kor viktig ei folkegruppe barn og ungdom er, og at det er klok politikk å gjera det best mogeleg å veksa opp i Norge.

Barneombodet ser at mange gjerne vil vita meir om barn. Vi kan ikkje venta at kommunepolitikarane, stortingsrepresentantar eller andre skal ta meir omsyn til barn utan at dei veit kva som er viktig for barn på ulike alderssteg. Difor prøver vi å gi gode grunnar og informasjon når vi seier noko om ei sak.

Dei fleste sakene vi arbeider med, gjeld noko som rører ved eit einskilt barn, ei gruppe av barn (ein skoleklasse, barna i eit burettslag), ein skole/barnehage eller ein kommune. Det vi lærer om barneproblem frå dei **einskilde** sakene fører ofte til at vi lagar det vi kallar **prinsipp-saker**, det vil seia framlegg om betre lover og reglar, framlegg om at samfunnet gir meir pengar til tiltak for barn og unge og liknande.

I mange saker lagar Barneombodet ei fråsegn til den som har makt og mynd til å retta på forhold som vi meiner er urettvise mot barn eller der barns behov ikkje er tatt omsyn til. Det er særleg kommunane vi skriv til; men det kan óg vera ein skole, eit burettslag eller eit departement. Om problemet blir retta på veit vi sjeldan noko om. Kontoret er ikkje i dag i stand til å granska korleis det går med saka. Men det hender at nokon fortel oss om det, eller at vi får eit avisutklipp om resultatet. Barn er ofte dei flinkaste til å fortelja oss korleis det er gått med ei sak.

I 1985 var det om lag 2.000 menneske som vende seg til kontoret. Barneombodet arbeidde med 798 saker. Gjennom fireårs-perioden har vi arbeidd med 3211 saker, med utgangspunkt i dei noko under 8.000 personane som har vendt seg til oss.



Saker som reiser prinsipielle og generelle spørsmål om barn tar meir og meir tid for ombodet. Ei rekkje saker reiser óg problem og spørsmål som gjeld einskilde barn eller mindre grupper.

Vi deler sakene inn i ulike område:

Barn i spesielle livssituasjonar

Barn bur som oftast i ein familie og går i vanleg skole. Somme går i barnehage. Barn i spesielle livssituasjonar bur ikkje alltid saman med sin eigen familie, men er t.d. på barneheim, i sjukehus eller i fengsel. Vi vonar at det å få juling er uvanleg, så saker med barn som er utsette for slikt tar vi óg med her.

I 1985 arbeidde vi med fleire saker enn før om barn i spesielle livssituasjonar. Det viktigaste vi arbeidde med var framlegg om at det i lova skal stå uttrykkeleg at barn ikkje skal utsetjast for fysisk straff eller anna krenkjande behandling. Barneombodet har óg foreslått nye måtar å organisera barnevernet på. Både desse sakene kjem vi til å arbeida vidare med i 1986.

I 1985 tok vi på nytt opp framlegg om at alle barn bør ha rett til helsekontroll, også før dei kjem til verda. For tidleg fødde barn, og sjuke barn, bør ha rett til å ha mor/far hos seg. Det er t.d. urettferdig at retten til fri med lønn når barn er sjuke (20 dagar) er den same om foreldra har eitt barn eller åtte under 10 år, og at dei ikkje har rett til å vera heime når eit sjukt barn er over 10 år.

Barnetilsyn og offentlege fritidstilbod

Lova seier at barn har rett og plikt til å gå på skole. Men inga lov seier at barn har rett til barnehage, fritidsheim eller fritidsklubbar.

Barneombodet meiner at barn bør ha rett til barnehageplass dersom dei har behov for det. Det kan vera ulike grunnar til at dei treng barnehage. Somme stader der barn bur er det farleg å leika ute på grunn av trafikken. Andre stader finst det ikkje barn å leika med om dei ikkje går i barnehage. Andre barn treng barnehage for di foreldra er på jobb. På same måten kan det vera ulike grunnar til at barn treng fritidsheim og klubbar.

Når ein kommune har lite pengar, kan det gå ut over barn som eigenleg har rett til barnehageplass og som kanskje treng barnehage aller mest. Det er t.d. barn som ser dårleg, høyrer dårleg, har vanskar med å røra på seg. Desse barna treng ekstra vaksne eller spesielt utstyr i barnehagen. Dersom kommunen ikkje vil betala for dette, kan det henda at barnet ikkje har nytte av å gå i barnehagen. Somme barn får ikkje plass fordi det blir for dyrt for kommunen.

Barneombodet meiner at alle seksåringar bør få eit pedagogisk tilbod, anten i skolen eller i barnehagen. Dersom alle seksåringar etter kvart skal få eit tilbod, er 2 - 3 timar pr dag for lite. Dersom dei skal ha utbytte av å gå i barnehage eller skole, viser det seg at dei bør ha 3 - 4 timar om dagen. Mange barn har óg bruk for at andre vaksne passar på dei fleire timar om dagen. Og atter andre treng barnehage/skole for di dei der har trygge leikeforhold.

Barneombodet har óg peika på at skolevegen kan vera farleg, særleg for så små barn. Seksåringar er ikkje store nok til å forstå eller greia seg i trafikken. Det er heilt uforvarleg å krevja at seksåringar skal gå til eller frå skolen utan gang- og sykkelvegar, sikra overgangar, osv. Barneombodet tykkjer óg at alle barn med farleg skoleveg burde ha rett til skoleskyss.

Barneombodet meiner óg at det må bli fleire fritidsheimar. Vi veit at barn i Norge treng meir enn 50.000 fritidsheim-plassar. I dag har vi berre vel 3.000 i alt. Men dersom alle barn hadde lengre skoledag, ville det ikkje vera så mange som trong fritidsheim.

Skolesaker

Barn og unge ringjer og skriv ofte om problem på skolen. Det kan vera tale om lærarar som bruker fysisk makt mot elevane; det kan vera mobbing, og konflikhtar i skolemiljøet. For oss ser det ut til at problema i klassane blir større enn før, og at lærarane ikkje får hjelp nok til å løysa dei.

Barneombodet får óg mange saker som tar opp problem ved skolevegen. Barneombodet arbeider for at barn skal ha rett til skoleskyss dersom skolevegen er trafikkfarleg. Det beste er å byggja ut gang- og sykkelvegar, men det tar tid. Alle barn bør ha krav på ein sikker og trygg skoleveg, eller dei bør få skoleskyss.

Mange stader i landet er det stor rasfare, slik at barn som får skoleskyss, likevel er redde for skolevegen.



Barneombodet har fleire gonger tatt dette spørsmålet opp med Samferdselsdepartementet og med lokale styresmakter, for å få sikra dei rasfarlege strekningane på vegane.

For mange barn kan også skoleskyssen vera slitsam og ubehageleg. Barneombodet tok i 1984 initiativet til ei gransking der barn vart spurde om røynslene sine med ulike skyssordningar. Granskinga vart ferdig i 1985, og fortalde oss at mange elevar hadde store ubehag, hovudverk, kvalme og liknande kvar dag på grunn av skoleskyssen. Barneombodet har sendt denne rapporten til fylke og kommunar, og bede om at det på kvar stad må bli drøfta korleis skoleskyssen kan bli betre.

Ei viktig sak har vore dei rettar og plikter elevane har i skolen. Barneombodet vil gjerne at skolelovene skal seia meir om dette enn dei gjer i dag. Vi tykkjer at lova seier mykje om dei vaksne, men for lite om barn. Dei vaksne har òg andre lover som gjeld for dei, t.d. Arbeidsmiljølova. Dei har ein sterk organisasjon (Norsk Lærarlag), og møter i skolestyret. Elevane har ikkje sterke organisasjonar eller møterett i skolestyret. Dei har heller ikkje så gode reglar for korleis dei skal ha det på sin arbeidsplass.

Mange barn har lagt merke til at Barneombodet skal ha sagt at skoleferien er for lang. Dette er gale. Barneombodet har sagt at skoleferien kan bli vanskeleg for mange barn når foreldra jobbar og skolen har så mykje lenger ferie enn foreldre har. Vi har nå sett i gang ei gransking for å finne ut kva barn tar seg til i ferien, og kva tilbod som finst rundt om i landet.

I mange andre land går barn på skolen frå 5-6 års alder, 5-7 timar pr. dag. Det nye framlegget til «Mønsterplan» for skolen legg opp til at barna skal læra ting som ikkje skolen hadde så mykje ansvar for før, mellom anna nye fag. Den nye planen legg opp til så pass mykje nytt i tillegg til det som var der før at det kan bli om lag uråd å klara det, både for barn og vaksne. Skal dei greia å rå med alle dei oppgåvene som er omtala i Mønsterplanen, må

dei ha meir tid. Ein lengre skoledag er ikkje ei ulykke i seg sjølv. Spørsmålet er kva som blir innhaldet i skoledagen. Mange barn vil naturlegvis reagere mot ei slik ny ordning, mest for di dei ikkje er vane med tanken, og for di dei trur at dei skal »lesa, skriva og rekna» heile tida. Barneombodet meiner at ein lengre skoledag kunne gi mange betre høve til å gjera andre ting òg i lag, t.d. av slikt som fritidsheimane no driv med.


Det kunne bli meir tid til verksemd i smågrupper, til forming, til prosjekt (t.d. middagslaging til dei gamle som bur nær skolen, eller dyrking av grønsaker), kanskje òg til utflukter til arbeidsplassar, turar i skogen og liknande.

Kultur og forbruk

Altfor mange barn og unge ser program dei ikkje har godt av på video og på TV (særleg av vald). Også i 1985 har Barneombodet gitt stønad til framlegg om kontroll/sensur av film og videogram for barn og unge, og framlegg om at ein må ha kommunalt løyve for å visa offentleg, leiga ut eller selja video. Barneombodet meiner òg at det er viktig å vita noko om innhaldet i filmar. Ein brei informasjonskampanje om verknadene av TV og video på barn og unge er eit anna tiltak som Barneombodet gjerne vil ha. Forbodet mot vald på video har ikkje hatt nokon verknad. Difor blir det endå viktigare å få ein kontroll av videofilm for barn og unge.

Barneombodet har bede NRK å flytja «Dagsrevyen» til kl. 21.00. Særleg små barn blir skremde av krig, flykapring og anna dagsnytt. Desse barna er ofte i seng ved 21-tida. Å flytja «Dagsrevyen» ville difor ikkje gå ut over dei største barna, dei unge eller dei vaksne. Barneombodet har i 1985 skrive til 65 organisasjonar om dette, og bede om synspunkt og stønad til framlegget om å flytja «Dagsrevyen». Barneombodet har fått mykje verdfull stønad frå ei heil rad av organisasjonar, skoleklassar og ein-skildmenneske. Stendig fleire forstår kor viktig det ville vera å flytja «Dagsrevyen» til ei seinare tid på kvelden. Vi vil arbeida vidare med saka i 1986.





Barneombodet har óg bede om at barn- og ungdoms-avdelinga i NRK vurderer å laga eigne informasjonsprogram med tanke på barn. Det er viktig at også barn får følgja med i det som skjer i vårt eige land og elles i verda. Men det må gjerast på ein slik måte at barn har høve til å forstå og læra noko av programma.

Barneombodet har óg sagt at det **ikkje** må koma reklame i norsk TV og radio. **Dersom** det blir reklame, må den ikkje koma før kl. 21.00. Og Barneombodet meiner at dersom Norge skal få eit TV2, må den utvida sendetida mellom anna nyttast til fleire gode barne- og ungdomsprogram og til vaksen-program om barn. Når talet på kanalar aukar, blir det spesielt viktig at foreldre og barn kan ha «barnesikre» alternativ, så dei ikkje berre har valet mellom dårlege program eller å slå av.

«Barnesikre» tykkjer Barneombodet óg at bustader og institusjonar bør vera. Spørsmålet om å få reglar som kan hindra at barn bir skålda, dett utfor trapper og balkongar eller blir forgifta heime, er noko av det som Barneombodet gjorde framlegg om i 1985.

Familiesituasjonen

Ein tredjepart av alle saker som Barneombodet arbeide med i 1985 rørte ved ulike spørsmål om familiesituasjonen. Barneombodet må avvise alle saker som gjeld konfliktar i familien, anten det er konfliktar mellom barn og foreldre eller konfliktar foreldra imellom. Dei fleste saker vi arbeider med, gjeld problem som oppstår i samband med skilsmål eller separasjon; dei sakene som barna sjølve tar opp gjeld óg ofte problem som oppstår i samband med at foreldra flytter frå kvarandre.

Barneombodet har gjort framlegg om at barn bør ha sin eigen talsperson eller «advokat» i skilsmålssaker. Ofte kan konfliktane mellom dei vaksne vera så store at omsy-

net til kva som er best for barnet, ikkje kjem heilt klårt fram. Det er viktig å vera klår over at barn har ein sjølvstendig rett til samvære med b e foreldra, jamvel om desse ikkje lenger bur saman. Barn vil óg ha behov for samvære med alle besteforeldra sine ogs  etter at foreldra er skilde. Barn av skilde foreldre b r f a betre  konomiske k r, mellom anna ved at storleiken p  oppfostringsbidraget blir sett i samanheng med det som det faktisk kostar   ha barn p  ulike alderssteg.

Barneombodet tykkjer  g at permisjonsreglane for foreldre skulle bli betre, slik at barn kan ha ein av foreldra heime hos seg n r dei er sjuke, jamvel om det er meir enn 20 dagar i  ret. I familiar med fleire barn blir det ofte for lite med 20 dagars fri pr.  r n r barn er sjuke. Sysken blir sjeldan sjuke p  dei same dagane. Det b r  g bli slik at permisjonsreglane blir betre n r det t.d. kjem ein ny baby. Det er viktig at foreldre kan velja   vera heime s  lenge dei sj lve  nskjer det, - ikkje som i dag, d  mange foreldre av  konomiske grunnar m  ut i arbeid att.

Det er mange tilh ve som er viktige for korleis ein familie greier   l ysa oppg vene sine. Det har t.d. mykje p  seg for  konomien i familien kor mykje det kostar   bu. Om det finst barnehageplassar eller fritidsheim vil ha mykje   seia for korleis barna har det n r foreldra er p  jobben. N r det gjeld trivnaden, b de for barn og vaksne, vil det vera viktig om det finst trafikkfrie og trygge leikeplassar kring eller n r huset der dei bur. Den totale  konomien i familiane, detaljane i skattesystemet, storleiken p  barnetrygd og barnebidrag, alt dette er forhold som saman er viktige ved ei vurdering av familiesituasjonen.



Barn og planlegging


Korleis samfunnet blir planlagt har mykje på seg for barna. Om lag alle planar i ein kommune får på ein eller annan måte konsekvensar for barn. Dei treng t.d. trygge og bilfrie leikeområde, trygg skoleveg og stader der dei kan vera og møtast, som t.d. fritidsklubbar. Dei som planlegg må vita nok om barn og barns behov på ulike alderssteg. I kommunane bør det vera klårt fastlagt korleis behova hos barna skal koma klårt fram i all planlegging. Alle dei ulike planar og framlegg i kommunane burde få ein eigen del som syner kva verknad planen kan få for barn og unge. Dette er særleg viktig for di barn ikkje er med i kommunestyre og bygningsråd, og andre stader der dei vaksne avgjer korleis barn skal ha det. Dei som tar desse avgjerdene, veit ofte for lite om barn. Difor er det spesielt viktig at dei planane som blir laga, også tar med korleis saka verkar på barna.

Mesta halvparten av dei sakene vi arbeider med på dette området gjeld vegplanar, farlege skolevegar og trygg trafikk. Barn som har vendt seg til Barneombodet er opptatt av trafikkfarlege skolevegar og gode leikehøve der dei bur.

Det er óg viktig at barn sjølve tar opp saker der dei meiner at ting kan rettast på og bli betre på staden der dei bur. Dette kan skje ved at ein tar opp til drøfting slike saker på skolen/i klassen, med foreldra, i buretslaget, i idrettslaget, o.l. Det er fint om barn og foreldre kan gå saman om å betra t.d. på trafikkfarlege forhold.

Vi har i ei heil rad av saker gjort framlegg om tiltak for å gjera både skolevegar og bustad-område meir trafikktrygge. Vi tar med tal som syner t.d. kor mange barn som blir skadde eller drepne i trafikken kvart år. Vi skriv om mindre barn som ikkje kan klara seg i trafikken. Dei vaksne har her eit stort ansvar: Det er **dei** som må syta for at barn får trygge og bilfrie miljø å vera i. Saman med 16 ulike departement og organisasjonar laga Barneombodet i 1985 eit eige hefte om korleis trafikkmiljøet kan bli tryggare for barn. Der blir det peika på ulike tiltak som kan skapa tryggare trafikk, og det blir nemnt korleis ein skal gå fram i kommunane for å få slike tiltak sette ut i livet.

Dei røynslene som Barneombodet her har gjort, syner at det er vanskeleg og tungt å få gjennomslag for at det skal takast større omsyn til barn og deira behov og trygd når planar blir lagde. Difor har Barneombodet tidlegare vore inne på at det trengst å sikra barns interesser sterkare i sjølve lovverket, t.d. ved hjelp av ei eiga opvekstmiljø-lov for barn og unge. I den samanheng kan ein nemna at alle vaksne arbeidstakarar er sikra eit trygt arbeidsmiljø ved forskrifter i Arbeidsmiljølova. Dette har vi skrive meir om i årsmeldinga, del IV.



SAKER BARNEOMBODET ARBEIDDE MED I 1985

I 1985 arbeidde Barneombodet med i alt 798 saker. Nedanfor har vi laga ein tabell der du kan sjå kva type av saker Barneombodet arbeider med.

**Ulike typar saker i 1985 fordelte på saksområde.
Absolutte tal og prosent**

SAKSOMRÅDE	TAL PÅ SAKER	SAKER I PROSENT
1. Barn i spesielle livssituasjonar	163	20
2. Barnetilsyn og offentleg fritidstilbod	70	9
3. Skolesaker	128	16
4. Kultur/-forbruk	86	11
5. Familietsituasjonen	242	30
6. Barn og planlegging	98	12
7. Diverse saker	11	1
TOTALT	798	99

Som du ser av tabellen, er spørsmål og problem som knyter seg til familiesituasjonen, barn i spesielle livssituasjonar, og skolesaker dei område der Barneombodet har hatt flest saker i 1985.

DEL II

OVERSIKT OVER DET SOM BARNEOMBODET HAR ARBEIDT MED I 1985

Folk vender seg til Barneombodet både skriftleg og pr. telefon. I 1985 vart det registrert at 1.965 menneske vende seg til kontoret. Ser ein på verksemda i fireårs-perioden, har det tilsvarande talet lege på ikring 2.000 pr. år.

I 1985 var 3/4 (1.402) av desse kontaktane knytte til saker som Barneombodet arbeidde med. Vel 300 av dei kom frå organisasjonar/personar som ønskte informasjon om Barneombodet, eller ønskte at Barneombodet skulle vera med på kurs og konferansar som foredragshaldar om ulike tema som har med barn å gjera.

Elevar og studentar vende seg til kontoret med generelle spørsmål om situasjonen for barn, og liknande. I tillegg kom ei rekkje kontaktar av administrativ art, personalsaker, og spørsmål om økonomiforvaltning. Spørsmål vedrørande informasjon om barn, rettleiing av studentar, pressekontaktar, og administrative spørsmål blir ikkje registrerte som saker.



Talet på saker - sakstypar

På grunnlag av kontaktane lagar vi saker, som på ulike område tar opp situasjonen for barn. Ombodet tar óg opp saker på eige initiativ. Alle registrerte saker rører ved ulike spørsmål, store og små, i situasjonen for barn.

Barneombodet arbeidde i 1985 med 798 saker. I perioden 1981 - 1985 arbeidde ombodet med 3.211 saker. Talet på saker og verksemda i 1985 speglar ikkje det reelle behovet i vårt samfunn for å ta opp spørsmål vedrørande situasjonen for barn. Talet på saker, typar av saksbehandling og omfanget av denne behandlinga kan óg påverkast av arbeidskapasiteten ved ombodskontoret. Somme saker får ei mindre omfattande behandling enn det er ønskjeleg. Arbeidsfeltet spanar om heile spekteret av samfunnsområde, og har heile landet som nedslagsfelt. Difor må det liggja ei prioritering bak utvalet av dei saker ombodet arbeider mest med.

Av dei 798 sakene kontoret arbeidde med i 1985 var 670 einskildsaker, 92 prinsipsaker og 36 saker der ombodet vart bede om å gi ei høyringsfråsegn.

Barneombodet har heile landet som nedslagsfelt

Ikkje alle saker det er tale om kan stadfestast til eit fylke eller ein kommune. For dei prinsipielle sakene og høyringsfråsegnene er ei stadfesting ikkje aktuell.

Dette er som regel saker reiste av sentrale styringsmakter, landsomfattande organisasjonar, eller Barneombodet sjølv. I 18 saker var det ikkje kjent kva stad spørsmålet kom frå; talet på verkeleg stadfeste saker er difor 652.

Sakene kjem frå heile landet, men fordelinga er ujamn, slik det óg er ved andre sentrale kontor plasserte i Oslo. I underkant av halvparten av sakene kjem frå Oslo og Akershus. Også mellom dei saker som barna sjølve tok opp kom dei fleste frå Oslo og Akershus. Totalt kom vel 2/3 av sakene frå Austlandsområdet (jfr. tabell 3 i vedlegget). Ei av årsakene kan vera den geografiske plasseringa, som gjer kontakten lettare for folk i dette området. Ei anna årsak kan vera at Oslo og Akershusområdet har ei opphoping av problem som barn møter i vårt samfunn. Men Barneombodet har saker frå alle fylke i landet (sjå tabell 4 i vedlegget). Barneombodet vil gjerne motverka verknaden av den geografiske plassering. Difor vil telefonnummeret til Barneombodet frå 1986 bli trykt i alle telefonkatalogar i landet, på sida med «Andre viktige telefonar». Barneombodet legg óg med vilje stor vekt på å dekkja heile landet ved informasjons-, reise- og foredragsverksemda si.

Barn, vaksne, organisasjonar og styresmakter tar kontakt med Barneombodet

I 1985 vart 71 av sakene reiste av barn, dei fleste av barn i alderen 8 til 14 år. Dei som oftast tar kontakt med kontoret er likevel einskilde vaksne personar. Mesta 2/3 av sakene 1985 vart tatt opp av foreldre, besteforeldre eller andre vaksne. I tillegg er det fagfolk, organisasjonar, tilsette i ulike institusjonar og styresmakter som bed Barneombodet sjå på ulike sider ved oppvekstvilkåra for barn.

Dersom barn og vaksne skal koma til Barneombodet med det dei har på hjarta, er det avgjerande viktig at dei har kjennskap til det som ombodet driv med. Difor set ombodet informasjonstiltak høgt oppe på prioriteringslista si, som t.d. kontakt med dei ulike massemedia og pressa. I året 1985 har ombodet hatt ein ny og aukande pågang frå ulike nærradiostasjonar med ulike spørsmål om oppvekstvilkåra for barn. I gjennomsnitt bruker Barneombodet ca. 30 minutt kvar dag på kontakt med presse og radio.

Elles blir ei rekkje einskild-saker omtala i lokalpressa. Når kommunale styresmakter og liknande får fråsegner frå Barneombodet, blir dei gjerne samstundes sende til avisene på staden, så det skal bli kjent kva ombodet meiner i lokale saker. Etter byrået «Argus» vart Barneombodet i 1985 omtala i pressa 1.223 gonger. Dette er ein auke frå 1984, - ein auke som er viktig også for di omtalen no, i motsetning til dei første åra, helst gjeld innhaldet i saker, ikkje så ofte Barneombodet som instans. (Sjå punktet om Barneombodet og massemedia, s.).

Saksområdet for Barneombodet spanar over eit breitt felt, og dekkjer alle sektorar i samfunnet

Barneombodet arbeider ikkje, som dei andre ombod, ut frå ei lov eller eit avgrensa sett av lover, men skal ta opp mesta alle problem som rører ved barn. Arbeidet omfattar med dette svært mange sektorar, alle forvaltningsnivå, og store delar av lovverket. Endringar innanfor svært mange delar av samfunnet kan på ein eller annan måte få konsekvensar for barn og unge.

Kontoret har delt saksområda inn i 7 hovudsaksområde. Saksområda omfattar prinsipp saker såvel som ein-skildsaker. Jamvel om saksområda ikkje er endra sidan 1982, viser det seg no at særleg dei større prinsipp sakene kan røra ved fleire område. Dette er eit utslag av at prinsipp sakene aukar i omfang og blir meir og meir komplekse. Like fullt blir dei klassifiserte innanfor det saksområdet som er hovudsaka.

1. Barn i spesielle livssituasjonar gjeld barn/unge i institusjonar (barneheim, fengsel, sjukehus e.l.) og barn som for stuttare eller lengre tid bur i fosterheim. Barn med spesielle behov/vanskar i vanleg livssituasjon er ikkje tatt med, idet dei blir klassifiserte innanfor det saksområdet der vansken oppstår.

163 saker i 1985.

463 saker i 1981 - 1984

626 saker i alt.

2. Barnetilsyn og offentleg fritidstilbod gjeld barnehagar, barneparkar, private tilsynsordningar, fritidsheimar og fritidsklubbar.

70 saker i 1985.

197 saker i 1981 - 1984

1.267 saker i alt.

3. Skolesaker omfattar konflikter i skolen, skolenedlegging, skoleskys og skoleveg, og tilrettelegging av forholda for elevar med spesielle behov.

128 saker i 1985.

375 saker i 1981 - 1984

503 saker i alt.

4. Kultur og forbruk gjeld mellom anna massemedia som kulturtilbod for barn/unge og om farlege produkt.

86 saker i 1985.

280 saker i 1981 - 1984

366 saker i alt.

5. Familiesituasjonen omfattar skilsmåls-problem, økonomien i familien, permisjonsrettar for foreldre etter fødsel og når barn er sjuke, konflikter med grannar i bumiljøet, o.a.

Jamvel om dette er det største saksområdet reint etter talet, blir i underkant av halvparten av desse sakene avviste (jfr. § 3 i instruksen for Barneombodet).

242 saker i 1985.

685 saker i 1981 - 1984

927 saker i alt.

6. Barn og planlegging omfattar detaljplanlegging i kommunar, så som planlegging av bustadsområde og spørsmål i samband med etablerte område såvel som oversiktsplanlegging i kommunar, fylke o.a. Trafikkplanlegging og trafikkproblem er sentrale tema.

98 saker i 1985.

330 saker i 1981 - 1984

428 saker i alt.

7. Diverse saker er småsaker som ikkje passsar inn i dei andre gruppene

11 saker i 1985.

83 saker i 1981 - 1984

94 saker i alt.

Barn tar opp saker på alle område, men mest saker som rører ved familiesituasjonen, og skolesaker

Som det går fram av tabell 10 i vedlegget tar barn opp saker og problem innanfor alle saksområde. Barn tok opp 71 saker med ombodet i 1985. Barn har vore særleg opptatt av spørsmål som knyter seg til familiesituasjonen, t.d. dei rettar barn har i forhold til foreldra. Heile 21 saker er her tatt opp av barn. Barn tok opp 15 skolesaker i 1985, ein mindre nedgang frå 1984, då dette var det største området.

Det er særleg barn i skolealderen som vender seg til Barneombodet. Mindre barn kan ikkje så lett ta opp sine problem, men Barneombodet får telefonar og brev også frå barn som har det spesielt vanskeleg. Det var i 1985 fleire barn i spesielle livssituasjonar som vende seg til ombodet enn året før, dei utgjorde 17% av barnekontaktane mot 9% i 1984.

Dei fleste sakene er einskildsaker som blir avslutta før året er omme.

Barneombodet deler sakene inn i tre sakstypar:

A. Einskildsaker som rører ved eitt barn eller ei avgrensa og definert mindre gruppe barn, t.d. forholda på ein einskild skole eller i eitt bestemt burettslag.

670 saker i 1985

2.069 saker i 1981 - 1984

2.739 saker i 1981 - 1985.

B. Prinsippsaker er meir omfattande og har meir generell karakter. Dei rører ved større grupper av barn eller alle barn innanfor ei aldersgruppe eller eit større område.

91 saker i 1985.

260 saker i 1981 - 1984

351 saker i alt

C. Høyringsfråsegner. Barneombodet er lovfest høyringsinstans, og får difor ei rekkje offentlege utgreiingar og rapportar til fråsegn. Ombodet prioriterer høyringsarbeidet høgt.

37 saker i 1985.

84 saker i 1981 - 1984

121 saker i alt.

Dei aller fleste sakene er einskildsaker. Mange av dei kan greiast opp alt ved den første telefonkontakten.

Særleg gjeld dette spørsmål vedrørende konflikhtar innanfor familien, som Barneombodet etter sin instruks skal avvise. Der er òg ei rekkje saker som kan visast til ein annan instans, anten ved at ombodet sjølv oversender saka, eller gir den spørjande opplysning om kva instans som er rette vedkomande. (Sjå tabell 13 til 16 i vedlegget).

Dei aller fleste av einskildsakene (84%) vart avslutta i det året då dei kom inn, somme ved at dei vart overførde/slått saman til prinsippsaker. Saker som er til restanse i 1986 er i hovudsak prinsippsaker som har blitt så store og komplekse at det naturleg vil ta tid å avslutta eller få ei avklåring på dei. Somme av høyringssakene har frist i 1986 og er dermed også restansar.



Ombodet tar opp alle saker som kjem til kontoret

Ombodet kan etter sin instruks behandla saker på ulike måtar, anten ved å avvise (§ 3), visa til annan instans (§ 4), leggja bort (§ 5) eller realitetsbehandla, dvs. avgi ei konkret fråsegn og ta stilling til eit konkret problem eller spørsmål.

Barneombodet avslutta 671 saker i 1985, av dei 589 einskildsaker, 53 prinsippsaker og 29 høyringsfråsegner. Av einskildsakene vart 131 saker avviste, 162 saker viste vidare til annan instans, 200 saker bortlagde; i 96 saker gav Barneombodet ei fråsegn som tok stilling i den aktuelle sak. Som før nemnt blir det òg arbeidt vidare med problemstillingar frå einskildsaker når desse blir overførte til prinsippsaker.

Psykologisk og juridisk rådgiving og rettleiing tar mykje tid

Alle saker blir behandla. Same kva form behandlinga tar, blir det i skiftande grad lagt arbeid på kvar einskild sak. Før saker blir avviste, blir det ofte gitt utførlege råd, psykologisk og juridisk. Vidare blir det gitt informasjon om rettar, lovforklaringar, andre hjelpeinstansar o.l. Når ombodet finn det rett å visa til andre, blir det vist til nyttig

materiale; det blir gitt opplysning om hjelpeinstansar, kommunal saksgang, og moglege løysingar som kan bli aktuelle.

Barn vender seg ofte til Barneombodet som første kontakt med eit offentleg organ. Dette er ein av grunnane til at mange av desse barna blir viste vidare til andre instansar. Mange av barna vender seg til ombodet med konkrete spørsmål der dei har behov for ulike former av informasjon. Etter at informasjon er gitt, blir saka bortlagd. Barna får i saker av denne typen råd om å ta opp saka med foreldra, skolen, andre hjelpeinstansar, eller ulike kommunale etatar. Eventuelt bed vi dei venda seg til Barneombodet på nytt om dei treng meir hjelp, eller for å fortelja korleis det går med saka. I einskilde tilfelle er det og Barneombodet sjølv som oversender saka eller tar kontakt med ein annan instans på vegner av barnet eller barna. (Sjå tabell 20 i vedlegget).

Ombodet legg saker bort anten for di vi ikkje har fått nok materiale i saka, eller for di vi må gi andre spørsmål høgare prioritet

Dersom ei sak blir lagd bort, er grunnen som regel at Barneombodet ikkje har fått nok materiale frå den som reiser saka til å kunna arbeida vidare med ho. I 1985 vart 75 saker bortlagde av den grunn. Det hender at kontakten resulterer i informasjon eller råd som har gjort det moglege å løysa problemet; i andre tilfelle har det ikkje lykkast å skaffa fram det materiale ein ønskte. Arbeidsmengda på kontoret tvingar ein óg til å prioritera saker. Einskildsaker med dei mest vanlege eller mindre alvorlege problemstillingar blir difor no bortlagde etter ei stuttare behandling (Tabell 21 i vedlegget), eller blir overførte til prinsipp sak.

Ombodet uttaler seg skriftleg til ulike instansar

Over halvparten av dei einskildsaker som Ombodet uttala seg om i 1985, avdekte kritikkverdige forhold eller problem som burde kunna løysast på ein måte som var betre for barna enn før. (Tabell 22 og 24 i vedlegget).

Tanken med fråsegnene frå Barneombodet er å få ulike instansar til å retta på forhold som skaper problem for barna. Fråsegnene peikar i hovudsak på korleis interesser og behov hos barna betre kan ivaretakast i behandlingsprosessen i den einskilde sak, men óg i den totale planlegging som skjer på lokalt plan.

Fråsegnene frå Barneombodet byggjer på ei samla vurdering av den konkrete einskildsak, sett i lys av den kunnskap som finst om behov og interesser og åtfærd hos barn, kunnskapen om det omfang problema har i Norge, og verknadene og resultatene av ulike typar tiltak. Den som vender seg til ombodet, og andre med, kan difor ofte bruka fråsegnene ikkje berre i forhold til den konkrete sak, men óg i samband med andre og liknande saker.

Det er særleg kommunale styresmakter ombodet vender seg til. Når Barneombodet gjer framlegg om konkrete

te alternative løysingar, er dette like mykje for å gi grunnlag for debatt. Barneombodet kan ikkje kjenna alle lokale forhold, men trur at ein debatt om alternativ kan gi ei betre løysing for barna enn ei saksframstilling med berre eitt alternativ.

Over halvparten av alle fråsegner i einskildsaker vart retta til kommunale og fylkeskommunale organ. (Tabell 24 i vedlegget).

Arbeidet med prinsipp sakene blir prioriterte; einskildsakene er utgangspunktet for dette arbeidet

Barneombodet har, heilt sidan stillinga kom til, arbeidet med ei rekkje einskildsaker. Dei gir ein brei oversikt over dei problem og spørsmål som barn sjølve er opptatt av, og som fagfolk, politikarar, organisasjonar og andre vaksne meiner at Barneombodet bør engasjera seg i. Einskildsakene er ein viktig føresetnad for prinsipp saker, og gir ofte grunnlaget for dei. Av den tid og arbeidskapasitet som kontoret rår over går ein stendig aukande del til prinsipielle problemstillingar, som gjeld større grupper av barn og meir generelle sider ved barns oppvekstmiljø. Einskildsakene krev óg mindre tid etter kvart som kontoret får meir røynsle. Sjølv om kontoret behandlar fleire einskildsaker no enn det gjorde i 1981, blir desse sakene mindre tids- og arbeidskrevjande i dag enn då.

Prinsipp sakene er tidkrevjande, mange er kontinuerlege arbeidsoppgåver

Ombodet tok i 1985, ut frå einskildsaker eller på eige initiativ, opp 91 prinsipp saker. Dei galdt t.d. generelle framlegg om lovendingar, retningslinjer, nye økonomiske ordningar, forskingsprosjekt o.l.

I nakne tal kan prinsipp sakene synast å vera ein smålåtten del av arbeidet åt Barneombodet, 11%. Men prinsipp sakene har blitt stendig meir kompliserte og omfangsrike, mellom anna for di mindre prinsipp saker blir kobla saman til færre større saker. Desse krev difor ei omfattande saksbehandling, som både tar tid og fagleg arbeidskraft.

Mange av prinsipp sakene blir kontinuerlege arbeidsoppgåver, som går over fleire år. Fleire av dei større prinsipp sakene tok ombodet opp alt i 1982 og 1983. Dette gjeld t.d. «Barn og massemedia», «Behov for ei eiga oppvekstmiljølov for barn» og «Tiltak for å førebyggja barneulykker».

Når fleire prinsipp saker som rører ved same saksområde blir kobla saman til større laupande prinsipp saker, blir «underleggjande» prinsipp saker bortlagde. Bortleggjing er difor ei vanleg behandlingsform for prinsipp saker (sjå Tabell 19). Problemet eller saka blir like fullt behandla ved kontoret, men er av praktiske grunnar kobla saman med andre og tilgrensande spørsmål.

I 35 av dei 53 prinsipp sakene som vart avslutta i 1985 gav ombodet ei fråsegn, og kom med framlegg til prinsipielle løysingar på dei ulike saksområde. Del III i årsmeldinga gir ei skildring av det arbeid som ombodet har lagt på større prinsipp saker, og kva for hovudsaker det vart arbeidd med i 1985.

Ombodet legg stor vekt på høyringsfråsegnene

I 1985 hadde ombodet 35 høyringssaker og avgav 21 høyringsfråsegner. I Del V finst ein oversikt over alle høyringsfråsegner som er avgitt sidan 1982. Innhaldet i høyringsfråsegnene i 1985 er i hovudsak referert i Del III.

Barneombodet har lovfest plikt til å bruka høyringsfråsegner som arbeidsreiskap og verkemiddel. Ombodet prioriterer arbeidet med høyringsfråsegner høgt, då dei i hovudsak gjeld prinsipielle spørsmål som i ulik grad og på ulike måtar rører ved forhold som gjeld svært store grupper av barn og unge.

Føremålet med fråsegnene frå ombodet er å få fram kva konsekvensar ulike framlegg får for barn/unge. Fråsegnene byggjer på røynsler som ombodet har gjort under arbeidet med dei mange einskildsaker og dei prinsipielle spørsmåla. Vidare har fråsegnene ein tverrfagleg synsvinkel, basert på kunnskap om «vanlege» barn og barn med spesielle behov, og på sosiologisk og juridisk fagkunnskap. Fråsegnene inneheld ofte ein oversikt over kunnskap og forskning som finst på det aktuelle området når det gjeld barn. Barneombodet kan òg dra inn kunnskap frå andre, t.d. hos medlemene av Rådet. Ombodet er vidare opptatt av å peika på dei område der vi i dag har for liten kunnskap, og der det trengst å henta inn ny kunnskap.

Barneombodet har gjort den røynsla at det stendig er behov for lett tilgjengeleg materiale om barn og unge og deira situasjon. Høyringsfråsegnene tar sikte på å vera lette å lesa og forstå; dei skal kunna spreia til ei rekkje instansar, t.d. planleggjarar, fagfolk, politikarar, undervisningsstader, fagtidsskrifter og presse.

Røynsla og etterspurnaden har vist at fleire av fråsegnene blir mykje brukt av instansar som arbeider for barn, og i undervisningssamanheng. På denne måten har høyringsfråsegnene frå ombodet eit større nedslagsfelt enn mange andre.

Informasjon om barn og unge og om Barneombodet er viktige arbeidsoppgåver

Ei av hovudmålsetjingane for arbeidet åt Barneombodet er å styrkja barns interesser i samfunnet. Sentralt i den samanhengen blir det å spreia kunnskap om barn til grupper i samfunnet som har makt og innverknad, som t.d. planleggjarar og administratorar, og til politikarar som viktige fordelarar av ressursane. Barn er den gruppa i folket som ikkje har høve til å vera med i vedtak og avgjerder. Berre i liten grad kan dei ivareta og fremja sine egne interesser. Barn er difor avhengige av å ha talsper-

sonar i alle delar av forvaltingsapparatet og i sentra for utdanning. Skal barn få sterke personar til å tala for seg er det ein viktig føresetnad at det blir spreidd kunnskap om barn og deira interesser. I tillegg til høyringsfråsegnene og dei prinsipielle fråsegnene som barneombodet gir, prioriterer kontoret informasjonsarbeid og opplysningsarbeid via foredrag, og kontakt med massemedia, styresmakter og organisasjonar.

Når Barneombodet i det heile kom til, var det for di det blir forstått at barn treng personar til å tala si sak. Difor er det òg viktig å spreia kunnskap om at ombodet er til, kva mynd og arbeidsområde det har, og kva røynsler som arbeidet gir til kvar tid.

Titt og ofte kvart år blir barneombodet bede om å halda foredrag om ulike sider ved situasjonen for barna. Ombodet ser det som ei sentral oppgåve å driva informasjonssarbeid slik, og viser i den samanheng til Lov og instruks for barneombudet § 3 e, der det heiter:

«Ombudet skal særlig følge med i at det gis tilstrekkelig informasjon til det offentlige og private om barns rettigheter og tiltak de har behov for».

Kontoret har ikkje i dag kapasitet til å imøtekoma alle spørsmål om å halda foredrag. Ombodet prioriterer å halda foredrag for grupper som er samansette tverrfagleg og/eller tverrgeografisk, og grupper av teknisk personell og planleggjarar som tradisjonelt ofte har liten kunnskap om barn. Det er vidare sentralt at foredragsverksemda blir spreidd så mykje som mogeleg geografisk, ikkje minst for di ombodet på denne måten held kontakt med ulike grupper og får kjennskap til ulike miljø som barn lever i.

I 1985 heldt Barneombodet 55 foredrag og staben elles 5. Tilsaman var 7.000 til 8.000 personar til stades på dei ulike møte. Gjennom foredragsarbeidet har ombodet i året 1985 gjefta 26 kommunar i 14 fylke.


I fireårs-perioden har folk frå kontoret halde 257 foredrag og etter laust overslag nått ut til godt over 20.000 personar på denne måten. Barneombodet har personleg halde meir enn 90% av foredraga, og har på denne måten vore i alle fylke i landet og meir enn 80 kommunar.

Massemedia legg for dagen stor interesse for Barneombodet

Barneombodet har det siste året arbeidd aktivt i forhold til pressa, og prøver gjennom ulike media å spreia kunnskap om barn og inspirera til debatt om situasjonen for barna.

Svært mange av einskildsakene som kjem inn til Barneombodet blir tatt opp i lokalpresse og/eller lokalradio. Det har likevel synt seg å vera noko vanskelegare å få ei brei dekking av saker av meir generell karakter som ombodet har tatt opp.

Barneombodet vart altså omtala 1.223 gonger i pressa i 1985. I året har ombodet ikkje vore med i større fjernsynssendingar. Dette er lite gledeleg, då fjernsynet når ut



til store grupper av folket (også barn) som annan informasjon ikkje når fram til. For å gi barn kunnskap om Barneombodet ville det vera viktig å kunna nå ut gjennom programpostar for barn og unge. Barneombodet vil difor freista å auka og styrkja kontakten med fjernsynet i tida som kjem.

Informasjon til barn er viktig

Barnegenerasjonane skifter fort. Barn les ikkje aviser på same måten som vaksne, og legg ikkje så lett merke til omtale av det Ombodet steller med. Kunnskapen om Barneombodet må vera «fersk» dersom barn skal kunna bruka ombodet når dei treng det. Det er difor behov for kontinuerleg informasjon til barn.

Informasjon til barn kan velja ulike vegar. Når Barneombodet held foredrag, har det somme stader hendt at avisa eller radio på staden fekk i stand ein lokal barnetelefon, der Barneombodet svara på spørsmål eller anna frå barn. Omtale i lokalavisa gir nyttig informasjon om Barneombodet, og om saker som barna sjølve er opptatt av.

Informasjon til skolane er ein annan viktig måte når det gjeld å få barna i tale. I 1985 sende ombodet eit avstytt utdrag av årsmeldinga si til alle grunnskolar i landet. Vidare sende vi ut ein eigen plakat med informasjon om Barneombodet. Arbeidet vårt med å auka kunnskapen om dei rettar barn har, resulterte i 1985 i ein brosjyre om «Barns rettar og plikter». Brosjyren vart trykt i 110.000 eksemplar, og er mellom anna distribuert som klassesett til alle grunnskolar i landet. Interesse for dette materialet har vore så stor at brosjyren vil bli trykt opp i nytt opplag i 1986.

Brosjyremateriell, plakat og årsmelding gir viktig informasjon

Det er i fireårsperioden utarbeidd informasjonsbrosjyrrar med sikte på både barn og vaksne om det Barneombodet kan gjera og dei arbeidsoppgåver det har. Brosjyrrane blir spreidde kvart år til skolar, organisasjonar, foreningar og einskilde personar. Informasjonsmaterialet finst både på bokmål og nynorsk.

I tillegg legg ein vekt på at årsmeldinga frå Barneombodet skal kunna brukast som utgangspunkt for diskusjonen om situasjonen for barna i samfunnet. Dette er årsaka til at årsmeldinga kvart år inneheld eit generelt tema om barn, jfr. Del IV nedanfor.

I samband med årsmeldinga for 1984 vart det óg laga eit eige opptrykk av samandraget spesielt med sikte på barn og unge. Dette samandraget vart trykt opp i 12.500 eksemplar. Sjølve årsmeldinga vart trykt i 2.500 eksemplar.

Barneombodet distribuerer årsmeldinga si til Stortinget, alle departement og andre offentlege etatar, fylkesmenn, kommunar, biblioteka ved ei rekkje høgskolar, og til kommunebiblioteka, avisene m.fl.

Samarbeid med organisasjonar og styresmakter er viktig

Ombodet arbeider aktivt for å få i stand eit samarbeid mellom ulike organisasjonar og styresmakter som har å gjera med ulike sider av oppvekstsituasjonen for barn.

I 1985 tok Barneombodet initiativ til å skunda på samarbeidet på område der lite skjer, eller til å få i stand kontakt mellom instansar som Barneombodet meiner burde ha nytte av å ha kontakt med kvarandre. Som døme kan ein nemna:

- I 1985 avslutta ein arbeidet med heftet «Gjør trafikkmiljøet sikrere». Det var eit samarbeid mellom 17 departement og organisasjonar, der Barneombodet spela ei sentral rolle som koordinator og uavhengig samlende instans.
- Kartlegging av barns situasjon, tilbod og behov i sommarferien på skolane. I dette arbeidet er det etablert ei arbeidsgruppe med representantar for Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, Kultur- og vitskapsdepartementet, Sosialdepartementet og Barneombodet, og med Kyrkje- og undervisningsdepartementet som observatør.
- Barneombodet er engasjert i å få flytta Dagsrevyen til eit seinare tidspunkt på kvelden. I dette arbeidet er det etablert kontakt med mellom anna 60 - 65 friviljuge og humanitære organisasjonar.

Barneombodet har gjort den røynsla at koordinering og samarbeid på tvers av dei ulike faggrupper og sektorar for å betra oppvekstkåra for barn er ei fruktbar arbeidsform.

Å ta initiativ til samarbeid og kontakt mellom instansar som arbeider for og med barn har i aukande grad blitt ein praktisk og brukeleg metode i arbeidet åt Barneombodet. At ombodet har ei uavhengig stilling har vist seg å vera ein nyttig føresetnad i denne samanhengen.

Nyttar det?

Barneombodet får ofte, særleg i samband med foredrag, spørsmål om resultat, om vi «når fram». Slik Barneombodet ser det, er det vanskeleg å finna noko mål på verknaden av det ombodet tar seg til. Ingen har hittil gjennomført ei systematisk evaluering av arbeidet vårt. Vårt inntrykk er at det Barneombodet hevdar som si meining i hovudsak blir tatt alvorleg, at det blir vurdert og lagt vekt på også i dei tilfelle der resultatet blir eit anna enn den konklusjon som Barneombodet hadde kome til. Når ombodet vender seg til kommunale forvaltningsorgan, tvingar det seg fram eit behov for å sjå saka også frå barna sin synsvinkel. Reaksjonar og signal frå dei som vender seg til oss tyder på at vårt engasjement kan gi saka vidare dimensjonar ved at situasjonen og rettane åt barna har kome «på dagsordenen».


Barneombodet får lite opplysning om resultat og utfall i dei fleste saker som blir tatt opp med kommunane. Kontoret har ikkje sjølv kapasitet til å granska dette. I fråsegner til kommunar og andre bed vi om å få vita utfallet av saka, men får sjeldan noko svar. Gjennom presseklipp

får vi einiskilde gonger visst resultatet, men berre dersom ombodet er nemnt, t.d. i referat frå eit kommunestyremøte.

Jamvel når ei sak er løyst i tråd med det som Barneombodet hadde rådt til, er det ofte vanskeleg å finna kor mykje ei fråsegn frå Barneombodet har hatt å seia. Fråsegner av dette slaget kan óg ha verknader på lenger sikt, på framtidig saksbehandling og diskusjonar lokalt, noko som det er svært vanskeleg å få greie på.

Når det gjeld dei meir prinsipielle spørsmål som Barneombodet arbeider med, er det til vidare spesielt vanskeleg å vurdere resultata av dette arbeidet. Konkrete framlegg til lovendingar er enno berre eit stykke på veg ferdigbehandla i departement, stortingskomitear og Storting. Kva vekt ein i denne samanhengen skal leggja på fråsegner og framlegg frå Barneombodet, i forhold til andre instansar, er det óg vanskeleg å vita.

Høyringsfråsegner blir, som før nemnt, brukt i mange andre samanhengar, t.d. i lokalforvaltninga, av lokale organisasjonar, og einiskilde personar.



DEL III

SAKER OG SAKSOMRÅDE

Barneombodet har altså delt opp arbeidsfeltet i følgjande hovudsaksområde:

- a. - barn i spesielle livssituasjonar
- b. - barnetilsyn og offentlege fritidstilbod
- c. - skolesaker
- d. - kultur og forbruk
- e. - familiesituasjonen
- f. - barn og planlegging
- g. - diverse (småsaker som ikkje lar seg innpassa i dei andre gruppene).

Nedanfor skal vi gi ein oversikt over dei ulike saksområde med diagram over fordelinga av saker innanfor saksområdet i 1985. Det vil òg bli skildra kva prinsipielle spørsmål Barneombodet har arbeidd med og arbeider med innanfor dei ulike saksområde. For å illustrera det arbeid ombodet gjer med dei ulike sakene vil vi òg presentera døme på einskilde saker og prinsipp saker.


a. BARN I SPESIELLE LIVSSITUASJONAR.

Ein vanleg livssituasjon for eit barn er at det har dagleglivet sitt i familien, og tar del i nærmiljøet på ulike måtar, som t.d. i skolen, i barnehage, og i ulike organisasjonar. Barn i det som vi her kallar «spesielle livssituasjonar» bur som regel ikkje i eigen familie, men er for stuttare eller lengre tid i institusjon (barneheim, sjukehus, spesialinstitusjon, fengsel). Dersom barn bur i eigen familie, men er utsett for ulike former av mishandling, blir dette og rekna som eksempel på ein spesiell livssituasjon. Å bu hos fosterforeldre er ein spesiell livssituasjon som illustrerer at ein slik situasjon òg kan vera verdifull og god for eit barn. Barn som korkje bur heime eller på institusjon (t.d. gatebarn) høyrer òg med her.

Saker innanfor dette området omfattar mellom anna verksemda åt barnevernet i vid forstand. Vi har òg behandla saker om barns forhold til dei ulike tilbod frå helsestellet, helseilstanden hos barnet, og ulike problemstillingar av generell karakter som har å gjera med språklege minoritetsgrupper (t.d. samiske barn, innvandrarbarn).

Saker som ulike grupper av barn møter i forhold til t.d. skolen, barnehagen, trafikkproblem, leikeareal i nærmiljøet osv. blir behandla under det saksområdet der problema oppstår.

I 1985 arbeidd Barneombodet med 163 saker om barn i spesielle livssituasjonar. I fireårsperioden har kontoret arbeidd med 626 saker på dette saksområdet. Sakene i 1985 fordeler seg rundt følgjande problemstillingar:



Talet på saker på dette området har auka sidan Barneombodet vart skipa. (Jfr. tabell 25 i vedlegget). 12 av sakene vart tatt opp av barn. Det galdt då saker vedrørande ulike former for barnemishandling, og problem knytte til det å vera på barneheim eller i fosterheim.

Denne stutte oversikten over problemstillingar som vi arbeider med er ikkje uttømmende, men er meint som eksempel for å gi eit inntrykk av kor mangfaldig og kompleks denne sakgruppa er. I det følgjande vil vi gi eksempel på ei einskildsak, prinsipp saker i 1985, ei prinsipp sak som har vore under arbeid 1982-1985, og ein oversikt over høyringsfråsegner innanfor saksområdet i 1985. Somme av problemstillingane som finst i dei andre saksområda kunne òg ha vore nemnde her, t.d. barn på sjukehus etter skadar og ulykker (i bustad eller trafikk). Desse er klassifiserte respektive under saksområdet «Kultur og forbruk» og «Barn og planlegging».

Eksempel på ei einskild-sak

For å illustrera noko av det som barn sjølve opplever og er opptatt av følgjer **eitt** konkret eksempel på ei ein skildsak som Barneombodet arbeidd med i 1985.

I juni 1985 skreiv 16-årige A til barneombodet. Ho fortalde om bakgrunnen sin og om den vanskelege situasjonen ho var i. Sidan 7-års alder hadde ho vore i fosterheim i kommune X. Foreldra, som var frå ein annan kant (kommune Y) av landet, var ikkje den gongen skikka til å ha omsorga for ho. I 1984 var A blitt gravid. Dette var eit sjokk og ho hadde vore djupt fortvila.

Då A skreiv til Barneombodet, tok vi kontakt med sosialsjefane i X og Y. Dei var samstemte i sin konklusjon. Fosterheimen i X kalla dei ressurs-veik, og det vart sagt at denne heimen ikkje ville blitt godkjend i dag. Dette måtte ein vidare sjå i samanheng med det nye barnet, som stilte ytterlegare krav til fosterheimen. I samband med tilråding om fosterheimsomplassing utanfor bygda vart det særleg peika på at A hadde hatt omgang jamt med ein mann i 50-60 års alder; ein rekna med at han kunne vera far til barnet. Det vart samtidig vist til at A var blitt

gravid før ho nådde seksuell lågalder. Det vart vidare peika på at A hadde få vener og levde eit nokså isolert tilvære.

A sjølv var slett ikkje samd i dette. Ho fortalde at ho var aktivt med i idrettslaget, og at ho hadde fått mykje støtte og forståing frå jamaldringar. Etter barnevernslova ligg den endelege avgjerda hos barnevernsnemnda i omsorgskommunen (Y). I denne saka var det sterk usemje mellom hjelpeapparatet på den eine sida og klienten på den andre. Etter oppmoding frå Barneombodet fekk A oppnemnt eigen advokat. Sitt vidare engasjement freista Barneombodet å halda på eit generelt nivå, slik at ombodet, utan å ta konkret stilling til den endelege løysing, la vekt på saksbehandlninga.

Barneombodet presiserte at A sjølv hadde vesentlege rettar, og at hennar meining måtte vega tungt ved avgjerda om framtidig omsorgsalternativ. Det vart m.a. vist til barnevernslova § 54 (med klagerett og rett til å reisa sak), barnelova § 31 og 33 (med- og sjølvavgjerdrett for barnet) og § 16 i forvaltningslova (varslingsplikt og uttalerett). Ølv at ho ville bu der ho hadde butta det meste av sitt liv, medan sosialetaten meinte det ville vera betre å flytja ho bort frå oppvekstmiljøet. Omsynet til det nye barnet vart og tatt med i denne vurderinga. A skulle halda på barnet.

Barneombodet viste i brev til Y kommune til § 27 i barnevernslova (om plassering kan berre skje av omsyn til velferda åt barnet). Utgangspunktet måtte vera å finna fram til eit alternativ som samla kunne forsvarast som det beste såvel for barnet som for A. Det misnøyet som eit påtvinga alternativ kunne føra til hos A kunne bli formidla vidare til barnet, og slik sett heller ikkje bli til beste for dette barnet. I samsvar med ønsket hos A slo Barneombodet på at ein kunne styrkja fosterheimen i X eller alternativt ein annan fosterheim innanfor same kommunen.

Det var tenkjeleg at sosialetaten ut frå sin lokalkjennskap hadde motforestillingar som Barneombodet ikkje kjende til. Dei burde i så fall utgreiast klårare og leggjast fram for A. Framlegget om å flytja A til ei anna bygd var såpass drastisk at ein måtte gi overtydande grunnar for det, ikkje minst for A. Før flytting mot hennar vilje kom på tale burde det kunna påvisast spesifikke skadeverknader, eventuelt at A (og/eller det nye barnet) vart utsett for ein kvalifisert risiko ved å bli buande i X.

Det endelege utfallet i saka vart slik A ønskte. Ho fekk bu i X kommune, vart skaffa ein brukande bustad, og omsorgskommunen Y gjorde vedtak om støttkontakt, etableringsbistand m.m.

med høyringsfråsegn frå Barneombodet til den nye «Lov om sosiale tjenester m.v.» våren 1986.



Barnevernet har mange stader reint for lite mannskap. Dette gjer at barnevernssakene ikkje alltid blir behandla på ein fullt ut forsvarleg måte. I både store og små kommunar aukar barnevernssakene både i tal og omfang. Einskilde kommunar har store problem når det gjeld å skaffa kvalifisert personale til dei stillingar dei har. Ressursane er så knappe at det også går ut over dei plikter barnevernet har til å arbeida med førebyggjande barnevern og oppvekstmiljøet for barn reint generelt, jfr. § 1 i Barnevernslova. I barnevernssaker kan det difor bli tilfeldig med ivaretakinga av rettstryggleiken for barn.

- BEHANDLINGA I PRESSA AV BARNEVERNSSAKER har fått meire merksemd i det siste året. Barneombodet har mellom anna reagert på at pressa bruker namn og bilete av barn som er innblanda i dei ulike sakene.

Pressa behandlar ofte barnevernssaker på ein einseitig og tilfeldig måte, og tar ikkje nok omsyn til barna. Presentasjonen av slike saker i pressa gir ofte berre synet på saksforholdet hos den eine parten, og skader i utrengsmål til litten til barnevernet. Reportasjane «stemplar» eller «henger ut» barn, særleg ved bruk av fotografi og/eller namn.

I 1985 arbeide Barneombodet med å førebu ei prinsipiell sak til Pressens Faglige Utvalg på bakgrunn av ei rekke avisoppslag, både i laussalsavisene og i lokale aviser rundt om i landet. Saka vil bli fremma tidleg i 1986.

- FORHOLDA FOR UNGE INNSETTE var også i 1985 eit viktig tema for arbeidet åt Barneombodet. I ulike samanhengar har ombodet peika på behovet for å lyfta den kriminelle lågalderen, og å betra forholda for unge innsette. Barneombodet vil peika på at det kvart år blir varetaktsfengsla 20 - 30 fjortenåringar og 150 - 200 femtenåringar.



«Kriminalitetsstatistikken» syner at tilsaman 111 ungdomar i alderen 14 til 17 år vart dømde til vilkårslaus fengselsstraff i 1983. Folk har gitt Barneombodet opplysningar som tyder på at barn i norske fengsel ikkje får relevant undervisning, eller godt nok tilbod om helsebehandling (særleg psykiatri). Forholda er vanskelege og

Prinsippsaker i 1985

Sentrale prinsippsaker innanfor dette området var:

- SITUASJON, MANDAT OG OPPGÅVER FOR BARNEVERNET. Dette er ei sak som Barneombodet har vore engasjert i sidan 1981. I 1985 vart ulike sider ved barnevernet tatt opp i ei rekkje foredrag. Framlegg om å gi barn betre rettar og større rettstrygd vil bli tatt opp i samband

lite fullnøyande også i den tida varetektsfengslinga varer. Barn og unge kan bli sitjande i varetekt over lang tid, og får då stundom avgrensa besøk av familie og vener, t.d. ein gong pr. veke.

For mange innsette er slike tilstand ei ekstra tyngsle, i tillegg til dei problem som desse barn og unge alt har. Barneombodet har peika på kor viktig det er å utvikla alternativ til fengsel, og å styrkja behandlingstilbodet for unge lovbyrtarar. Skort på alternativ og skort på behandlingstilbod er eit av hovudproblema, og ei årsak til at så mange barn og unge blir fengsla kvart år i vårt land.

- BARN MED PÅRØRANDE I FENGSEL: mødrer eller fedrar i fengsel får lite kontakt med barna sine. Besøksforholda er lite barnevenlege. Barneombodet tok desse spørsmåla opp med Justiskomiteen og i ei fråsegn til Fengselslovutvalet i 1985.

Når barn kjem i kontakt med politiet, og ved avhøyr, blir deira personlege integritet og rettar dårleg respekterte. Barn blir ikkje gjort nok kjende med dei rettar dei har og dei blir avhøyrde under uverdige forhold.

- BARN PÅ SJUKEHUS OG I INSTITUSJON får ofte ikkje det undervisningstilbod som dei har krav på og behov for. Barneombodet tok i 1982 opp spørsmålet om å granska korleis retningslinene for barn på sjukehus frå Sosialdepartementet fungerte. NOBAB (Norsk forening for syke barns behov) la i 1985 fram ei gransking som mellom anna synte at undervisninga og aktiviseringa mange stader er mangelfull. Dette vil bli følgt opp i 1986.

- INNVANDRARBARN er innanfor ulike samfunnsområde ei utsett barnegruppe. Generelt har Barneombodet i 1985 vore opptatt av å styrkja rettane åt innvandrarbarn, mellom anna i samband med behovet til barna for å få familiemedlemmer til Norge, slik at familien kan bli samla att.

- EIGENANDELANE I HELSESTELLET OG KONSEKVENSAANE FOR BARN. Barneombodet har stilt spørsmål til Sosialdepartementet vedrørande den verknad eigenandelane kan ha på barns høve til å få eit godt helsestilbod. Barneombodet vil følgja opp dette i 1986, mellom anna for di departementet ikkje har svara på desse spørsmåla.

- Den planlagde HØYRINGA OM SÅRBARE BARNEGRUPPER har på grunn av kapasitetsproblem tatt lenger tid enn ein venta. Hovudproblemstillinga er korleis vi kan førebyggja at problem oppstår for barn og unge. Vi veit i dag mykje om behova til og situasjonen for barn. Kva er det då som skal til for å førebyggje at nye grupper av barn blir «gatebarn», stoffmisbrukarar, prostituerte o.l.? Vektleggjinga i det førebyggjande arbeidet fører til at det blir barn under 10 år som høyringa vil konsentrera seg om. Barneombodet legg opp til at høyringa skal haldast hausten 1986.

For å kasta lys over ei sentral sak og arbeidet med den gjennom tida, følgjer eit eksempel på ei prinsipp sak som Barneombodet har arbeidd med sidan 1982:

TILLEGG TIL § 30 i Lov om barn og foreldre:

Barnet skal ikkje utsetjast for fysisk straff eller anna krenkjande behandling.

I februar 1982 fekk Barneombodet tilsendt eit blad for foreldre som rådde til å bruka ris som oppsedingsmiddel. Barneombodet bad Riksadvokaten avklåra om dette var oppfordring til straffbar handling, dvs. også om slik straff er lovleg. Riksadvokaten sende saka over til Statsadvokaten, som berre vurderte saka i forhold til § 140 i Straffelova («oppfordring til straffbar handling»). Dermed vart det ikkje kasta lys over andre prinsipielle sider, forholdet til § 228 og 229 og refsingsretten åt foreldra. Barneombodet bad difor Justisdepartementet om ei nærmare vurdering. Justisdepartementet slo 23. juli 1982 fast at fysisk straff ikkje blir lovleg for di om føremålet er av oppsedande karakter og at fysisk straff ved bruk av ris eller andre gjenstandar er ulovleg. Lov av 20. juni 1891 gav foreldre rett til «maadeholden legemlig revselse», men Justisdepartementet skreiv vidare i 1982 mellom anna: «Det er således ikke mulig på bakgrunn av forarbeidene å si noe sikkert om foreldres fortsatte adgang til å anvende lempeleg fysisk refsing overfor sine barn».

I brev av 30. august 1982 til «Barnemishandlingsutvalget» skreiv difor Barneombodet mellom anna:

«Det som etter Lovavdelingens syn er innholdet i foreldrenes «refselsesrett» er kun en «rimelig og avpasset bruk av fysisk makt». (...) (Denne) vil derfor heller ikke kunne medføre særlig fysisk smerte. Hvis bruk av tvang medfører smerte, er dette ikke tilsiktet (for eksempel kan et grep i armen for å redde et barn fra bil, varm komfyr o.l. gjøre vondt).

Det fremgår imidlertid også av Justisdepartementets uttalelse at rettstilstanden fortsatt er uklar (...) Etter Barneombudets vurdering er det nødvendig at samfunnets lovgivende myndigheter klart slår fast at foreldrenes refselsesrett må vike for barnets rett til fysisk integritet. (...) En slik regel vil først og fremst ha betydning som normgiver og dermed gjøre fysisk avstraffelse moralsk forkastelig. Samtidig vil et forbud gi klar veiledning for tolkningen av Straffelovens § 228».

Då Barneombodet i februar 1982 melde eit blad for «oppfordring til straffbar handling», vart det ein brei debatt i massemedia. Debatten blussa opp at sommaren 1983. Barneombodet hadde i 1983 skrive til både Sosialdepartementet og Justisdepartementet om saka, og skreiv mellom anna følgjande til det sistnemnde departementet i august 1983:


«Både Sverige og Finland har i henholdsvis 1979 og 1983 vedtatt klare lovforbud mot å slå barn. Barneombudet mener at også det norske samfunn, og ikke minst norske barn, vil være tjent med en klar rettstilstand på dette området. Samfunnet burde ha et klart ansvar for å gi barna en tilfredsstillende lovbeskyttelse.

På denne bakgrunn vil Barneombudet nå be om at Justisdepartementet fremskynder arbeidet med de nevnte lovendringsforslag. Videre vil Barneombudet på ny understreke behovet for en bredt anlagt informasjonskampanje. Denne må omfatte informasjon om alternative

Sellæg høster storm

Av ENK STEPHANSEN

Jeg er oppgitt og frustrert. Justisministeren driver ren tromring av et lovforslag som det er klart flertall for i Stortinget. Og når Sellæg hevder at forbudet mot å slå barn er et såkalt strengt straffelovforbud...



Justisminister Wenche Frey i strid om adgangen til straffeloven. (Foto: William Mikkelsen)

Pryle-loven treneres

Å svinge riset

Av Anders Bratholm Omkring 1970 hadde Anne-Cath. Vestly et løserinnlegg i Aftenposten. Hun syndet det var slett at mens alle var enige om man ikke skulle slå barn...

Vi står ikke små valper — bare små barn. For femten år siden konstaterte Anne-Cath. Vestly at det er på høy tid forby dønstags og siden den tid er det ikke hendt i Norge å svinge riset i denne kronikken. Riksutvalget blir ikke fremmet at det skulle være flertall for...

Ikke lovforbud mot å slå barn

Regjeringen Willoch budet lovforslag i motsetning opplyste i en pressekonferanse nå...

WIL IKKE FORBY SLAG MOT BARN

Er bjørkeris på rompa ukristeleg oppseding?

Bladet «Lys», utgitt av Akademien for folkeopplysning, med redaktør Haugland, har i sitt februarnummer trykt i 18 000 eksemplarer, ordra til riktig og kjærlig bruk av barnoppdragelse når det skulle seg nødvendig. Arbeidsbrevet har saksøkt redaktøren med den grunnangivelse at om ordninga blir tatt til følge, så er...

hans side som står. Vedkommende har ikke lukkast med kristen oppseding i det heile tatt.

Hans Haugland støtter seg til gamle jødiske skrifter fra forkristen tid. Salomon ordtekte 29:15: «Ris og tukl gir visdom, men en gutt som er overatt til seg selv, gjør sin mor skam». Her er et sitat fra samme skriftmateriale 31: «Det somer seg ikke for konger å nyte medvikk» osv. «men gjev heller rus...

Vold mot barn forbys i egen lov

Det er på tide at vi også i Norge får et klart og uttrykkelig forbud mot vold som middel i barneoppdragelse, fremholdt justisminister Helen Bosterud i Odelsstinget igår. Hun gav klar beskjed om at Justisdepartementet vil prioritere denne sak og at et lovforslag vil bli fremlagt innen kort tid.



Justisminister Helen Bosterud lover snarlig lovforslag med konkret forbud mot vold i barneoppdragelsen.

Riseri

— Gudskjelov og takk for at vi har en så fornuftig regjering som vi har, og at vi er i tryggeshender. Det er virkelig med glede jeg leste meldingen om at lovforslaget om å innføre ris-forbud ikke er aktuelt. Vi har lover nok, sier en glad innringer til Byrunden, og legger til:

— Nå må vel barneombudet innse at hennes kamp for å frata foreldrene all rett til å oppdra sine barn på en fast måte er totalt mislykket.

Willoch til side et budet lovforslag om å forby for å slå sine barn. I FEB. Lov til å slå barn

Barneombud Malfird Grude fikk høy sier til avisen at hun beklager sterkt at det ikke ser ut til å bli noe av den bebudede lovbestemmelsen om at foreldre ikke skal straffe sine barn fysisk.

Forbud mot å slå barn

Lovforslaget lar vente på seg

Ris er uttrykk for kjærlighet

— Bruk av ris er uttrykk for kjærlighet til barnet, og foreldre må gjøre det klart for barnet at de bruker riset av kjærlighet og til barnets gagn, sier pensjonert lærer Hans Haugland, Sandefjord, til Sandefjords Blad. Hans Haugland er redaktør av bladet «Lys».

MORTEN MALMØ

Justisministeren kom med en opplysning da Odelsstinget igår vedtok å overensstemme endringsforslaget fra SV om barnet fysisk oppdragelse.

Justisministeren påpekte at dagens lovverk søker forbud mot mishandling både av dyr og mennesker, men at det råder uklarhet om hva de nærmere grenser for forbudene går. Hun dessuten at en egen graf i barneoppdragelse et bedre uttrykk for opplysning og omsorg enn pende over barn.

«Det er et stort folk av oss også»

I innstillingen fra Stortinget om å innføre et konkret forbud mot vold i barneoppdragelsen, sier justisminister Helen Bosterud i Odelsstinget igår. Hun gav klar beskjed om at Justisdepartementet vil prioritere denne sak og at et lovforslag vil bli fremlagt innen kort tid.

«Det er et stort folk av oss også»

Mishandlede barn. Blir selv voldsbrukere

Jeg er rystet over pastor Brauterdus uttalelser i fjernsynet. Det har heller aldri vært slike ekstreter i de kristne tanker. Stein, loppkarr i Folkpartiet i Telmark Arbeiderbladet

— Mange fysisk mishandlede barn oppfatter selv vold som middel til å løse en konflikt. I kameratflokkene i 80 års levetid har jeg sett mange barn bli slått. I tale en av de som har vært med på å slå barn hadde han sagt at det var ingen gang vært skilt fra barna.

Fortsettelse siste side

oppdragelsesmetoder såvel som informasjon om de klart dokumenterte negative konsekvenser av slag som oppdragelsesmiddel».

I oktober 1983 fekk Barneombudet signal om at dåverande justisminister vona å få lovframlegget fram for Stortinget før jul 1983. Barneombudet skreiv avisartiklar som óg kunne tena som opplysningsstoff i ein informasjonskampanje. Vidare vart Barneombudet beden om ei generell fråsegn vedrørande konsekvensane av fysisk straff, då Riksadvokaten skulle behandla anke over at Statsadvokaten hadde lagt bort ei sak der ein person i eit TV-intervju stod fram og vedkjende seg at han hadde brukt fysisk straff av eigne barn ned til 2 års alder.

Barneombudet såg med otte at foreldre offentleg kan vedkjenna seg at dei slår barna sine utan at dette fører til offentlege reaksjonar. Inntrykket av at gjeldande lov ikkje vil råka desse foreldra og derved verna om barna, vil bli forsterka kvar gong ei melding av slike forhold blir bortlagd utan så mykje som ein offentleg negativ kritikk av forholda.

Lovavdelinga i Justisdepartementet hadde avslutta arbeidet sitt med saka i juni 1984. Dåverande justisminister Mona Røkke skreiv 1. juli 1984 til Barneombudet:

»Ang. forslag om tillegg til Lov om barn og foreldre § 30.

Idet jeg viser til telefonsamtale 27.6. d.å. bekrefte at Lovavdelingen - etter en gjennomgang av Lovforslaget - har avsluttet sitt arbeid. Saken vil nå - etter at statsministeren er tilbake - bli behandlet av en samlet regjering.»

I brev frå 9. november 1984 gjekk det fram at Sosialdepartementet planla ein holdningskampanje for å førebyggja barnemishandling og omsorgssvikt:

«Sosialdepartementet anser det derfor som viktig at det skapes en allmen opinion mot fysisk avstraffelse. Så lenge fysiske overgrep mot barn anses som metode i oppdragelsen finner de som mishandler sine barn en unnskyldning for sine handlinger. En informasjons- og holdningskampanje mot fysisk avstraffelse kan derfor bidra til å minske antall tilfelle av barnemishandling».

Den 16. januar 1985 vart det stilt spørsmål i Stortinget om lovtilllegget. Justisministeren svara at det var «en beklagelig glipp» at framlegget ikkje var lagt fram, og meinte at det ville koma til stortinget den våren.

Lovendringa vart heller ikkje framlagd for Stortinget våren 1985. Barneombudet spurde statsministeren om grunnen til dette. Statsministeren svara 1. juli 1985:

«Regjeringen har til hensikt å fremme forslag om at barneloven endres slik at også den gjør det klart at det er forbudt å behandle barnet på en slik måte at dets fysiske eller psykiske helse blir utsatt for skade eller fare.

Regjeringen er kommet til at det er mest hensiktsmessig å fremme forslaget i forbindelse med andre endringer i barneloven. Da voldsbruk mot barn allerede omfattes av forbudet mot legemsfornærmelser i straffelovens § 228, kan ikke Regjeringen se at omsorgen for barn blir skadelidende ved en slik saksbehandling».

Barneombudet var ikkje kjent med andre endringsframlegg enn to som var framsette i Stortinget i juni 1985. Difor bad Barneombudet om ei orientering frå Justisdepartementet 11. juli 1985. Dette brevet har pr. 31. desember ikkje fått noko svar.

Ny justisminister vart utnemnd i september 1985. I brev av 17. oktober 1985 skreiv Barneombudet at andre framlegg til endring av lova ikkje burde seinka § 30 - tilleggset.

Barneombudet fekk 19. desember dette svaret:

«Jeg viser til Deres brev 17. oktober 1985, og kan opplyse at det fortsatt er Regjeringens hensikt å fremme forslag om tillegg til barnelovens § 30 først når det blir aktuelt å foreslå andre endringer i barneloven. Jeg viser til statsministerens brev til Dem 1. juli 1985, der det ble gitt uttrykk for det samme.

Som De er kjent med, har et forslag til endringer i barneloven fra Carl I. Hagen vært vurdert i Justisdepartementet. Det er imidlertid lite sannsynlig at dette vil føre fram til forslag fra Regjeringen om endring i barneloven».

Kvar står vi ved utgangen av 1985?

Det synest vera vanskeleg å få fram eit lovframlegg til vern om barns fysiske og psykiske integritet. Barneombudet er ikkje samd i at barns fysiske integritet er sikra gjennom Straffelova. Justisdepartementet har peika på at rettstilstanden er uklår. Jamvel om «bruk av ris» i prinsippet blir råka av Straffelova, skal påtalemakta berre reisa tiltale når «almene hensyn» krev det. I praksis vernar lova difor ikkje barn mot lekamsfornærming frå foreldra si side. Gjeldande lov omfattar ikkje «andre krenkende handlinger» eller forbod mot «å behandle barnet på en slik måte at dets fysiske eller psykiske helse blir utsatt for skade eller fare», slik statsminister Willoch uttrykte det.

Hovudføremålet med ei lovendring er ikkje å straffa foreldre. Det viktigaste er å hindra overgrep mot barn, ved at lovtilllegget i hovudsak får ein normgivande og holdningsskapande funksjon. Skal dette skje, må informasjonskampanjen, som Barneombudet gong etter gong har bede om, syta for at innhaldet i lova, og alternative metodar i barneoppseidinga, når ut til folket. Kanskje må ein informasjonskampanje i første rekkja ta sikte på å vinna forståing mellom anna i regjering og Storting for følgjande:

1. Det som står i Straffelova er ikkje nok til vern om barns fysiske integritet.

2. Ei holdningsskapande lov med forbod mot å krenkja barn fysisk og psykisk må i første omgang bli sett på som eit springbrett for ein breitt opplagd informasjonskampanje om alternativ til å oppseda barn slik at dei utviklar sjølv-disiplin og moral, ikkje angst og eige vald.

Barneombudet vil arbeida vidare med denne saka også i 1986.

Høyringsfråsegner

Barneombodet sende ut to høyringsfråsegner innanfor dette området i 1985.

1. Framlegg til LOV OM OMBUD M.V. FOR FUNKSJONSHEMMEDE (Sosialdepartementet). Barneombodet peika på kor viktig og påkravt det er å styrkja rettane åt dei funksjonshemma og situasjonen deira i samfunnet. Barneombodet får kvart år inn ei rekkje saker som syner kor mykje det vantar på at funksjonshemma barn får dei rettar og dei tilbod dei har krav på. Ofte blir interesse deira nedprioriterte til fordel for andre interessegrupper, eller for di det ikkje blir løyvt dei ressursar som trengst.

Barneombodet var likevel ikkje viss på at ei ombudsordning er den løysinga som best styrkjer rettane åt dei funksjonshemma. Ombodet peika på at det ikkje var gjort ei grundig gransking av tenkjelege alternativ. Heller ikkje er det prinsipielt drøfta kva for veike og utsette grupper i samfunnet som kunne ha bruk for ei ombudsordning.

Barneombodet peika på at ein her burde leggja stor vekt på fråsegn frå dei funksjonshemma sine eigne organisasjonar.

2. FRÅSEGN TIL RAPPORT OM FOREBYGGENDE BARNEVERN - BEDRE BARNDOM (Oslo Kommune).


Barneombodet peika på kor viktig det er å forstå at forebyggjande barnevern er avhengig av tiltak og verkemiddel innanfor alle sektorar i ein kommune. Også bustadsektoren, planleggjingssektoren og arbeidsmarknadstilhøva er sentrale når det gjeld oppvekstvilkåra for barn og unge.

Barneombodet stødde framlegget om lokale barneutval i dei einskilde bydelane til å ivareta oppvekstmiljøet for barn og unge, saman med ein koordinerande bystyrekomite, eit »Barneutval», med ansvar for oppvekstmiljøet for Oslobarna generelt. Utvalet bør óg ha representasjon frå teknisk sektor, samferdselssektoren og bustadsektoren.

b. BARNETILSYN OG OFFENTLEGE FRITIDSTILBOD

Dette saksområdet omfattar barnehagar, barneparkar, private tilsynsordningar, fritidsheimar, fritidsklubbar og andre fritidstilbod i offentleg regi for større barn.

I 1985 arbeidde Barneombodet med 70 saker innanfor dette saksområdet. I fireårs-perioden har Barneombodet arbeidt med 202 saker av denne typen.



Av sakene vart 5 tatt opp direkte av barn. To tredjedelar av sakene galdt barnehagar. Det barn sjølve tar opp, er saker som gjeld fritidsklubbar og fritidstiltak. Økonomiske problem i kommunane kjem fram når fritidsklubbar og barnehagar blir nedlagde, eller tiltaka ikkje blir skikkeleg utbygde.

Einskildsaker har i stutte drag mellom anna peika på:

- at det er for få barnehageplassar. Dette fører mellom anna til at mange barn med klare behov ikkje får barnehageplass eller misser den plassen dei har. Fleire kommunar praktiserer ein «2 års-regel» der barna ikkje kan få vera i barnehagen meir enn to år; slik freistar ein då å fordelastilbodet på så mange barn som mogeleg.

- at høge betalingsattsar gjer det vanskeleg for mange foreldre å ta imot tilbod om barnehageplass. Eit utslag av dette er det t.d. at det blir kravt betaling for full dag endå om barnet berre treng ein halvdagsplass.

- at funksjonshemma barn ikkje får plass for di kommunen ikkje set inn dei ekstra-ressursar som trengst, t.d. til skysordningar eller ekstrahjelp.

- at det reiser seg problem i samband med dei nye arealnormene som barnehagelova har opna for, slik at fleire barn skal kunna få plass i barnehagane utan ein auke i areal eller personale.

- at foreldre veit for lite om rettane sine, mellom anna ankerett ved opptak og oppseiing av barnehageplassar.

- at private tilsynsordningar reiser problem. Det finst ikkje heimel for ein kontroll med slike tilbod; særleg foreldra kjenner seg her utrygge.

- at det blir bygt ut for få fritidsheimar. Særleg i dei første skoleåra treng barn tilsyn og vaksenkontakt. Når slikt ikkje er å få, må barna store delar av dagen klara seg sjølve. Konsekvensen er at både barn og foreldre kjenner seg utrygge, og at det blir for få høve til konstruktiv aktivitet.

- at barna sjølve saknar stader å vera, i form av fritidsklubbar og andre former for fritidsaktivitet.

Døme på ei einskildsak:

Til eksempel på ei einskildsak innanfor dette saksområdet har vi valt ei barnehagesak. Den viser óg at ei einskildsak stundom gjeld fleire barn/institusjonar på ein gong, og såleis kan grensa over mot prinsippsak. Behandlinga kan óg gjelda fleire saker samstundes.

Barneombodet var til stades på eit offentleg møte der det vart opplyst at små barn fraus for di vedlikehaldet i barnehagane var for dårleg. I ei høgd av 20 cm over golvet var det funne at temperaturen var berre 2 - 4 gradar. Dagen etter vart Barneombodet oppringt frå ein annan kommune med klage på tilsvarande forhold. Barneombodet gjekk ut i pressa og kritiserte at det kan

vera slike tilstandar i barnehagar. Vidare uttala Barneombodet at dei som stod for barnehagane og både kjende forholda og streva med å gjera dei betre, burde alliera seg med barnevernet og helserådet i kommunen. Dei kunne visa til at barna i barnehagen var utsette for tilhøve som kunne vera fysisk skadelege; til støtte for kravet om be-tring kunne ein visa både til barnevernlova og «sunnhetslova». Omsynet til dei vaksne i barnehagen kunne gjera det naturleg å dra inn også arbeidstilsynet og arbeidsmiljølova; den siste gjeld ikkje for barn.

Saka avslørte fleire interessante forhold. Dei tilsette i barnehagen hadde tatt kontakt med verneombod og arbeidstilsyn, men hadde ikkje tenkt på barnevernet og helserådet. Dei var vane med å tenkja ut frå system som gjeld dei vaksne, - ikkje barna. Av omsyn til foreldra kvidd dei seg for å truga med at barnehagen kunne bli stengd. Vidare tok administrasjonen for barnehagane framlegget frå Barneombodet og tilvisinga til barnevern og helseråd som ein negativ kritikk og ei mistillitsfråsegn, medan framlegget var tenkt å vera til hjelp og stønad. Dette viser kanskje at innanfor større kommunar kan det skorta på samarbeid og kommunikasjon, og gjensidig støtte etatane imellom.

Prinsipp saker


Også i 1985 har Barneombodet, som i tidlegare år, arbeid med fleire prinsipp saker som gjeld KVALITETEN OG KVANTITETEN VED BARNEHAGETILBODET på landsbasis. Framleis finst det i Norge nokre få kommunar som ikkje har barnehagar. Kor mange prosent av barna som har plass i barnehagar ymsar svært frå fylke til fylke. Når det gjeld heildagstilbod for barn i alderen 0 - 6 år varierer tilbodet slik at f.eks. Vest Agder har plassar til 5% av barna i fylket, medan Oslo har tilbod til 37%. Tilbodet er jamt over dårlegast for barn under 3 år.

For Barneombodet har det vore viktig å presisera at alle barn som treng det bør få eit tilbod om barnehageplass. Endringar i familiestrukturen, nedgang i barnetalet, forhold på arbeidsmarknaden, busetnadsmønsteret, trafikkmiljøet er alle faktorar som har sitt å seia for behovet for barnehageplassar. Nye behov kan melda seg som slett ikkje fanst før. Behova kan skifta frå stad til stad. Kravet må vera at alle barn skal ha rett til barnehage, anten no behova er av sosial karakter eller spring ut frå behova for tryggleik, omsorg, stimulering eller læring.

Barneombodet meiner prinsipielt at barnehagelova bør endrast slik: Alle barn har rett til barnehageplass dersom barnet har behov for det. Er dette sagt, treng ein ikkje leggja noko til om barn med spesielle behov. Vidare vil ei slik formulering føra med seg plikt til å følgja opp med ei gransking og kartlegging av dei behov der er for barnehageplassar i kommunen, og til å laga forpliktande barnehageplanar.

Skal barnehagen vera eit godt tilbod, må barnehagen ha ein høg kvalitet. Reglar om personale, krav til uteareal og inneareal, må ta utgangspunkt i behova hos barna.

Sakene i 1985 fordeler seg innanfor følgjande område:



(Jfr. tabell 26 i vedlegget).

Dei treng god plass. Dersom barnetalet aukar innanfor eit fastlagt område, vil det lett bli meir av aggresjon og konfliktrar i gruppene, og mindre av vaksen kontakt. Større press på dei vaksne kan i neste omgang føra til sjukdomsfråvære, vikarar, skiftande personale osv. Dette vil så gå ut over barna; dei vil kjenna seg meir usikre og få færre stabile og faste tilknytingspersonar. Dersom talet på vaksne minkar i forhold til barnetalet, går dette ut over kontakt og omsorg overfor det einskilde barnet og overfor gruppa. Dei vaksne får mindre høve til å gå inn i konfliktsituasjonar, eller leggja til rette slik det einskilde barnet treng det. Særleg kan det bli vanskeleg å gjennomføra ei vellykka integrering av barn med spesielle behov.

Amerikanske granskingar tyder på at gode barnehagar er ei økonomisk lønnsam investering. Barn som har fått eit kvalitativt godt barnehagetilbod kan ha mindre behov for spesialundervisning, kriminalomsorg og arbeidsløysetrygd. Sett over ein 20-årsperiode kunne samfunnet på denne måten spara inn 7 gonger investeringa i barnehagar. Slike analysar treng vi for norske forhold med.

BARN MED SPESIELLE BEHOV BØR HA EIN RETT UTAN ATTERHALD TIL Plass I BARNEHAGE med det opplegg som barnet treng. § 10 i barnehagelova har to atterhald når det gjeld rett til barnehageplass for funksjonshemma barn: «Så langt det er mulig» skal barnet få plass i vanleg barnehage, og «såfremt barnet kan ha nytte av oppholdet». Barneombodet har peika på at det ikkje bør vera økonomiske hindringar for at barn med spesielle behov får det opplegget han eller ho har nytte av. Det er kommunen sitt ansvar å dekkja det som barnehageplassen kostar ut over vanleg foreldrebetaling. Barn med spesielle behov treng ofte eit særskilt tilrettelagt opplegg. Difor er det òg viktig at barnehagane får den faglege ekspertise og rettleiing som dei treng. Barneombodet har her peika på at PPT-kontoret og andre sakkunnige instansar må få eit rettleiingsansvar overfor barnehagane. Dette arbeidet må starta opp alt før barnet tar til i barnehagen.

Det bør i den samanheng understreka at kommunen bør ha plikt til å byggja ut så mange barnehagar at ingen ordinær barnehage må fungera i praksis som spesialbarnehage.

Høyringsfråsegner

Barneombodet sende frå seg 4 høyringsfråsegner på dette saksområdet i 1984.

1. Høyringsfråsegna til NOU 1984:20 FRAMTIDIG ORGANISERING AV FRITIDSHEIMAR vart tidleg på året avgitt til Forbrukar- og administrasjonsdepartementet. Barneombodet peika her på kor viktig det er å sjå behovet for fritidsheimar i samanheng med »opningstida» i skolen. Lengda av skoledagen har sitt å seia for behovet for fritidsheimar. Det siste vart i utgreiinga sett til ikring 50.000 plassar. Norge har i dag 3 - 4 000 plassar på landsbasis, - den lågaste dekking i Norden. Barneombodet peika på at også barn over 10 år ofte treng tilsyn og kontakt med andre vaksne og samvære med andre barn. Fritidsheimane bør difor i prinsippet kunna gi eit tilbod til barn opptil 12 - 14 år, og ikkje som no til 10 år. Lyfter ein aldersgrensa, vil det seia at behovet for plassar vil vera høgare enn dei 50 000 som Fritidsheimutvalet rekna med.

Barneombodet har peika på at alt fleire barn treng tilsyn før og etter skoletid. Om dette problemet skal løysast ved å byggja ut fleire fritidsheimar eller ved å endra lengda av skoledagen vil ein måtta drøfta i tida som kjem. Barneombodet peika i si høyringsfråsegn på at Norge er det land i Norden som har stuttast skoletid i grunnskolen. Mange andre har t.d. 6 timars dag for elevar frå 5 - til 6-årsalder. Ein lang skoledag er ikkje i og for seg noko vondt. Det sentrale er kva innhald og tilbod skoledagen gir. Barneombodet meiner at ein utvida skoledag ville vera ein føremon ved å gi plass til dei nye oppgåvene som skolen er tillagd i Mønsterplanen, og ved å gi lærarane friare høve til fleksible opplegg. Også lengda av arbeidsdagen for vaksne og ferieordningane for arbeidstakarane vil ha sitt å seia for dei tilsynsordningar barna treng.

Barneombodet peika òg på at barn med spesielle behov burde ha førerett til plass i fritidsheimar. Medan vi ventar på eventuelle endringar i lengda av skoledagen, er det klårt at ein treng å byggja ut fritidsheimar i dei næraste åra. Kommunane må få plikt til å laga utbyggingsprogram for fritidsheimar med sikte på å skaffa det som trengst. Barneombodet har òg gjort framlegg om at det blir sett inn øyremerkte statstilskot, inntil fritidsheimar er innarbeidd som eit naturleg tiltak i kommunane. Barneombodet peika på at ei eiga oppvekstmiljølov for barn og unge vil kunna gi heimel for barns rett mellom anna til fritidsheim. Ei eiga lov om fritidsheimar vil det då ikkje vera bruk for. Barneombodet stødde òg av den grunn framlegget frå Fritidsheimutvalet om å laga ei eiga overordna «Lov om barns oppvekstmiljø», med eit sams lov- og regelverk som «Lov om grunnskolen, barnehagar og fritidsheimar såvel som barnevern-, plan-, og bygningslovene». (Sjå elles Del IV).

2. Høyringsfråsegn om BARN SOM TRENG SÆRSKILD HJELP OG STØTTE vart avgitt til Oslo kommune og galdt tiltak for å få i stand ei vellykka integrering i barnehagane av barn med spesielle behov. Barneombodet peika òg på at framandspråklege barn treng morsmålstre-

ning. Dette må prioriterast ut frå omsynet til dei språklege og sosiale behov hos barnet, men òg fordi morsmålstrenarane ofte er ein viktig bindeled mellom barnehagen og heimane. Regelen er no at minst 4 barn frå kvar språkgruppe må vera i same avdeling for å kunna få stønad til morsmålstrenar. Barneombodet meiner at den regelen er for rigid, og ofte får den praktiske konsekvens at mange barn ikkje får morsmålstrening. Når det gjeld opptak av funksjonshemma barn i barnehagen peika Barneombodet på at det bør utarbeidast ein kontrakt eller samarbeidssavtale mellom barnehagen og den hjelpeinstansen som har ansvaret for rettleiing til barnehagen og eventuelt foreldra.

Barneombodet stødde framlegget om å auka talet på barnehagelærarar når det er behov for ekstra personale, og peika på at ei vellykka integrering ofte står på at ein har færre barn i kvar gruppe.

3. Høyringsfråsegna til innstillinga om SAMARBEID BARNEHAGE - SKOLE, TILBOD TIL 6-ÅRINGAR vart avgitt til Forbrukar- og administrasjonsdepartementet og Kyrkje- og undervisningsdepartementet i juni 1985.

Barneombodet er samd i at alle 6-åringar bør få eit pedagogisk tilbod. Barneombodet fann det ikkje avgjerande om dette tilbodet på lengre sikt formelt er knytt til skolen eller til barnehagen. Det sentrale er det faglege innhald tilbodet får. Med utgangspunkt i behova hos 6-åringane og dei ramme-vilkår som ligg i skolesystemet i dag og i barnehagane (personalnormer, opningstider og Mønsterplan) stødde Barneombodet framlegget frå arbeidsgruppa om at tilbodet i første omgang bør knytast til barnehagane. Føresetnaden er då at det blir utvikla eit nært samarbeid mellom barnehage og skole. Tilbodet til 6-åringane må etter kvart bli obligatorisk og dermed gratis. Barneombodet streka sterkt under at utbyggjinga av eit pedagogisk tilbod for 6-åringar ikkje må skje på kostnad av barnehageutbyggjinga til dei yngre barna. Ei utbyggjingsplikt for tilbod til 6-åringane, slik det er gjort framlegg om, vil føra til monalege statlege overføringar til kommunane, dersom dette ikkje skal gå ut over barnehageutbyggjinga, eller skolebudsjetta, som alt no er svært knappe i forhold til dei behov og oppgåver som skolen får seg pålagt.


Det toreslåtte tilbodet på 2 - 3 timar dagleg er for stutt til å dekkja behovet hos barna for samvære og sosial læring med andre barn, stabilt tilsyn og trygge leikeforhold såvel som for intellektuell læring. Eit framtidig obligatorisk tilbod til 6-åringar vil i praksis føra med seg ein lågare alder for skolestart enn i dag. Dette aukar behovet for fritidsheimar, særleg dersom skoledagen som no blir 2 - 3 timar. Barneombodet viste i den samanheng til at dersom ein set skolestarten til 6 år, vil det òg føra til problem med trafikkfarleg skoleveg. Om lag 50.000 6-åringar vil då bli ei ny og regelrett gruppe av mjuke og umogne vegbrukarar.

Sikring av skolevegen vil føra med seg behov for monalege investeringar i tiltak for å skapa trygge trafikktilhøve. 6-åringar har ingen føresetnader for å kunna forstå eller

greia seg i trafikkmiljøet slik det er i dag. Ein kan difor ikkje godta at 6-åringar må gå mellom heim og skole utan gang- og sykkelvegar, sikra overgangar, fortau osv. Dette vil aktualisera spørsmålet om skolebarn har rett til skoleskyss når vegen dei må gå er farleg.

Barneombodet peika på at det vil vera behov for ikkje lite av forsøksverksemd når det gjeld tilbod til 6-åringar, før ein vel ut den modell ein vil bruka. Det bør vidare bli lagt stor vekt på lokale tilhøve og behov.


4. Høyringsfråsegn om KONSEKVENSNAR VED BRUK AV DEI NYE AREALNORMSFORSKRIFTENE I BARNEHAGELOVA vart gitt i eit høyringsbrev til Oslo kommune. Barneombodet tok opp att dei tvil som kom fram i høyringsfråsegna i 1984. Dei er refererte i bolken om prinsipp saker og skildra i detalj i årsmeldinga for 1984.



c. SKOLESAKER.

Problem med tilknytning til skolen er eit saksområde som opptar mange barn. 16% av alle saker som Barneombodet fekk lagt fram for seg i 1985 galdt skolen. Barneombodet arbeidde med 128 saker innanfor dette området i 1985. 15 av desse sakene vart direkte tatt opp av barn. I fireårsperioden har Barneombodet arbeidde med 503 skolesaker.

Sakene i 1985 fordeler seg innanfor følgjande område:



To tredjepartar av dei saker som barna sjølve tar opp, og ca. 40% av sakene innanfor dette saksområdet gjeld konflikthar i skolemiljø og dei rettast elevane har i forhold til lærarar, reglar for saksbehandling der elevane er involverte, og korleis konflikthar skal løysast, osv. Dei skoleproblem som blir tatt opp med Barneombodet gjeld i liten grad det faglege innhaldet i skolen. Barneombodet arbeidde i 1985 med litt fleire saker vedrørande konflikthar i skolemiljøet, skoleskyss/skoleveg og skolebruksplanar, evt. nedlegging, enn i åra før. (Jfr. tabell 27 i vedlegget).

Ei rekkje av dei problemstillingar som blir lagde fram for Barneombodet heng saman med den vanskelege økonomiske situasjonen i kommunane og dei knappe løyvingane i skolesektoren. Når kommunar får problem med å halda oppe eit brukande skoletilbod, kan dette truga den generelle målsetjinga om at alle barn skal få eit likeverdig skoletilbod, same kvar dei bur i landet.

For små ressursar til lærebøker, utbetring av skolebygningane, og gjennomføring av ei fagleg og sosialt forsvarleg integrering av elevane med spesielle behov er mellom dei sentrale problemstillingar som kontoret har arbeidde med. Meir enn før blir det òg tatt opp fleire saker om at elevane skal vera trygge og sikre på skolevegen. Alt fleire foreldre, barn og lærarar spør kva som kan gjerast for å forbetra og tryggja skolevegen for elevane. Det er grunn til å tru at svært mange foreldre og barn er redde kvar dag på grunn av den trafikkløysa som barn er utsette for.

I stikkord kan ein skildra einskild-sakene vi har arbeidde med under desse problemstillingane:

Skoleveg/skoleskyss

- farleg skoleveg, utan gang- og sykkelveg eller fortau, krav om skoleskyss også på grunn av trafikkløys skoleveg.

- rasfarlege skolevegstrækningar og/eller dårleg vegstandard, som skaper angst både for gåande og for dei som har skoleskyss.

- skoleskyssstilbodet er for dårleg organisert, lange ventetider gir elevane ein lenger arbeidsdag.

Saksbehandlingsproblem

- mistankar om at dårleg oppførsel av einskildde elevane på skolen har ført til kollektiv straff og uakseptable forhøyr.

- straffemetodar som er utenkjelege brukte overfor vaksne, og dessutan lite føremålstenlege, blir tatt i bruk overfor elevane.

- vanskar med tiltak/reaksjonar overfor uskikke lærarar.

- skort på skoletilbod til barn på sjukehus og i fengsel.

Eksempel på ei einskild-sak:

Einskildsaker som gjeld skolen blir ofte vist til andre instansar. Dette er saker om mobbing, eller om lærarar som oppfører seg i strid med det som elevlar/foreldre meiner går an.

A, 11 år, skreiv t.d. mellom anna:

«Kjære Barneombudet. Jeg synes ikke det er noe moro å gå på skolen». (Ho hadde problem med både læreren og dei andre elevane). «En i klassen sa til meg at håper du blir med så vi får en å erte». (...) «Jeg vil ikke at frøken får vite at jeg har skrevet til deg». (...)

Barneombudet svara:

«Kjære A.

Takk for brevet. Jeg vet oppriktig talt ikke om jeg kan hjelpe deg, særlig når du ikke vil at jeg skal si noe til frøken. Erting og mobbing i en klasse er noe læreren må hjelpe til med. Når lærere ikke klarer det, hender det at de kan få hjelp av skolepsykologen. Noen tror at psykologen (eller PP-rådgiver, som det også kalles) bare skal hjelpe enkelte barn som har problemer på skolen. Men PP-rådgiver skal også hjelpe læreren eller en hel klasse. En sånn rådgiver kan være god å snakke med, - mye bedre enn **jeg** er, fordi de kjenner skolen og lærerne og de vet mye om barn. De har heller ikke lov å si til andre det barn snakker med dem om. Så kanskje du kunne ta en prat med skolepsykologen? Mor eller far kan kanskje hjelpe deg med å finne telefonnummeret? Jeg vet at dere har et PP-kontor i X kommune».

Når barn eller foreldre vender seg til oss om lærarar som t.d. bruker fysisk straff, blir dei bedne om å ta saka opp med rektor. Dersom dette ikkje fører fram, vil Barneombudet (i samråd med Kyrkje- og undervisningsdepartementet) rå til at det blir sendt eit brev til skolestyret, med kopi til rektor og til skoledirektøren i fylket. Skolestyret er tilsetjingsinstans, og bør difor informerast om dei tilsette.

Prinsippaker

Framlegg til revisjon av MØNSTERPLANEN var den viktigaste prinsippaka på dette området i 1985. Barneombudet gav i den samanheng to høyringsfråsegner, som er refererte side 27

I tillegg arbeidde kontoret òg i 1985 med spørsmål om korleis ARBEIDSMILJØLOVA KAN BLI BRUKT I SKOLEN. Det gjeld her saker der lærarar er arbeidstakarar og elevlar blir sedde på som »miljøfaktorar» på arbeidsplassen. Problemstillinga er omtala i tidlegare årsmeldingar. Ved utgangen av 1984 gav Kyrkje- og undervisningsdepartementet ei presisering av dette spørsmålet. Det vart klårt sagt at Arbeidsmiljølova ikkje skal brukast mot eller til skade for elevane. Reaksjonar overfor elevlar må eventuelt ha heimel i Grunnskolelova. Barneombudet sa seg nøgd med denne rettslege avklåring, og bad om at det vart sendt ut rundskriv som gjorde kjent korleis departementet forstår regelverket (Rundskriv F26/85).

At det nemnde rundskrivet og den rettslege avklåring

av korleis Arbeidsmiljølova kan brukast i skolen ikkje er godt nok kjende, vart tydeleg for Barneombudet hausten 1985, då ei gruppe av føresette for elevlar i ein 6. klasse vende seg til ombudet.


Bakgrunnen var ein tilspissa og pågåande konflikt mellom hovudlæreren i klassen og ei gruppe av elevane. Skolen meinte det var eit reint disiplinær-problem som kunne løysast ved tiltak berre retta mot elevane. Elevane på si side meinte at det var åtterda og holdninga åt læreren overfor elevane som var årsaka til konflikten, som også elevane fann var utåleleg.

Dei føresette var innstilte på eit samarbeid heim/skole, og at konflikten måtte greiast ut frå bae sider. Dei føresette reagerte difor mot den måte skolen tok saka på, og dessutan mot at hovudverneombudet vart dradd så sterkt inn i konflikten.

Då Barneombudet vende seg til skolen, var svaret at verneombudet var dradd inn i saka i samsvar med § 26 i Arbeidsmiljølova, (om oppgåva for verneombod). Vil ein føra problemstillinga vidare, kan ein tenkja seg Arbeidsmiljølova brukt til å nekta undervisning, anten ved å utvisa den einskilde eleven eller, meir dramatisk, ved å stengja skolen. (Jfr. Arbeidsmiljølova § 27 - verneombudet har rett til å stansa farleg arbeid - og § 26, nr. 3 - verneombod og arbeidsgivar har plikt til å retta på forhold som kan medføra ulykke- eller helsefare).

Når Barneombudet meiner det er gale å dra inn verneombudet og reglane i Arbeidsmiljølova ved løysing av ein konflikt mellom elev og lærar, har det fleire grunnar. Som utgangspunkt kan ein nemna at Arbeidsmiljølova er lite høveleg til å løysa mellommenneskelege forhold. Eksempelvis kan reglane i Arbeidsmiljølova ikkje brukast til å løysa konfliktar arbeidstakarar imellom.

Arbeidsmiljølova § 26 (om oppgåvene åt verneombudet) legg spesiell vekt på tilhøve som vedkjem innretninga av arbeidsplassen og vedlikehaldet der, og sjølv utføringa av arbeidet. Oppgåva for verneombudet tar særleg sikte på tilsyn med tekniske innretningar og kjemiske stoff, kontrollen med verneutstyr, og sjølv tilrettelegginga av arbeidet m.v.



At skolane bruker Arbeidsmiljølova i konkrete skolekonfliktar inneber etter vårt syn ei form for tingleg-gjering av elevane og ei tilsvarande neglisjering av eigenverdien og rettane åt barna. Ein må i denne samanhengen presisera at elevar er individ med sjølvstendige rettar, mellom anna etter skolelovgevinga. Ved konfliktløsning på ein slik måte som her er nemnt vil slike forhold lett bli tilslørte. Bruk av verneombod og Arbeidsmiljølov i konkrete skolekonfliktar vil likeins gjerne tilsløra det faktum at uønskt åtfærd frå ein elev ofte er symptom på eit meir grunnleggjande og samansett problemkompleks, der også holdninga hos den einskilde læraren eller forholda kring leiinga av skolen må dragast inn for å finna ei løysing.

Som nemnt meiner Barneombodet at spørsmålet om bruk av Arbeidsmiljølova i forhold til elevar (elevar som miljøfaktor på arbeidsplassen) er rettsleg avklåra av vedkommande fagdepartement.

I rundskriv F26/85 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet heiter det mellom anna:

«Disiplinærproblem for øvrig - og generell uro i klassen - gir ikke grunnlag for å anvende Arbeidsmiljølovens regler».

Kyrkje- og undervisningsdepartementet har i annan samanheng presisert formuleringa:

«...gjelder bruk av Arbeidsmiljøloven generelt i elevsaker, og er således ikke begrenset til § 16 og 27, jfr. F26/85, andre avsnitt, første punktum: Arbeidsmiljøloven skal ikke brukes «mot eller til skade for elevene». Arbeidsmiljøloven har overhodet ingen som helst anvendelse overfor elevene. Men selvsagt har loven anvendelse i skoleverket».

Av interesse er også følgjande sitat frå Kommunal- og arbeidsdepartementet sitt brev av 1. juli 1985 til hovudverneombodet for Osloskolen:

«Arbeidstakernes rettigheter gjennom det organiserte vernesamarbeidet gir anledning til å ta opp disiplinærproblemer/elevadfærd prinsipielt, dvs. som en arbeidsmiljøfaktor på det generelle plan. Når det kommer til behandling av konkrete saker, der enkeltelevers atferd medfører problemer, er Arbeidsmiljølovens system for konfliktløsning lite egnet. I og med at reglene er offentligrettslige er det Arbeidstilsynet som kan kreve tiltak iverksatt. Ettersom problemene er sterkt knyttet til personer, er ikke Arbeidstilsynet egnet til å løse dem.

Til sammenlikning kan nevnes at Arbeidsmiljøloven ikke brukes i kollegiale forhold, ut fra den betraktning at denne loven med sitt håndhevingssystem ikke egner seg i mellom-menneskelige forhold.

Behandling av disiplinærsaker o.l. har dessuten sitt eget apparat, hjemlet i skolelovene med forskrifter. Som spesialregler går disse foran Arbeidsmiljølovens generelle regler. Riktignok har ikke skolelovene regler som spesielt ivaretar arbeidstakernes interesser, men hensynet til elevene og ikke minst deres personvern tilsier at Arbeidsmiljølovens regler ikke kan supplere skoleelevenes på dette punkt. Det er vidare full anledning for en lærer til å ta opp slike problemer med arbeidsgiver (representert

ved rektor eller skolesjef), evt. Arbeidsmiljøutvalget skal derimot behandle elevsaker».

Då det tilsynelatande framleis er uklåre og misforståingar når det gjeld bruk av Arbeidsmiljølova og synet på elevåtfærd som arbeidsmiljøfaktor i skolen, har Barneombodet overfor Kyrkje- og undervisningsdepartementet oppmoda til ytterlegare informasjon og naudsynt rettsleg klårgjering til skolane.

Ei anna sentral sak har vore ANSVARSFORHOLDA VED SKOLAR SOM LIGG NÆR FARLEG BEDRIFT.

Denne saka er referert i alle tidlegare årsmeldingar frå Barneombodet. Problemet galdt å få klårlagt kva for instans som har ansvaret for sikring og beredskapsplanar i tilfelle gassutslepp frå ei bedrift som ligg nær skolen. Saka fekk auka aktualitet i 1984 då elevtalet ved skolen vart sterkt utvida, i samband med at ein skole vart nedlagd ein annan stad i kommunen.

I årsmeldinga for 1984 skreiv Barneombodet: «Kommunal- og arbeidsdepartementet gikk i september inn for at de konkrete lokale beredskapsplanene utarbeides av bedriften/skolen og politiet i fellesskap. Det overordnede sentrale ansvar foreslår departementet lagt til Statens Sprengstoffinspeksjon og Statens Forurensningstilsyn, som har hatt saken tidligere».

I 1985 bad Kyrkje- og undervisningsdepartementet om at Miljøverndepartementet skulle påleggja den aktuelle bedrifta å utarbeida ein beredskapsplan for skolen med heimel i § 41 i Forurensningslova. Så langt Barneombodet kjenner til er dette arbeidet i full gang. Det ser dermed ut til at saka nå er løyst, etter at ho har vore behandla av ei rekkje offentlege instansar i 8 år.

Sidan det i fleire år har vore aukande interesse for problem i samband med skoleskyss, tok Barneombodet alt i 1983 initiativet til ei gransking av DET ELEVAR RØYNER OG OPPLEVER VED SKOLESKYSS.

Granskinga vart utført og offentleggjort i 1985. Ein tok dette initiativet mellom anna for di ein visste lite om korleis barna sjølve opplever skoleskyssordningane. Granskinga viser at det kan vera noko slikt som 25.000 grunnskole-elevar som dagleg har store ubehag som har si årsak i busstransport til og frå skolen. Ubegaget kan vera i form av hovudverk, kvalme eller oppkast. Fysiske ubehag får ofte eit følgje av psykiske reaksjonar. For om lag ein tredjedel av elevane rekk ubegaget langt inn i første skoletimen, og ein åttandedel kjenner ubehag langt inn i den andre timen.

Ventetida for transport synest å vera størst for dei minste barna, og ubegaget aukar med lengda av reisetida. I einskilde kommunar bruker opp til 70% av elevane offentleg skoleskyss. Buss er det mest vanlege transportmiddelet. På landsbasis er det ein fjerdepart av alle grunnskole-elevar som har ulike skoleskyss-ordningar. Det er spesielt sentraliseringa av skoletilbodet i dei siste 30 år som gjer så mange barn avhengige av skoleskyss.

Barneombodet har distribuert denne granskinga til ei rekkje statlege instansar, alle fylkesmenn og skoledirek-

tørar, og ei rekkje fagtidsskrifter. Meininga var å gi grobotn for ein debatt om kva som kan gjerast for å betra skoleskysstiltbodet til elevane. Røynslene så langt er at granskninga alt er brukt i diskusjonar og planlegging i ymse kommunar.

Eit eksempel på ei prinsippsak:

ORGANISERING AV SKOLEDAGEN OG SKOLEÅRET.

Framlegget til revidert mønsterplan, og fråsegnene om det, inneheld mange av dei synspunkt, problemstillingar og prinsipp saker som Barneombodet har vore optatt av sidan 1981. Barneombodet vil her stutt peika på ei side av heile komplekset som vil bli følgt opp spesielt i 1986.

I 1984 stilte Barneombodet spørsmål om lengda og plasseringa av skoleferien. Det syntest klårt at mange barn kan få problem når dei har 2 - 3 gonger så lang ferie som foreldra sine. I tillegg til at skolen stengjer, stengjer óg ofte fritidsheimar, klubbar, leikesentra, svømmehallar og andre moglege fritidstilbod for barn. Barneombodet bad Kyrkje- og undervisningsdepartementet setja ned eit utval til å sjå på desse problema, og spesielt vurderer alternative bruksmåtar for leirskolane.

I 1985 tok barneombodet initiativ til å få sett ned eit utval der Sosialdepartementet, Kultur- og vitskapsdepartementet og Forbrukar- og administrasjonsdepartementet var representerte, med Kyrkje- og undervisningsdepartementet som observatør. Dette utvalet har planlagt og vil i 1986 gjennomføra mellom anna ei spørjegransking tilknytt Statistisk Sentralbyrås AKU-gransking for å kartleggja dei behov foreldra har vedrørande ferietilbod, praktiske løysingar som foreldre har funne fram til eller nytta seg av, og kva tilbod kommunar og fylke har eller planlegg for barn i skoleferien.

Barneombodet har peika på at alternativ vedrørande lengd og plassering av skoleferien óg bør vurderast. Det kan t.d. vera praktisk om kvar einskild skole kunne leggja vinterferien etter behov. Dette kunne medføra at det ikkje lenger vart ein klår «høgsesong» for reiselivsnæringa, noko som i sin tur ville gjera det lettare for familiane å ta med seg barna til «sol-stader» vinterstid.

Barneombodet har enno ikkje foreslått at talet på skoledagar bør aukast, men har peika på - óg så i samband med framlegg om utbygging av fritidsheimar - at det i seg sjølv korkje er ei ulykke med lengre skoledag eller andre ferieordningar. Lengre skoledagar frå første klasse og oppover ville kanskje auka trivsel og gjera det mogleg å planleggja undervisninga meir fleksibelt. Vidare ville lærarane lettare kunna utføra dei oppgåver som mønsterplanen legg på dei, særleg når det gjeld omsorgs- og ansvars-opplæring. Endeleg ville lengre skoledagar redusere behovet for utbygging av tiltak som fritidsheimar, samtidig som dei gode tilboda i fritidsheimane ville kunna inkorporerast i skolen og dermed koma alle barn til gode.

Høyringsfråsegner:

I 1985 skreiv Barneombodet 2 høyringsfråsegner på dette feltet.

1. Barneombodet gav høyringsfråsegn om UTKAST TIL MØNSTERPLAN FOR GRUNNSKOLEN til Grunnskolerådet tidleg på året i 1985.

Barneombodet streka i fråsegna under at Mønsterplanen inneheldt ei rekkje gode mål som alle vil vera samde i. Men generelle mål gir ikkje god nok rettleiing om innhald og utforming i skolen. Saker som Barneombodet får kjennskap til viser klårt at skolen alt i dag har for små ressursar til å ivareta målsettinga for skolen, slik den no er. Den økonomiske situasjonen i kommunane kan føra til reduserte ressursar i skolesektoren. Det er difor naudsynt med ei økonomisk og juridisk styring av midla til skoleverket. Barneombodet foreslo i den samanheng ei endring i grunnskolelova slik at ho klårare definerer krava til kommunen på skoleområdet. Dette er ein føresetnad for at intensjonane i Mønsterplanen kan bli sette ut i livet.


Barneombodet peika på som eit veikt punkt ved Mønsterplanen at han ikkje klårt nok tar utgangspunkt i behova hos barna, og reknar med dei som ein levande ressurs i skolen. Barneombodet streka óg under kor viktig det er med holdningsskapande arbeid. Det gjeld særleg å dyrka fram evna til omsorg, ansvar, samarbeid og konfliktløyising. Det er viktig for di barna sjølve skal bli foreldre ein gong; men vi skal óg ta med i rekninga det vi veit om framtidangst og framtidsperspektiv hos barna. Barneombodet peika på at barna er den viktigaste ressurs samfunnet rår over. Det er god økonomi å satsa på gode oppvekstvilkår for dei; her spelar skolen ei sentral rolle.

2. Høyringsfråsegn vart óg gitt til FAGPLAN-DELEN I MØNSTERPLANEN.

Her óg peika Barneombodet på at dersom skolen skal nå måla i Mønsterplanen, er det ein føresetnad at han får ressursar nok. Barneombodet sa seg samd i målsetningane i fagplan-delen:

- opplæring tilpassa behov og føresetnader hos einskild-elevar.
- ein skole som kan gi likeverdige undervisningstilbod til alle elevar.
- tverrfagleg opplegg i undervisninga.
- orientering i retning av praktisk arbeid i skolen, og stor vekt på dei praktiske fag.
- bruk av lokalmiljøet og lokalt lærestoff i undervisninga.
- større vekt på stoff sams for alle elevar.

Barneombodet peika óg på at stendig fleire barn treng tilsyn utover det skoletilbod vi har i dag. Ein bør difor vurderer ein auke i timetalet til 5 - 6 timar dagleg på alle alderssteg. Barneombodet peika óg på kor viktig det er å ha mediakunnskap som eige fag i skolen. Det bør leggjast stor vekt på dei røynsler barna sjølve har med dei nye media; og dei må sjølve få produsera program. Det bør óg leggjast aukande vekt på å gi elevane heimkun-




skap/familiekunnskap, derimellom óg kunnskap om korleis barn utviklar seg. Det er framtidige foreldre som sit på skolebenken.

KULTUR OG FORBRUK

Dette saksområdet gjeld barn og kultur, barn og ungdom som deltakarar i arbeidslivet, barna sine eigne organisasjonar, barn og media, barn som forbrukarar, og produkt som er farlege for barn.

I 1985 arbeidde Barneombudet med 86 saker innanfor dette saksområdet. I fireårsperioden har kontoret arbeidd med 366 saker på dette saksområdet.

1985-sakene fordeler seg kring følgjande problemstillingar:



Talet på saker på dette området har halde seg på same nivå heilt sidan Barneombuds-stillinga kom til. 10 av sakene vart tatt opp av barn og fordelte seg jamt innanfor alle problemområda.

Einskildsakene viser at barn og unge ikkje kjenner til dei rettar dei har som forbrukarar, og i utrengsmål blir utsette for ei behandling som ikkje blir vaksne til del. Barn som t.d. vil panta flasker får ikkje alltid utbetalt pengar for dei, men må ta sjokolade eller anna gotteri i staden.

Dei fleste av sakene som Barneombudet arbeidde med gjaldt farlege produkt og barn som forbrukarar. «Produkt» omfattar både farleg leiketøy og liknande, og faremoment i hus der barna bur. Dette er utgangspunktet for at barneulykker blir tatt opp under dette saksområdet. I arbeidet sitt finn Barneombudet klårt at kontroll og sikring av produkt framleis er for dårleg, og skaper farlege situasjonar eller skadar hos barn. Som døme kan ein nemna skrukorkane for ulike typar av vaskemiddel; som før er dei slikt forma at små barn lett kan opna dei. Det er óg viktig med barnesikker emballasje på medisinar.

Den neste store saksgruppa innanfor dette området er saker om Barn og unges forhold til media/TV, video, film, litteratur o.l., då både som forbrukarar og programskaparar.

Hovudtyngda av saker gjeld TV og video. Oppmykjinga av NRK monopolet, auken i talet på satellittsendingar, kabel-TV, og den eksplosjons-liknande utviklinga på videomarknaden har ført til ei radikal endring av mediasituasjonen for alle grupper i folket. Barn og unge er her i ein spesielt utsett posisjon. Dei saker som folk tar opp med Barneombudet rører ofte ved spørsmålet korleis ein skal kunna få mediaflaumen under kontroll, og såleis verna barn mot mogelege skadeverknader.

Eksempel på ei sak som barn sjølve har tatt opp på dette området er:

Flytting av Dagsrevyen

Mange både vaksne og barn vende seg også i 1985 til Barneombudet i samband med arbeidet for å få flytta Dagsrevyen. Som eit eksempel på dette gir vi att nedanfor eit av dei mange brev som kom frå barn:

Til Barneombudet:

Om Ettermiddagsnytt og Dagsrevyen på TV.

Vi er elever i klasse 3 B på X skole. Nå vil vi spørre om du kan hjelpe oss å få NRK til å flytte Ettermiddagsnytt og Dagsrevyen til senere på kvelden.

Når vi skal se Barne-TV liker vi ikke at Ettermiddagsnytt kommer så like før. Barn som er mindre enn oss er det sikkert enda dummere for.

Vi synes Dagsrevyen skal være kl. 9 (21).

Vi synes det hadde vært veldig kjekt med et nyhetsprogram for barn, for det er mange ting vi gjerne vil vite noe om. Det er ikke riktig at det bare er voksne som skal bestemme, synes vi.

Vi håper du kan hjelpe oss.

Hilsen
(9 barn)

Dei som såleis vende seg til Barneombodet, fekk direkte svar, der det vart fortalt kva som var gjort og kva som skulle gjerast vidare med denne saka. Dette er skildra seinare under punktet Barn og massemedia.

Prinsippsaker:

BARN SOM FORBRUKARAR OG FØREBYGGJING AV BARNEULYKKER er eit prioritert arbeidsområde. Barneombodet tok i 1985 initiativ til eit samarbeid med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet for å få kasta lys over situasjonen for barn som forbrukarar i vid forstand. Det er sett ned ei arbeidsgruppe, som spesielt ser på ulike måtar ein kan bruka for å spreia kunnskap til barn og unge om dei rettar dei har som forbrukarar. Dette arbeidet vil halda fram i 1986.

Norge toppar statistikken i Europa når det gjeld barneulykker. Ein reknar at det årleg skjer 600.000 ulykker i Norge som medfører behandling i helsestellet. Ca. 180.000 av desse ulykkene råkar barn og unge under 18 år. I tillegg skjer det ei rekkje ulykker med mindre skadar som ikkje blir behandla av lækjar. Det er 100 til 120 dødsulykker kvart år i denne aldersgruppa. I underkant av halvparten av desse er trafikkulykker. I forhold til det samla talet på ulykker utgjør trafikkulykkene noko slikt som 15 prosent. 80 prosent av barneulykkene skjer i eller like ved heimen. Svært mange av dei (26%) er heimeulykker.

I Sverige har til samanlikning eit aktivt ulykkesførebyggjande arbeid ført til ein sterk nedgang i talet på barneulykker. I forhold til folketalet har Sverige i dag berre ein tredel av dei ulykkene vi har i Norge. Ei av årsakene til dette er at Sverige har BYGGJEFORSKRIFTER som kan FØREBYGGJA EI REKKJE AV DEI ULYKKENE SOM SKJER I HEIMANE (fall, forbrenningar og forgiftningar). Barneombodet har i denne samanhengen arbeidd for å få tilsvarende forskrifter for norske bustader. Dei ulykkestypene som det er viktig å førebyggja, er:

- forbrenningsskadar, sikring av komfyrar, regulering av varmtvass-temperatur
- forgiftningsskadar, særleg medisin, syre, lut og petroleumprodukt
- fall frå høgd, t.d. trapp (i opninga mellom steg og mellom rekkverkspilar, balkongar, vindaugo, køyesenger, stellebord)
- skjereskadar (ulykker med dør- og vindaugglas).

Tiltak for å førebyggja dei mest vanlege skadane vil ved bygging kosta ca. kr. 2.000 pr. bustad.

Barneombodet inviterte Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, Sosialdepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet og representantar for det oppløyste HUMBU (Handlingsutvalet mot barneulykker) til eit møte om dette problemet. Det vil bli arbeidd vidare med dette spørsmålet i 1986, mellom anna gjennom det nyoppretta Samarbeidsorganet for barnesikkerhet (SAMBA), som vart skipa av Helsedirektøren i 1985. Barneombodet sit som nestleiar i SAMBA.

BARN OG VIDEO er det problemområdet som opptar mest av tida åt Barneombodet innanfor dette omkvervet. Dette har vore ei prioritert arbeidsoppgåve heilt sidan ombodet vart skipa, og er stendig like aktuelt. Sakene som Barneombodet arbeider med viser at:

- foreldre er ofte hjelpelause når det gjeld å kontrollere kva barn og unge ser på TV og video, ute såvel som heime
- det er eit enormt behov for opplysning vedrørende dei eventuelle skadeverknadene overfor barn av video og TV.
- ei rekkje program som blir sende på tider av dagen eller kvelden då barn ser TV, skaper problem for barn i form av angst, mareritt og aggresjon
- barn blir påverka av valdsscener, men også av sjølve livsholdninga i det dei ser, t.d. i seriar som «Dallas», «Dynastiet», «Falcon Crest» og Sky Channels «Fun Factory», og reklamen som er i satellittendingane.

Det arbeidet som Barneombodet gjer med dette blir nærare skildra under prinsippsak-eksemplet som følgjer.

Ei prinsippsak som Barneombodet har arbeidd med 1982 - 1985:

BARN OG MASSEMEDIA er eit saksfelt som Barneombodet har arbeidd mykje med i fleire år.

Første gongen nokon vende seg til ombodet i samband med barn og massemedia, nærare bestemt barn og pornografiske videofilmar, var i august 1981.

I 1982 tok Barneombodet eit initiativ overfor NRK når det galdt tidspunktet for nyttendingane i fjernsynet kl. 17.55 og 19.30. Dette vart gjort etter at fleire barn og vaksne hadde vendt seg til ombodet og fortalt at ulike innslag i «Dagsrevyen» hadde skremt barn og ført til angst og svevnløyse.

I 1982 bad Barneombodet Justisdepartementet vurdere tiltak som kunne regulere distribusjon og merking av videokassetar.

I 1983 gav Barneombodet ei fylldig høyringsfråsegn til NOU 1983:9 Massemedia og mediepolitikk og NOU 1983:3 Lov om film og video.

I 1984 vart dette følgt opp mellom anna på nytt overfor NRK, såleis i eit brev til Kringkastingsrådet, der ein bad om at Dagsrevyen måtte flyttast til kl. 21.00. Samstundes vart det gjort framlegg om at NRK skulle ha eit fast familiemagasin; mellom dei tema som der burde takast opp var behov hos barn på ulike alderssteg, og mediekunnskap. Framlegget om eit eige foreldreoppløysningsmagasin var også tatt opp i 1983. I 1984 uttala Barneombodet seg til NOU 1984:5 Kringkastingsreklame; året etter gjorde ombodet det same til NOU 1985:11 TV2.

Gjennom desse åra har Barneombodet samla forskingsresultat og litteratur om verknadene av TV og video på barn, og ulike former for bruk av video og TV.

Barneombodet har halde ei rekkje foredrag om dette temaet, men kan ikkje på langt nær tala så ofte som det blir bede om. Det er utarbeidd foredrag og litteraturlister; dei blir distribuert til folk som vender seg til Barneombodet.

Barneombodet har óg skrivne føreordet til boka «Vold på skjermen» av J. Bruun Pedersen (Gyldendal 1985). Ut over dette er Barneombodet regelfast med på møte og seminar om dette temaet.

Høyringsfråsegnene byggjer på konkret kunnskap og fastslåtte resultat:

1) Verdier, holdningar og åtfærd hos barn blir påverka av massemedia, på godt og på vondt. Audiovisuelle hjelpemiddel er verdfulle i undervisningssamanheng. Men både auditive og visuelle massemedia kan ha negative verknader, særleg på dei yngste, når dei blir brukte til underhaldning eller meir ukontrollert (t. d. når barn blir utsette for eller bruker massemedia som er laga med tanke på vaksne).

2) Kor sterkt massemedia verkar på barn står både på kvaliteten og kvantiteten av medieforbruket deira. T.d. viser fleire granskningar at for mykje av TV-titting kan gjera barn skade uavhengig av innhaldet i det dei ser. Verknadene av media vil dessutan skifta etter individuelle faktorar i personlegdomen, som intelligens, behov og temperament. Den generelle tilpassing og kunnskapsnivået hos barnet vil óg spela inn.

3) Barn er meir sårbare di yngre dei er. Først i 10 - 12 års alder vil dei ha ei referanseramme som hjelper dei til å gi realistisk innhald til medieinformasjon laga for vaksne.

4) Det som barna lærer (også når det kjem gjennom underhaldningsstoff) vil dei bruka i tolking og forståing av det dei opplever i det verkelege liv. Informasjon via dagspresse, dagsnytt i TV o.l. som blir formidla som rein orientering for vaksne, kan føra til at barn t.d. nektar foreldra å fly «for di alle fly blir kræsja eller kapra». Dei får mareritt og angstreaksjonar, eller blir merkte av ein generell framtidspessimisme eller depresjon.

5) Det som blir formidla via massemedia har óg innverknad på dei åtferdsformer barnet vel. Spesielt vil Barneombodet peika på

- a. verknadene av valds- og aggresjonsinnhald, som klårt fører til auke i slik åtfærd og slike freistnader på konfliktløsning hos barn og unge
- b. verknaden av skrekk-fylt informasjon eller underhaldning, som aukar redsle, angst og pessimisme hos barn.

I ei tid då bruk av media synest å oppta meir og meir av tida hos barn og unge, blir det spesielt viktig å ta nok omsyn til at desse aldersgruppene er så opne for påverknad. Media gir høve til å skapa holdningar og åtferdsmønster; det bør brukast med plan for å påverka utviklinga hos

barna til det gode, og til stønad for foreldre og andre som har ansvar for barn og unge. Massemedia bør mellom anna formidla til barn og unge at dei sjølve kan ta aktiv del i utforminga av deira eiga framtid.

Når det gjeld TV og video, veit vi at negative verknader på barn kan oppstå både avhengig og uavhengig av innhaldet. Det spørst både **kva** barn ser og **kor mykje** dei ser.

Arbeidet åt Barneombodet for å få flytta Dagsrevyen vart intensivert i 1985. Det er i denne samanhengen viktig å vera klår over at denne aksjonen ikkje berre går ut på å få flytta eit program. Diskusjonen av framlegget har stimulert til debatt om korleis barn på ulike alderssteg reagerer på ulike typar av program. Dette har mellom anna resultert i framlegget om eigne sendingar av dagsnytt for barn; dei burde då óg ta opp hjelpearbeid og andre konstruktive freistnader på løysingar etter krig og katastrofar, og tiltak for å førebyggja konfliktar og naturkatastrofar.

Føremålet har vore å stimulera til debatt om barn og media i vid forstand. I april 1985 heldt Barneombodet eit innlegg i Kringkastingsrådet om dette temaet.

Barneombodet inviterte deretter til eit samarbeid med Norsk Lærarlag, Mental Barnehjelp og Norges Husmorforbund: dei skulle gå saman om ein brei aksjon for å få flytta Dagsrevyen til kl. 20.30 eller 21.00. Norges Husmorforbund hadde på dette tidspunkt sett i gang ein postkort-aksjon med same mål. Barneombodet hadde i si faste spalte i bladet «Foreldre og barn» bede foreldre reagera på framlegget om flytting av Dagsrevyen. På oppmodinga i «Foreldre og barn» fekk Barneombodet meir enn 2.500 svar, og svært mange postkort vart direkte sende til styret i NRK med ønske om å få flytta Dagsrevyen. I samarbeid med dei tre organisasjonane som er nemnde ovanfor sende Barneombodet spurnad til vel 60 landsomfattande organisasjonar, inkl. dei politiske partia, og bad om deira syn på framlegget. Svarfristen vart sett til 31.12.1985.


Høyringsfråsegner:

Barneombodet har i 1985 avgitt 4 høyringsfråsegner på dette feltet.

I si høyringsfråsegn til Justisdepartementet om STRAFVELOVSRÅDETS UTREDNING OM PORNOGRAFI gav Barneombodet støtte til framlegg om i sterkare grad å kontrollera sal og omsetning av pornografi, og sa seg



Postkortaksjon for å få Dagsrevyen seinere på kvelder



Oddny Tofte Arnevik fra Rubbestadneset i Hordaland har startet en postkortaksjon for å flytte Dagsrevyen til seinere på kvelden. Hun har trykt opp postkort som viser en familie med små barn. Dagsrevyen starter kl. 19.30. Kringkastingstingsrådene i Kjøbenhavn, Lat og Sen er enige om å flytte Dagsrevyen til kl. 20.30.

Endring i saken ble i 1984 med svar fra Kringkastingstinget om at det ikke foretar flytting av Dagsrevyen. Barneombudet har også behandlet saken og bl.a. inviterer til arbeid om dette. Barneombudet foreslår at Dagsrevyen bør flyttes til kl. 21.

Dagsrevyen og barna



Flytt Dagsrevyen!

Det er en hard og vond verden vi lever i. Påminnelser om det får vi daglig gjennom aviser, radio og TV. Særlig TV-innslag virker, av åpenbare grunner, ofte svært sterkt. Det gjaldt for eksempel Dagsrevyens filminnslag nylig fra den opprørende ter-



Vis smidighet, Bjartmar Gjerde

aksjonen mot en israelsk s... om lå for i den kypriotiske byen... øvrig er ant reise- og feriem... urister. israelere ble... Dags- en så vi... på

«Flytt Dagsrevyen»

Programredaktør uenig med barneombudet: Prioriter barna, NRK. Send Dagsrevyen senere på kvelden. er landsmøtet i Kristelig Kringkastingslag, er organisasjon for 28 kristne organisasjoner og som kommer med denne oppfordringen.

Med sine mange sterke minnslag, kan program skape angst hos de yngste. Dagsrevyen kan altså flyttes på å bryte med den trykningen i omgivelsene som er viktig for barn. heter det i møte-resolusjonen. ten med blant annet det. Norges H... en rekke

«Snill» Kan aldri lage en Dagsrevy

Jeg har stor forståelse for at småbarnsforeldre gjerne kan tenke seg Dagsrevyen lagt senere på kvelden, men da ut fra argumentet om å få tid til å legge barna i ro og fred, og deretter ha anledning til å få med seg nyhetene. Barneombudet er uenig i dette.

ner har jeg mindre forståelse for. Dagsrevyen er et informasjonprogram for voksne. Det må være foreldrenes ansvar å sørge for at barna ikke blir påvirket av programmet. Det er programredaktøren som har godtt av. Det er programredaktøren som sier dette til foreldre. Det synes som ein støyter på ein passiv mur av tidspunktet for Dagsrevyen i fjernsynet. Det skryt opprop dei har sendt ut.

Senterkvinnene: Dagsrevyen bør gå senere på kvelden

Oslo (SP) - Styret for Senterkvinnene har i en uttalelse støttet kravet fra barneombud Målfrid Grude Flekkøy om å flytte dagsrevyen i TV til et senere tidspunkt på kvelden. Senterkvinnene mener at den bør flyttes til kl. 20.00 eller 20.30.

Det er varslet økt press mot NRK for å få fram en beslutning om å flytte Dagsrevyen til et senere tidspunkt. Barneombudet, Norges Husmorforbund, Kristelig Kringkastingslag, Norsk Lærerlag og Mental Barnehjelp kommer sannsynligvis til å stå sammen om en større aksjon i november. Man forventer at det tas avgjørende hensyn til barna.

Dagsrevyen ikke trygt program

Oslo (NTB): - Dagsrevyen er ikke et familietrygt program, mener Kristelig Kringkastingslag (KKL) og støtter Barneombudets og Norges Husmorforbunds krav om at Dagsrevyen flyttes til klokka 21. I et brev til kringkastingsjefen skriver KKL at Dags-

revyen ikke er noe barneprogram. - Med sine mange sterke filminnslag kan den skape angst og er dermed lite egnet til å gi yngre barn en sakssvarende virkelighetsforståelse. Foreldre har rett til selv å velge hva slags påvirkning de vil utsette barna sine for.

Derfor er det viktig at foreldre vet hva de kan vente seg av NRK, slik at det er praktisk mulig å ha kontroll over inntrykkene på en forsvarlig måte, mener KKL. Laget anmoder NRK om å ta denne saken opp til fornyet vurdering.

Det synes som ein støyter på ein passiv mur av tidspunktet for Dagsrevyen i fjernsynet. Det skryt opprop dei har sendt ut.

nøgd med at det i lovs form skulle presiserast at alle former for barnepornografi vart forbodne. Barneombodet stødde også framlegget om forbod mot valds-, dyre- og annan «grov» pornografi.

Videovald, ofte kobla til pornografi, er etter dei røynsler som Barneombodet har, tilgjengeleg også for mindreårige.

Barneombodet peika på at det kan vera problem med å handheva lova. Spesielt oppstår det vanskar med å kontrollera den omsetning som skjer via postordre. Barneombodet stødde framlegget om forbod mot utstilling, og foreslo i tillegg totalforbod mot alle former for reklame og annonsering. Barneombodet gjorde vidare framlegg om ei aldersgrense på 16 år for kjøp av alle pornografiske produkt. Holdningsendring og informasjon er i denne samanhengen viktig. Fengsel og bøter har avgrensa verknad. For barn og unge er det viktig at vaksne får kjennskap til mogelege skadeverknader, og at barn får sakleg og positiv informasjon om seksualitet.

I høyringsfråsegn til FORSLAG OM OPPHEVELSE AV MARKEDSFØRINGSLOVENS § 4 og 5, avgitt til Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, uttala Barneombodet at det ligg stor vekt på at barn og unge er sikra eit optimalt vern i forbrukarsamheng. Ein bør arbeida fram mot ei lovgjeving som skaper oversiktlege og «reinslege» marknadsforhold. Kunnskap om reglane må spreiaast til forbrukarane. Det bør givast informasjon som er tilpassa barn og ungdom.

Barneombodet meiner vidare at det bør vera eit klårt forbod mot tilgift og utlodding som salsfremmande tiltak.

I høyringsfråsegna til RETNINGSLINJER FOR SIKKERHETSEGENSKAPER VED BARNEPULK, avgitt til Statens Forurensningstilsyn, gav Barneombodet støtte til at det blir utarbeidd klare retningsliner til dei krav som bør setjast til barnepulkar. Barneombodet peika på at alle pulkar som fyller krava, burde merkast med: «Følgjer offentlege retningsliner for trygd». Det er viktig at forbrukarane/foreldra veit at det produktet dei kjøper, gir barna høgast mogeleg trygd mot helseskadar. Ei offentlig godkjenning og merking av pulkane vil difor vera ønskeleg. Det er òg viktig å gi forbrukarane betre kunnskap om kva omsyn ein må ta med barn i pulk. Ved sal av pulk bør det vera påbod om at informasjon om dette blir gitt i form av ein gratis brosjyre eller liknande.

Den høyringsfråsegn Barneombodet gav til NOU 1985:11 TV2, send til Kultur- og vitskapsdepartementet, var naturleg samla om verknadene av eit eventuelt norsk TV2 på barn og unge.

Barneombodet gav stønad til at det blir etablert ein ny, landsdekkjande kanal, under visse føresetnader:

1) Barn og unge er ei spesielt sårbar sjåar-gruppe. Norske sjåarar får etter kvart tilbod av TV-kanalar og video i auka omfang. Då er det viktig at det blir etablert kanalar som tar omsyn til kor modne barn er, kva utviklingssteg dei

står på, og kor påverkelege dei er. Barneombodet meiner at det bør etablerast norske «barnesikre» kanalar.


2) Auka tilgang på program laga av og for barn og unge er òg eit viktig verkemiddel til å motverka uheldige sider ved barns forbruk av fjernsyn. Etablering av eit TV2 vil kunna opna større høve til å laga lokale program produserte av og for barn og unge. Føresetnaden er då at ein får rådvelde over økonomiske middel, ekspertise og teknisk utstyr slik at også barn og unge verkeleg får høve til å laga og vera med i programma sjølve.

3) Barneombodet går imot at det skal innførast eit reklamefinansiert TV2. Barneombodet viser i den samheng til dei skadeverknader reklame har på barn. Skulle reklame likevel bli godtatt, gjer Barneombodet framlegg om at det i regelverket blir sett ei rekkje vilkår, som t.d. reklamefrie sendingar før kl. 21.00 og reklamefritt ein dag i veka (t.d. laurdag).

e. FAMILIESITUASJONEN

Saker som rører ved ulike spørsmål om familiesituasjonen utgjer om lag 1/3 av alle saker hos Barneombodet, dvs. 242 saker i 1985. I fireårsperioden arbeidde Barneombodet med i alt 927 saker innanfor dette saksområdet.

Sakene i 1985 fordeler seg innanfor følgjande område:



(Jfr. tabell 29, del V)

21 av sakene vart tatt opp av barn.

60% av sakene innanfor dette området galdt problem i samband med skilsmål, separasjon, barnfordeling, foreldreansvar, dagleg omsorg, og samværsrett. Også meir enn halvparten av dei sakene som barna sjølve tar opp, er problem som rører ved desse tema.

Etter sin instruks skal Barneombodet «avvise henvendelser om konkrete enkeltkonflikter mellom barn og foreldre», og problem mellom foreldre om utøvinga av foreldreansvaret. Difor blir 47% av sakene innanfor heile dette sakområdet avvist.

Jamvel om så mange saker blir avviste, bruker Barneombodet mykje tid på å gi informasjon om lovverket, spesielt om dei rettar og plikter barnet har, og gir dessutan informasjon om sentrale og lokale anke- og hjelpeinstansar. I stor mon blir det gitt både juridiske og også psykologiske råd. Om saka blir avvist, blir såleis den som vender seg til ombodet, likevel hjulpet eit stykke på veg. Desse sakene kan på denne måten bli tidkrevjande; det

tar ofte tid å finna ut kva instansar som er dei rette i kvart enkelt tilfelle. Grovt sett bruker kontoret kvart år ei halv saksbehandlarstilling til desse sakene.

Den pågang ombodet får frå foreldre som har problem med barneoppsedinga, og problem i samband med skilsmål og samværsrett, syner klårt at det her er behov for utvida informasjon om hjelpeapparatet og om lovverket.

På dette saksområdet fell så mange enkelt saker inn under den teieplikt som kontoret har, at dei få som ikkje gjer det, heller ikkje er representative. Difor vel vi her å ta særleg føre oss prinsipp sakene.

Prinsipp saker:

På dette feltet er det ei rekkje saker som Barneombodet har arbeidd med kontinuerleg gjennom fireårsperioden. Temaet BARN OG SKILSMÅL er her sentralt. Dei problem som blir tatt opp med Ombodet gjennom alle enkelt sakene vedrørande skilsmål og separasjon, samværsrett og barnefordeling gir grunnlaget for dei prinsipp sakene som det blir arbeidd med. Barneombodet har i den samanheng gjort framlegg om følgjande tiltak:

- Barn bør ha sin eigen talsperson («advokat») i barnefordelingssaker.
- Alle foreldre som søker separasjon, bør få tilbod om gjennomsnittleg to samtalar om planane deira for barna. Ei slik ordning kunne koma i staden for den noverande forliksmekling.
- Retningslinjer for bruk av sakkunnige i barnefordelings- og barnevernssaker ville trygda nivået og nytta for barn, foreldre, retten og dei sakkunnige sjølve.
- Informasjon bør omfatta barns behov for at dei, også etter at foreldra går frå kvarandre, får vera saman med alle besteforeldra sine som før.
- Ein bør vurdere den rett som barna har til sjølve å be om revurdering av situasjonen sin, t.d. etter 12 års alder.
- Betre koordinering av barnevernlov og barnelov bør spesielt gjera det mogeleg for barnevernet å flytta a) eit barn til den andre av foreldra dersom barnevernet finn dette føremålstenleg, b) å nekta/avgrensa samvære utan å måtta ta foreldreansvaret eller omsorga frå den av foreldra som barnet bur hos.
- Betring av dei økonomiske vilkåra for barn av skilde foreldre, mellom anna ved å leggja dei faktiske kostnader ved å ha barn til grunn for storleiken på bidraget, ved skattlegging av bidraget hos han eller ho som yter det, og ved ordningar som kan motverka at reiseutgifter ved samvære blir ei økonomisk hindring for samværet.

tera ideal og realitetar i lovverket; dei røynsler som Barneombodet har samla opp frå alle enkelt sakene, kjem her til god nytte.

Røynslene frå dette arbeidet syner at behovet for foreldreopplysning er stort. Framleis arbeider Barneombodet difor bl.a. for å få i gang i NRK eit eige FAMILIEMAGASIN/FORELDREMAGASIN, der temaet barn, familie og samfunn kan diskuteras.

BARN S RETTAR, OG SÆRLEG FORHOLDA FOR SMÅBARNFORELDRE I ARBEIDSLIVET er eit anna sentralt felt. Saker som Barneombodet arbeider med er mellom anna:

- betre ordningar for permisjonar
- med lønn etter fødsel
- når barn er sjuke
- i samband med adopsjon
- når barn byrjar på skolen
- ferie/permisjon når barna har skoleferiar.

Eit tema som óg stendig kjem tilbake er RETTAR I SAMBAND MED MILITÆRTENEST OG SONING AV FENGSELSSTRAFF i relasjon til omsorgspliktene overfor barn.

Familiesituasjonen med omsyn til arbeid, økonomi, bustad og bustadsmiljø er avgjerande viktig for levekåra og velværet åt det ein skilde barnet. Barneombodet fekk i 1985 inn ei rekkje saker som rørte også ved desse sidene av oppvekstmiljøet. Eit viktig felt er ØKONOMIEN I BARNEFAMILIANE. Det kan oppstå problem ved separasjon og skilsmål, fastsetjing av bidrag o.l. Men dei store utgiftene som barnefamiliane i dag har, mellom anna til bustad, gjer ofte at ein familie må ha to inntekter. Dette skaper store problem for dei ein skilde familiane. Einslege forsørgjarar kjem i den samanhengen spesielt vanskeleg ut.

Behovet hos barnet kan koma i konflikt med dei RETTAR FORELDRE HAR SOM ARBEIDSTAKARAR; spesielt i samband med sjukdom hos heilt små barn, skoleferiar o.l. kan slikt bli tatt opp. Det barn sjølve er mest opp-tatt av, er dei rett ar som dei har overfor foreldra, og innhaldet i og grensene for foreldreansvaret.



Problem innanfor dette feltet er temaet i mange av foredrag a t Barneombodet. Det er stor interesse for å disku-

Høyringsfråsegner

Barneombodet gav i 1985 to høyringsfråsegner innanfor dette saksområdet. Den eine var til Stortingsmelding 50 (1984-85) om FAMILIEPOLITIKKEN, og vart sendt til sosialkomiteen i Stortinget.

Denne fråsegna fekk brei omtale i pressa, både på grunn av dei mange konkrete kommentarane og sjølv framlegga, men og for di somme meinte at Barneombodet i si fråsegn hevda partipolitiske standpunkt. Barneombodet viste til at fråsegnene inneheldt framlegg til tiltak som kunne finnast att hos 4 - 5 ulike politiske parti. Slik Barneombodet ser det, er ikkje barne- og familiesakene sette høgt nok oppe på partiprogramma. Reelle endringar får ein ved å kombinera framlegg frå ulike parti, og å forma ut ein politikk som verkeleg opp-prioriterer situasjonen for barna og barnefamiliane.

Fråsegna frå Barneombodet om **familiepolitikken** inneheld kommentarar og framlegg til tiltak som Barneombodet har arbeidd med i lengre tid. Kommentarane samlar seg kring følgjande punkt:

- **Betre økonomi for barnefamiliane er eit sentralt mål.**

Det er viktig å sjå dei direkte og indirekte overføringane i samanheng med kvarandre og i forhold til dei aukande utgiftene innanfor samfunnet. Det hjelper t.d. lite å auka barnetrygda dersom auken blir meir enn «opp-eten» av bustad-utgifter, auka foreldrebetaling i barnehagen, eller auka matvareprisar. Barneombodet ser det som ei sentral oppgåve at det blir klårgjort kva som er eit akseptabelt nivå for levestandarden hos barn. Kva kostar barn på ulike alderssteg, dersom barnet skal ha ein akseptabel levestandard? Dette kan variera i ulike miljø såvel som på ulike alderssteg. Slike utrekningar må omfatta kostnader i samband med naudsynt forbruk, og kostnader ved ulike omsorgstiltak. Dei vil spesielt vera viktige når ein skal setja fast satsar for offentlege eller private overføringar, så som barnetrygd og barnebidrag, og spesielle overføringar til svakstilte grupper, t.d. åleineforeldre.

- **Fødselspermisjonen med lønn bør aukast til eitt år.**

Barneombodet viser i den samanheng til dei rettar og reglar som finst i dei andre nordiske land. Sverige har t.d. 12 mnd. permisjon med lønnskompensasjon; 26 veker skal takast ut etter fødsel og 26 veker skal takast ut gjennom dei første 8 leveår åt barnet. Danmark har 24 veker fødselspermisjon med lønn.

- **Retten til permisjon og retten til lønn blir «løyste» frå kvarandre.**

Dersom foreldre t.d. får rett til 1 års permisjon, men med berre eit 1/2 års lønn, vil somme foreldre heller velja å ha full lønn i eit 1/2 år, medan andre vil kunna velja 1/2 lønn eitt heilt år, eller 1/4 lønn i 2 år. Med ein slik auka fleksibilitet vil den einskilde familien lettare kunna finna fram til den ordninga som tener barnet best. Om t.d. ein av foreldra arbeider 1/2 dag, får barnet stuttare dagleg

oppaldstid hos dagmamma eller i barnehage.

Om alle foreldre får rett til eitt års (delvis) lønt permisjon, og den blir rekna frå den dagen då barnet kjem heim, vil behovet for særrettar for adoptivforeldre og foreldre til for tidleg fødte barn falla bort. Dessutan må bondekvinnene då få same vilkår som andre yrkeskvinner.

- **Retten til permisjon når barn eller barnepassar er sjuk bør utvidast.** Norge ligg etter dei andre nordiske landa når det gjeld permisjon ved barns sjukdom. Etter § 33 i Arbeidsmiljølova har i dag kvar av foreldra rett til inntil 10 dagar med full lønn når barn eller barnepassar er sjuk, til og med det året då barnet fyller 10 år. Einslege forsørgjarar har rett til inntil 20 dagar.

I Sverige får foreldre til samanlikning inntil 60 dagar permisjon med lønn pr. barn pr. år, dersom barn eller barnepassar er sjuke, eller skal til lækjar, tannlækjar o.l.

Barneombodet har peika på at den noverande ordninga er for veik. Det er urimeleg at 20 permisjonsdagar innanfor eitt år skal dekkja sjukdom hos eitt eller fleire barn, og i tillegg dei dagane då «dagmamma» er sjuk. Retten til å vera fri når barn er sjuke bør i det minste gjerast avhengig av kor mange barn det er i familien, med rett til å nytta «ubrukne» dagar frå førre året når barna ofte er sjuke innanfor eitt kalenderår. Retten til permisjon bør óg gjelda til og med det året barnet fyller 12 år. Barnet bør ha rett til å ha ein av foreldra heime når det er sjukt, i det minste fram til denne alderen, kanskje heilt opp til 14 - 15 år.

- Barneombodet peika til slutt i høyringsfråsegna på behovet for at FAMILIAR MED FUNKSJONSHEMMA BARN FÅR AVLASTINGSTILTAK, ØKONOMISK KOMPENSASJON OG UTVIDA RETT TIL PERMISJON.

Den andre høyringsfråsegna innanfor dette saksområdet galdt HVILKE LOVMESSIGE TILTAK SOM BØR FINNE STED VEDRØRENDE KUNSTIG BEFRUKTNING. Fråsegna vart avgitt til Sosialdepartementet.

Slik Barneombodet ser det, reiser spørsmålet om kunstig inseminasjon fleire vanskelege spørsmål, særleg sett ut frå situasjonen for barnet. Barneombodet stødde framlegget om at det er foreldra som bør avgjera kor mykje barnet skal få vita om korleis det har blitt til. Ut frå interesse at barnet kan det óg vera eit spørsmål om barnet skal ha ein sjølvstendig rett ved fylte 18 år til å få kjennskap til det verkelege opphavet sitt.

Det vanskelegaste spørsmålet i denne samanhengen er om barnet skal ha rett til å få full kjennskap til sitt biologiske opphav, dvs. om barnet skal ha rett til å vita kven som var sædgivar. I utgreiinga vart det gjort framlegg om

at barnet ikkje skulle ha tilgang til å finna ut kven som var den biologiske faren. Praksis i vårt land i dag, med inseminering frå fleire sædgivarar, gjer det heller ikkje mogeleg å finna ut kven som er biologisk far. Barneombodet vil til dette gjera den merknad at kjennskap til slektskap og biologiske røter står sentralt i vår kultur. Mange vil hevda at det er ein menneskerett å kjenna sine biologiske røter. På andre sida veit vi lite om verknader for barn ved at dei ikkje kjenner sitt biologiske opphav.


Ein eventuell rett til å få kunnskap om identiteten til sin biologiske far kan det bli vanskeleg for barnet å forhalda seg til, også for di ein ikkje kan venta at biologisk far har nokon plikter overfor barnet. Det er den sosiale/juridiske faren som vil vera den sentrale for barnet. Det vil difor vera av interesse å følgja utviklinga i Sveriga, der dei har oppheva retten for sædgivaren til å vera anonym.

f. BARN OG PLANLEGGING


Planleggingssakene spanar over eit breitt spektrum. Sakene rører mellom anna ved samfunnsplanlegging generelt, kommuneplanlegging (generalplanar, barneplanar o.l.) og detaljplanlegging av bustadfelt, leikeareal og vegar. Problema vedrørande trygg trafikk, planar for framdrift og gjennomføring, forureining og miljøvernsspørsmål kjem óg inn her.

I 1985 arbeidde Barneombodet med 98 saker innanfor dette området. I fireårsperioden har ombodet totalt arbeidd med 428 saker.

Sakene i 1985 fordeler seg innanfor følgjande område:



Av sakene vart 6 reiste direkte av barn.



Som ein vil sjå av tabell 30 i Del V gjeld sakene stort sett dei same spørsmål som i tidlegare år. 60% av sakene gjeld vegtrafikkplanar og deira konsekvensar for barn, farleg skoleveg eller andre problem i samanheng med trygg trafikk.

Dei saker som barna sjølve har tatt opp, gjeld trafikktryggleik og leiketilhøve i eksisterande bustadsområde.

Dei fleste saker Barneombodet arbeider med gjeld planlegging i eksisterande bustadsområde. Tema som går att i einskildsakene samlar seg kring følgjande problemstillingar:

- Leikeareal blir omregulerte til andre formål
- både naturlege leikeareal og regulerte leike/friområde blir rekna som reserveareal og kan difor lettbrukast til andre formål
- mangel på leikeareal i eksisterande område og på planar for nye område
- areal for barn blir lokaliserte på stader som er lite høvelege
- planlagde leikeareal blir ikkje opparbeidde
- leikeareala får ei utforming som ikkje stimulerer til konstruktiv, kreativ aktivitet
- leiken til barna, og behovet deira for å falda seg ut, kjem lett i konflikt med behov og interesser hos andre grupper som bur på staden, t.d. i saker der barneleiken blir sett på som «bråk», sjenerer dei vaksne, eller gir bustadområdet ord for «dårleg kvalitet».
- vegtrafikkplanlegginga tar ikkje omsyn til behov hos barn
- nye vegar blir ofte lagde nær bustad- og/eller leikeområda
- bustadfortetting og utbygging aukar trafikken og skaper angst hos barn og omsorgsangst hos foreldre
- trafikksaneringsplanar møter motstand frå dei som bur på staden, frå næringslivet, o.l.
- konflikt mellom barns behov for trygd og trafikkfrie leikeplassar og dei vaksne sine krav og ønske om å koma raskt fram
- etablerte sikringstiltak blir tatt bort på grunn av protest frå bilorganisasjonar
- det vantar gang- og sykkelvegar
- aukande motstand mot å planleggja nye bustadområde der bilar og barn blir haldne frå kvarandre. Det blir planlagt bustader med bilveg heilt fram til kvart hus.

Ei grunnleggjande årsak til desse problema er at barn er ei veik interessegruppe utan eigne organisasjonar, med lite eller inkje høve til å delta sjølve i avgjerdsprosessane, og med få sterke talspersonar i dei impliserte offentlege organ. Barn er difor avhengige av at det finst eit offentleg trygdenett som sikrar dei rettar dei har; samstundes må dei ha personar som talar deira sak i alle delar av forvaltningsapparatet, som t.d. Stortinget, kommunestyre, byggningsråd, bydelsutval, velforening, burettslag osv. Vi viser i denne samanhengen til Del IV i årsmeldinga.

Eksempel på einskildsak:

Barneombodet fekk i oktober 1985 ei rekkje brev frå barn i eit av dei nordlegaste fylka i landet. Vi tar med eitt av dei her nedanfor:

Hei barneombudet!

Fy søren, det var dårlig gjort! Vi syns vi burde få en trafiksikker skolevei. De kunne vel alltid erstatte fartsompene med trafikkllys eller overgangsbru. Men det har vel ikke den fattige kommunen RÅD til. Det har de aldri når det gjelder **barn**. Om en bussjåfør homper litt opp og ned kan han vel ofre det for et skolebarn. Det nytter ikke bare med fotgjengerovergang. Bilene stopper jo ikke, men kjører heller som de skulle være i et racerløp. Bussjåførene burde tenke seg om før de beklaget seg. Tenk om de måtte stå en lang stund og vente på å gå over veien. Det er derfor vi demonstrerer. VI VIL IKKE DØ UNDER BILHJULET.

Hilsen to sinte skolebarn!

Saka galdt ein trafikkfarleg skoleveg der det var laga humpar i vegbanen for å sikra låg fart. All forskning viser at skilting åleine ikkje er nok for å sikra låg fart. Humpane møtte sterk motstand mellom anna frå bilorganisasjonane. Spesielt galdt dette bussjåførane, som hevda at humpane var «belastende» og helsefarlege; dei viste i den samanheng til Arbeidsmiljølova.

Dette førte til at dei komunale styresmaktene vedtok å ta bort humpane; andre tiltak skulle vurderast i staden. Barneombodet uttala seg alt i 1983 til same fylket om humpar som fartsreducerande tiltak, og peika på at fysiske tiltak av denne typen er det mest effektive når ein tenkjer på trygg trafikk. Det vil og gi kommunen urimelege kostnader å ta bort humpar som alt finst, og opparbeida nye, kostesame tiltak i staden.

I 1985 vart humpane likevel tatt bort, trass i at trafikkmengda på vegen har auka monaleg sidan dette vedtaket vart gjort. Då skreiv Barneombodet atter til kommunen, sa seg lei for det som hadde skjett, og heldt fram:

«Som fartsreducerende tiltak har erfaringene til nå vist at humper kombinert med skilting er svært effektive. Vi er kjent med at bruk av humper blant annet har ført til protester fra bussjåførere. Det vises i den forbindelse bl.a. til Arbeidstilsynets brev til Xbuss A/S av 30. november 1982, der det presiseres:

«De sjåførene som kjører X-ruten vil i løpet av et skift passere fartsdempende humper mange ganger. En har vurdert om passeringene kan innebære uheldig påkjening for sjåførens rygg. Både passering i 20 km/time og 30 km/time innebærer betydelig bevegelse av sjåføren i sjåførstolen. Det dreier seg om en avfjæret bevegelse som kan synes et øieblikk å redusere førerens kontroll med bussen.

En har ikke dokumentasjon som godtgjør at slike gjentatte bevegelser i seg selv kan medføre sykdomstilstander i ryggen. Men selv med moderne sjåførstoler har

buss-sjåføren en relativt bundet arbeidsstilling som i visse tilfeller vil kunne bidra til tilstander som ryggsmertor. I tilfeller der sjåføren allerede har en tilstand med ryggsmertor vil fartsdempende humper kunne virke negativt. (vår utheving nå).

Uttalelsen fra arbeidstilsynet synes ikke å gi faglig dokumentasjon for at det er forbundet med helsefare å være yrkessjåfør i en busstrase med humper. Det antydes at humpene kan være belastende for sjåførar som **allerede** har ryggplager. Det sies imidlertid ikke noe om denne belastningen kan reduseres dersom svært lav fart benyttes over humpene.

Etter Barneombudets syn må eventuelle ulemper ved denne type tiltak under enhver omstendighet vurderes opp imot trafikksikkerheten for de myke trafikantene. Barn har i denne sammenheng få muligheter for å bringe fram sine erfaringer med tiltaket; barn er ikke selv representert i organer der beslutninger av denne type fattes. De voksne har derfor en plikt til å ta hensyn til barnas situasjon, interesser og behov i vurderingen av slike saker. Barn har som kjent ingen oppvekstmiljølov å vise til, i motsetning til arbeidstakerne som har sin arbeidsmiljølov».

At humpene vart tatt bort utan at det vart gjennomført andre tiltak som hadde same fartsdempande effekt, gjorde skolevegen svært farleg, og førde til sterke reaksjonar frå folket på staden. Barna sjølve gjekk mellom anna ut i skolestreik.

Saka er framleis konfliktfylt ved utgangen av 1985. Barneombodet har fått melding om at farten på vegstrekninnga har auka monaleg etter at dei tok bort humpene. Barneombodet vil difor engasjera seg i saka også i 1986.

Prinsippaker:

Mange av einskildsakene og prinsippakene blir under dette saksområdet innarbeidde i høyringsfråsegnene. Meir enn innanfor dei andre felte er løysinga på planleggingssakene å finna i lovendringar eller andre reguleringsiltak sette i verk av sentrale styresmakter. Barneombodet har i ulike samanhengar bede om at INTERESSENE ÅT BARNNA MÅ SIKRAST MED KLÅRE ORD I LOVA. Dette er gjort i samband med FORSLAG OM EI EIGA LOV OM OPPVEKSTMILJØET FOR BARN OG UNGE (sjå Del IV), og i arbeidet med å sikra barns interesser i bygningsslova og ØNSKET OM BARNESIKKERHETSKRAV TIL BYGGEFORSKRIFTENE.

Barneombodet har og tatt initiativet til sammmøte med ulike organisasjonar og departement for å diskutera moglege tiltak for i sterkare grad å sikra barns interesser i planleggingssamanheng. Eit døme på dette er samarbeidet mellom 16 departement og organisasjonar for å utarbeida heftet «Gjør trafikkmiljøet sikrere», utgitt i 1985. Dette er eit opplysnings- og studiehefte som gir informasjon om:

- kor effektive ulike tiltak er
- kva dei kostar

- korleis saksgangen må vera
- kven som har mynd til å gjera vedtak

Røynslene til no er at informasjonsmaterieil av denne typen er til stor hjelp for folket på staden i arbeidet med å skapa meir trygg trafikk.


I februar 1985 vart det halde eit sammmøte mellom Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, Miljøverndepartementet, Kommunal- og administrasjonsdepartementet, Sosialdepartementet, Samferdselsdepartementet og Barneombodet, som alle har ansvar for barns oppvekstmiljø. På møtet vart ansvaret for barns interesser i planlegginga, og behov for ulike tiltak og samordning drøfta.

Barneombodet fungerer i dag ofte som eit slag ankeinstans og rettleiingsinstans for einskildmenneske, organisasjonar, fagfolk, planleggjarar og politikarar når det gjeld planleggingssaker. Men det er ikkje oppgava for Barneombodet å driva kontinuerleg saksbehandlingsarbeid med einskildsaker av denne typen. Målet for Barneombodet er difor at dei departement som har eit overordna ansvar for barn og/eller planlegging, i sterkare grad må arbeida med å styrkja barns situasjon og interesser i planleggingsprosessen.

Jamvel om det er vanskeleg å få til lovreglar og økonomiske ordningar som kan styrkja barns interesser, er det likevel mykje som kan gjerast, mellom anna på rettleiingssida. Det er eit stort behov for informasjon og rettleiingsmateriale til kommunane når det gjeld kunnskap om barn og barneplan-faglege spørsmål. Det bør stillast krav til at generalplanane i kommunane skal kartleggja konsekvensar for barn. Dersom dette ikkje er gjort, må det vera mogleg å stogga eit prosjekt inntil barnekonsekvensane er utgreidde. Barneombodet har fått røyna at dei som er opptatt av barn kjem seint inn i prosessen, og at Barneombodet t.d. først har fått kjennskap til saka når ho så å seia er avgjort. Det bør vurderast om ei sentral eller fylkeskommunal styresmakt bør givast makt til å utsetja planleggingssaker inntil omsyna til barna er skildra og klårlagde i planen.

Dei planleggingssaker som Barneombodet har arbeidt med, syner at konsekvensanalysar i tilknytning til f.eks. vegplanlegging ikkje godt nok kartlegg korleis planen verkar inn på barna. Her trengst det óg å utvikla betre metodar. Kravet om at saksframstillinga skal omfatta konsekvensar for barn vil gi politikarane eit betre grunnlag for sine vedtak. Somme «barnefiendslege» vedtak har utvilsamt sin bakgrunn i at politikarane ikkje klårt nok ser dei konsekvensar planane har for barn, før det er for seint. Dette aktualiserer atter det framlegget som Barneombodet alt tidlegare har sett fram, at det trengst barne-sakkunnige personal i t.d. generalplanutval og bygningssråd.

Barneombodet følgjer óg med interesse det barneplanarbeidet som no er i gang i om lag halvparten av alle norske kommunar. Barneplanarbeidet er aktivt; det er



tverrfagleg, formidlar kunnskap, og byggjer på eit lokalt engasjement. Ved dette kan det gjera sitt til å styrkja barns interesser i det kommunale planleggings- og budsjettarbeidet.

Barneombodet får eit inntrykk av at dei som arbeider med barneplanane saknar rettleiing, mellom anna når det gjeld korleis ein skal få framlegg om tiltak for barn inn i den økonomiske planlegging i kommunane. Utan ei klår økonomisk forankring kan barneplanane lett bli uforpliktande problemskildringar. Kunnskap om kva ein kan tena på førebyggjande tiltak, og kva det kostar **ikkje** å satsa på barn, vil gi dei som arbeider for barn betre argument. Det bør utarbeidast eige informasjonsmateriale på dette området.

Eksempel på prinsipp sak:

VEGAR FRAM TIL NYE BUSTAD-OMRÅDE - KONSEKVENSNAR FOR BARNES OPPVEKSTVILKÅR VED Å TIL-LATA BILTRAFIKK HEILT FRAM TIL BUSTADENE.

Arbeidet for å skapa trygg trafikk er eit av dei høgast prioriterte område som Barneombodet arbeider med. Med uro har ombodet merkt seg at det no er ein større tendens enn før til å akseptera planar for nye bustad-område der det blir tillate ei blanding av «mjuke» og «harde» trafikantar. Også sentrale styresmakter godtar og tilrår at vegar fram til bustad-områda skal vera opne for biltrafikk.

I den siste 10-årsperioden har det vore ei aukande forståing for kor viktig det er med trafikkseparerte løysingar. Omfattande gransking, nordisk og internasjonal, har dokumentert og oppsummert røynslene ved å blanda mjuke og harde trafikantar. Desse røynslene syner så tydeleg som ein kan ønskja seg at ei blanding av barn og bil i bustad-område aukar risikoen for ulykker.

Barneombodet får mange vitnemål om kor sterkt barn og foreldra deira er opptatt av at dei nære leik-areala for barn bør vera trafikkfrie. Det er Barneombodet si røynsle at dei trafikkseparerte områda aukar trivselen og trygda for barn og barnefamiliar. Forsking syner at barn leikar, og held seg, heilt nær staden der dei bur, og at aksjonsradiusen er svært liten. Særleg gjeld dette dei mindre barna. Dei fleste barn under 6 år held seg mindre enn 100 meter frå eiga inngangsdør. Heilt opp til 12-årsalderen vil dei fleste barn vera å finna mindre enn 200 meter frå si eiga dør. Det er òg viktig å vera klår over at barn leikar på harde flater, anten no desse er tenkte til leikeplass eller ei. Ei blanding av barneleik og biltrafikk i desse områda aukar faren for ulykker. Gransking viser at fleirtalet av ulykkene med barn som aktive trafikantar skjer heilt nær heimen.

40% av ulykkene med førskolebarn skjer innanfor 100 meter frå heimen.

For Barneombodet er det sentralt at det blir lagt stor vekt på omsynet til barna og til deira behov for trygge og bilfrie leikeområde. Den auka tendensen til å godta ei blanding av barn og bil vil, slik Barneombodet ser det, gjera bumiljøa mindre høvelege for barn og barnefamiliar. Barneombodet er òg kjent med at ulike løysingar med separering har ført til konflikter i somme bustad-område; det har ført til at bilar har køyrt inn i området og skapt farlege situasjonar for di barna trur det er bilfritt. For Barneombodet står det sentralt å finna fram til plan-løysingar som minskar konflikten mellom ulike grupper av dei som bur der, men der omsynet til at barna skal vera sikra og trygge veg tyngst.

Barneombodet engasjerte i 1985 Transportøkonomisk Institutt og Norsk Institutt for By- og Regionplanlegging til å samla den kunnskap som finst på dette feltet. Rapport frå dette arbeidet vil liggja føre våren 1986. Barneombodet vil då invitera til eit tverrfagleg seminar med dette temaet. Der vil mellom anna følgjande problemstillingar stå sentralt:

- Kva for positive og negative røynsler har vi frå trafikkseparerte bustad-område?
- Har dei vaksne og barna gjort ulike røynsler?
- Kan trafikksepareringssystemet formast betre ut, for å hindra konflikter mellom ulike interesser hos dei som bur der?
- Kva for alternative løysingar finst?
- Kva interesser skal vega tyngst - behov og krav hos barna på eit sikkert og trygt uteleikeområde nær huset der dei bur, eller ønsket hos bilistane om å parkera heilt nær inngangsdøra?



- Er det fagleg grunnlag for å hevda at interessene hos mjuke og harde trafikantar kan møtast, dersom vegen til bustaden blir forma ut på ein spesiell måte, med fartsreducerande tiltak?
- På kva område bør det setjast i gang nye forskingsprosjekt?
- Kven skal styra utviklinga av dei nye bustad-område? Korleis kan aktuelle forskingsresultat rettleia og råda dei folkevalde i planleggingsprosessen.

Høyringsfråsegner:

Barneombodet har i 1975 avgitt 7 høyringsfråsegner på dette feltet.

Fråsegn til NOU 1984:9 **Forenklinger i bygningsloven m.v. II** vart gitt til Kommunal- og Arbeidsdepartementet. Barneombodet peika her på at det kunne vera aktuelt å sjå på fellesareal til leik som ei kommunalteknisk investering, som det burde kunna krevjast refusjon for på lik line med veg, vatn og kloakk. Ein vanskeleg økonomisk situasjon i kommunane kan føra til at regulerte friområde ikkje blir innløyste/opparbeidde. Dersom det var mogeleg å få refusjon for felles-areal til leik, er det tenkjeleg at det kunne hindra noko slikt. Barneombodet bad departementet vurdere eit slikt framlegg. Barneombodet viste vidare til at driftsbygningar i landbruket burde koma inn under bygningslovgivinga. Data om barneulykker viser at ca. 20% av ulykkene skjer i tilknytning til driftsbygningane. Vidare bør byggjeforskriftene utvidast med forskrifter for driftsbygningar, og då óg slike som kan hjelpa til å sikra barn.

Når det gjeld byggjeforskriftene, tok Barneombodet atter opp att ønsket om at kravet til å tryggja barna skal inn i byggjeforskriftene. Barneombodet kan her ikkje, som departementet, tru på at rettleiing vil ha stor nok verknad.

KONSEKVENSANALYSAR I TILKNYTING TIL VEGUTGREIING ELLER HOVUDPLAN FOR STØRRE VEGUTBYGGINGSPROSJEKT. I brev til Vegdirektoratet bad Barneombodet om at det skal leggjast stor vekt på rettleiing om dei konsekvensar som vegprosjekt kan få for barn. Eit særleg sentralt forhold når ein vurderer trygd og miljø for barna er ulykkes-risikoen når barn ferdast på tvers av og langs vegen. Bruken av arealet nær vegen er her eit sentralt omsyn. Det vil difor vera nyttig å kartleggja barns ferdselsvanar, skolevegar o.l., for å kunna rekna ut kor mange barn som må kryssa vegen i plan for å koma til skolen, idrettsanlegget osv.

UTKAST TIL RAMMEPLAN FOR FORSKING MED TANKE PÅ TRYGG TRAFIKK. Barneombodet peika på det uheldige i at midla til forskning med tanke på trygg trafikk vart halverte i perioden 1980 til 1984. Barneombodet såg på rammeplanen som eit positivt steg for å få denne forskinga tilbake til sitt tidlegare nivå. Barneombodet peika på kor viktig det er å få breie analysar av den omfat-

tande kunnskap som alt finst om behov og evner hos barn, om ulike sikringstiltak og fysiske miljøforbetringar, og om dei mange planar som blir laga, t.d. med sikte på trafikksanering, men som **ikkje** blir sette ut i livet. Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen er kva for vilkår som må vera til stades for å få vedtatt tiltak som skal skapa trygg trafikk for barn.

I fråsegna til Vegdirektoratet om TILTAK FOR Å REDUSERA TALET PÅ MOTORSYKKELULYKKER stødde Barneombodet framlegget om å halda fast på 16-årsgrrensa for å køyra moped, og om å innføra obligatorisk opplæring og førarbevis. Det er ønskeleg med strengare reaksjonar i samband med trimming av moped/motorsyklar. Ein aktiv og utstrekt periodevis kontroll vil kunna ha ein preventiv verknad. Barneombodet går ut frå at svært mange av ulykkene skjer ved for stor fart. Utgifter til kontrolltiltak bør ein difor sjå i samheng med dei kostnader som ulykkene påfører samfunnet. Barneombodet bad direktoratet vurdere om det er behov for ei nedre aldersgrense for transport av barn som motorsykkelpassasjerar, og kva krav som bør setjast til verne- og trygdutstyr.

HØYRINGSFRÅSEGN TIL VEGSYSTEM OG VEGSTANDARD er avgitt til Vegdirektoratet. Barneombodet samla seg mest om planlegging av vegar fram til dei nye bustadområda, med dei uheldige konsekvensane av å tilfalle biltrafikk på desse vegane heilt fram til husa; jfr. den prinsippasaka som er skildra ovanfor. I tillegg peika Barneombodet på at retningslinene grundigare burde understreka kor viktig det er med låg fart, og inngåande burde gå inn på ulike tiltak for å redusera farten. Retningslinene bør óg visa til aktuell litteratur, som går nærare inn på spørsmålet barn og trafikk.

Barneombodet stødde i fråsegna til Vegdirektoratet FRAMLEGGET OM Å INNFØRA OBLIGATORISK MOPEDFØRAROPPLÆRING for mopedistar i alderen 16 til 20 år. Barneombodet foreslo at kursplanen også burde innehalda informasjonar om korleis mopedførarane skal bera seg overfor ulike grupper av trafikantar, ikkje berre (som i framlegget) overfor andre køyrande trafikantar. Det er viktig at også mopedførarar får betre kunnskap om korleis barn oppfører seg i trafikken, og korleis barn er i stand til å meistra trafikken på ulike alderssteg.



DEL IV

FORELDREANSVAR OG OFFENTLEG ANSVAR FOR BARN. KVEN SKAL GJERA KVA?

Foreldra er det viktigaste barn har


Barn har gjennom heile oppveksten behov for kjærleik frå og kontakt med vaksne, omsorg og stimulering. Dei treng opplæring, om forhold mellom menneske, sosiale normer, etiske verdiar og moralske holdningar. Dei må óg få dei kunnskapane om verda som dei treng for å fungera som sjølvstendige, omsorgsfulle, ansvarlege, målmedvitne og samfunnsmedvitne vaksne. Hovudansvaret for mykje av denne læringa ligg i familien, først og fremst hos foreldra, som óg skal syta for den fysiske helsa åt barnet.

Foreldra har med dette eit ansvar som tar tid, krev tålmod og omtanke, og ikkje minst innsikt i dei behov barn har på ulike alderssteg. Mange foreldre finn at dette no er spesielt vanskeleg, for di dei av ulike grunnar ikkje kan eller vil overføra det som deira eigne foreldre stod for eller nytta seg av i si oppseding. Den autoritære oppsedinga har vike for ei forståing av at praksis må tilpassast til det vi kan venta av barn på ulike alderssteg. Men mange foreldre opplever at dei ikkje veit nok om kva som er rimelege forventningar og rette krav, og kva for grenser som skal setjast og korleis, eller når foreldra klårt må stå fram som autoritetane i familien. Å vera autoritet er noko anna enn å vera autoritær, og barna må ikkje snytast for det dei vaksne kan og veit.

Utviklinga i samfunnet går fortare enn nokon gong før. Mange foreldre oppdagar at røynsler frå deira eigen barndom er forelda og ikkje så lett kan brukast som innfallsvinkel til å forstå barna i dag. På somme område **vantar** foreldra eigne barndomsopplevingar: deira eigne barn opplever situasjonar som ikkje fanst då foreldra var små.

Foreldreansvaret er vanskelegare enn før

Foreldra har og bør ha hovudansvaret for barn. Endringar i samfunnet og i familiestrukturen fører til at foreldreansvaret endrar karakter. Kjernefamilien (mor, far, barn) er blitt ei mindre eining, men har meir å seia enn før som sosialt utgangspunkt og ramme for barna sitt liv. Tidlegare hadde medlemene i familien oftare arbeidet sitt nærare heimen. Barna var nær dei vaksne **fysisk**, - **inne** for di dei fleste aktivitetar gjekk føre seg i fellesrom, **ute** for di arbeidet vart utført like ved heimehusa. I kjenslelivet var sambandet kanskje noko fjernare enn i dag. Foreldre var t.d. klare over at dei lett kunne missa barn, særleg som små; mange barn døydde den gongen i den alderen. Dette kunne føra til at foreldra ikkje knytte for sterke kjensleband til dei einskilte barn. Forventningane var fordelte på fleire barn, og difor ikkje så konsentrerte om



einskilte barn som tilfellet kan vera i dag. På andre sida var forventningane ofte klårare definerte enn no.

I ulike historiske fasar vart mange barn tatt hand om av andre enn foreldra: ammer, guvernanter, andre medlemmer av handverkslauga, fosterfamiliar eller slekt, for stuttare eller lengre periodar. For ikkje så lenge sidan vart dei unge sedde på som vaksne og sjølvforsørgjande som 14-åringar i konfirmasjonsalderen. I dag har foreldra eit økonomisk ansvar for dei unge til dei er 18 år eller meir. Eit så **langvarig** ansvar for barna er eit relativt nytt og ikkje problemfritt fenomen. Folk flytter til byane og flytter meir i det heile. Alle yrke er mekaniserte (også husarbeidet, og arbeidet på gardane). Dette har ført til at det er sterkare skilje mellom arbeid i og utanfor heimen, og at arbeidsplassane er farlegare for barna. Dei har dermed mist mykje av kontakten med dei vaksne medan dei er i arbeid. Barna har óg i dag dårlegare høve til leik og arbeid heime enn dei hadde i eit mindre mekanisert og enklare samfunn.

Flytting og endra yrkesstruktur har óg ført til at kjernefamilien ikkje har så mykje kontakt som før med besteforeldre og andre skyldfolk. Og det er ofte vanskeleg å oppretta tilsvarande kontaktforhold i nye miljø. Foreldre har difor ikkje i dag det same nettverket av støttande vaksne rundt seg som dei kunne ha før.

Barnetalet i familiane går ned. Dette har ført til at ca. 1/3 av alle barn no er einebarn, og svært få har meir enn 1 - 2 sysken. Barn har i minkande grad eldre sysken som dei kan imitera og læra av, yngre sysken som dei på naturleg vis kan læra å ha omsorg for og ta ansvar for. I griskendte strok er det barn som ikkje råkar andre barn på om lag same alder før dei tar til på skolen. Foreldre har dermed i dag meir av ansvaret for barna **åleine**, utan

stønad frå andre vaksne og utan den hjelp som sysken gir kvarandre og foreldra. Ansvar er varer som sagt også **lenger** enn før.

Før miste barn oftare enn no ein av foreldra ved dødsfall. I dag er det eit aukande tal av skilsmål som deler opp familiane og hindrar dagleg kontakt mellom barn og den eine av foreldra. I Oslo er det 40% av barna som bur saman med berre ein av foreldra. Dei foreldra blir ofte heilt åleine om problema, og har oftare enn andre foreldre bruk for støtte, økonomisk såvel som sosialt. Situasjonen er spesielt vanskeleg for åleineforeldra, noko som kan illustrerast ved at mesta halvparten av dei barna som i 1978 vart klientar i barnevernet hadde einsleg forsørgjar.

Samfunnsendringar gjer det meir vanskeleg for foreldre å ivareta ansvaret for barna

Avstandet mellom bustad og arbeid, mekaniseringa i arbeidslivet, og kravet til høgt tempo og stor effektivitet gjer det vanskelegare for foreldra å ta barna med i arbeidet. I tillegg aukar trafikken, trygge leikeareal blir borte, bu-kostnader stig, og gjer det ofte naudsynt at både foreldra har inntekter frå arbeid utanfor heimen. Sjølve det å bu er difor meir økonomisk tyngjande enn før. Når ein tenkjer på dei behov som barn har, er planlegging for kombinasjonen barn, bil og bustad ofte altfor dårleg. 80-90 % av alle barn under 12 år held seg som regel innanfor eit avstand av 200 m frå eiga inngangsdør, og leikar der uavhengig av om området er høveleg for leik eller ikkje. Foreldre er ofte på grunn av trafikkfaren ottefulle og redde for barna sine når dei er ute. Gransking kan tyda på at opptil halvparten av alle foreldre med barn under 6 år ikkje vågar å sleppa barna ut åleine der dei bur. Kwart år blir ca. 1.340 barn under 15 år drepne eller skadde i trafikken. Dette er dei registrerte tala. Gransking har vist at berre ca. 50% av alle skadane blir registrerte; det verkelege talet er difor mykje høgare. Det er langt fleire barn som blir utsette for trafikkulykker i Norge enn i våre granneland Sverige og Finland. Det er avgjerande for risikonivået hos barna korleis vi planlegg bustad- og trafikk-miljøa. Det skjer færrest ulykker i område med trygge leike- og opphaldsstader, og der det er fysisk skilje mellom barn og biltrafikk. Likevel blir det framleis bygt bustad-område nær sterkt trafikerte vegar, bilane får køyra heilt inn til kvart einskilt bustad-hus, naturlege leikeareal blir brukt til butikksentra, parkeringsplassar eller andre føremål.

Mange foreldre er lenge heimanfrå fordi det tar lang tid å reisa til og frå arbeidsplassen. Den aukande trafikken kan gjera denne reisetida endå lenger; at arbeidstida er stuttare, får dei på den måten mindre glede av. Deltidsarbeid eller stuttare arbeidstid har ikkje enno ført til at alle foreldre kan få meir tid til å vera saman med barna.

Foreldre skal formidla holdningar og verdiar til barna. Men mindre enn før får dei i dag støtte i dette av besteforeldre og andre nære vaksne. I tillegg blir dei ofte direkte motarbeidde av massemedia, som med stendig fleire ka-

nalar og program blir ein sterkare og sterkare påverknadsfaktor for barn og unge. Dei holdningar som teikneseriar og TV, vekeblad og video formidlar gir ofte inntrykk av at «Det du eig, er viktigare enn det du er» og «Du skal vera ung, rik og vakker for å vera vellykka». Konflikhtar blir løyste ved verbalt eller fysisk vald. Problem skal løysast og behov stettast openlyst og raskt. Sjeldan møter ein i slike program uthald, evne til å bera vonbrot, og til å løysa konflikhtar konstruktivt.

Samfunnet må leggja forholda betre til rette for barn og barnefamiljar.

Målsettinga for det offentlege ansvaret for barn og unge må vera

- å gi noko i staden for dei verdiane barn misser som følge av endringar i samfunnet
- å førebyggja skadeverknader av samfunnsvoksteren
- å leggja forholda til rette slik at foreldre kan fungera best mogeleg, saman, og utan tyngsler og påkjenningar som ein kan unngå.

Skal ein sikra gode oppvekstvilkår for barn, må politikarane nøye følgja med i dei konsekvensar utviklinga har for familiane, og må vera viljuge til å ta i bruk dei verkemiddel som trengst for å nå dei mål samfunnet har for barn.



Skal ein kunna vurdera verknadene av endringar og tiltak for barn på ulike alderssteg, må ein kjenna og ta omsyn til dei ulike behov som barn har etter kvart som dei veks opp. Tiltak som trengst for dei aller minste treng ikkje difor gi gode vilkår for dei største. Det er t.d. livsviktig for ein nyfødd å ha ein vaksen like ved, men pubertetsungdom ville be seg fri for eit slikt uavbrote tilsyn. Nye behov fører med seg nye krav til oppvekstforholda. Å planleggja og kombinera gode voksterkår for barn på ulike alderssteg stiller store krav til fantasi og praktisk sans, stundom og ei evne til å finna litt ukonvensjonelle løysingar. Samfunnsinnsatsen må særleg ta sikte på dei barnegruppene som har dei største problema. Manglar på eitt område

kan kanskje vegast opp med tiltak på eit anna. Eit vesentleg moment er, at dersom ein dekkjer dei grunnleggjande behov hos barna, kan ein førebyggja mange problem. Dette er samfunnsøkonomisk ei langt betre løysing enn å måtta retta opp og reparera når skaden er skjedd.

Somme forhold kan skapa problem for barn gjennom heile oppveksten jamvel om utslaga kan vera ulike på ulike steg. Andre forhold er problemskapande på meir avgrensa steg i utviklinga. Ein grov oversikt over problemstillingane får ikkje fram dei store skilnadene med omsyn til behovsdekking som tvillaust er til stades frå barn til barn, for barn med ulik familiebakgrunn og i ulike miljø. Tiltak frå samfunnet si side må difor ta sikte på å gjera det mogeleg for foreldre og samfunn i fellesskap, justert etter individuelle behov, å gi barna det dei treng så langt som det er mogeleg.

Forhold som skaper problem for barn på ulike alderssteg. Tiltak som kunne betra barns oppvekstvilkår.

I det aller 1. leveåret treng barn først og fremst stabile forhold til få og faste omsorgspersonar, og nok av stimulering. Av omsorgsfulle vaksne lærer barnet at menneske er til å stola på. Dersom det nyoppretta tillits- og kontaktforholdet blir brote, særleg etter 3-4 månaders alder, kan dette ha uheldige verknader på den emosjonelle og intellektuelle utviklinga hos barnet heilt fram til vaksen alder. Barn har kapasitet til å ha eit godt forhold til meir enn ein vaksen. Frå første er far viktig; og ei god «dagmamma» kan vera eit godt supplement og/eller erstatning for foreldra. Gjeldande permisjonsordningar etter fødsel, kombinert med at mange foreldre treng meir enn ei inntekt, gjer det vanskeleg for mange foreldre å fylla desse krava. Barneombodet har difor foreslått at fødselspermisjon med lønn blir utvida til eitt år. Dersom dette ikkje er samfunnsøkonomisk mogeleg no, bør permisjonsretten utvidast til eitt år, med rett til lønn i eit halvt år. Somme familiar vil då velja halv lønn i eitt år, andre heil lønn i eit halvt år, andre att 1/4 lønn i 2 år. Meir fleksible ordningar ville gi alle foreldre betre høve til å finna fram til ordningar som høvde familien best, ikkje minst for di dei då lettare kunne kombinerast med stuttare arbeidstid/stuttare opphaldstid hos f.eks. «dagmamma» for barnet. Det kan vera at presset på dei dyraste barnehageplassane for barn under eitt år då ville minka, sidan fleire barn kunne ha foreldra heime.

2. - 6. leveår

Også i denne voksterfasen er foreldra viktige for kjenslelivet hos barnet. Men i tillegg treng barn no nok rom til å falda seg ut motorisk, ute og inne, under tilsyn og på trygge stader. Der er eit aukande behov for eit miljø som er lagt til rette for språkstimulering og intellektuell læring. Dessutan aukar trongen til sjølvstende og behovet for at det blir sett grenser. Endeleg ligg det stor vekt på den sosiale læring som skjer i samvære med andre barn. I denne perioden blir det vanskeleg for mange foreldre å dekkja alle behov aleine. Mange familiar bur trøngt,

barnet får lite plass til å falda seg ut innandørs. Forholda ute er heller ikkje trygge nok til at foreldra kan la barna leika der, særleg ikkje utan tilsyn. Mange barn er einebarn, slik at dei heller ikkje får dekt sine sosiale behov innanfor familien.

Barnehagen tilbyr trygge og gode høve til utfalding inne og ute, jamaldrande barn, og høve til læring under kunnig vaksen leiing. Men 150.000 barn under 7 år finst det ikkje barnehageplass til. Barneombodet meiner at alle barn burde ha rett til barnehageplass så sant barnet har behov for det. Behova kan vera ulike: dei kan vera av sosial karakter, eit tilsynsbehov, behov for ein trygg leikeplass, eller barnet har spesielle behov.

Barneulykker skjer oftast i denne alderen. Ein stor del av barneulykkene skjer i heimane, ved fall, forgiftningar og forbrenningar. Svært mange av desse ulykkene kunne vore unngått dersom alle hus var utstyrte med låsbare skåp for medisinar og vaskemiddel, trapper og gelender var konstruert slik at barn ikkje kunne falla ned, og komfyrrar, varmtvasskjele og stikkontaktar var sikra. Byggjeforskrifter for «barnesikre bustader» burde vera sjølv sagt.

Barnemishandling og omsorgssvikt blir ofte oppdaga i denne alderen. Når einskilde tilfelle blir oppdaga seint, kan grunnen vera at somme barn ikkje går til regelrett kontroll på helsestasjon. Barneombodet meiner mellom anna av den grunn av lovverket burde fastslå at «Barnet har rett til helsekontroll før og etter fødselen». Dette ville svara til intensjonane med at barnelova bruker ordet «foreldreansvar». Det ville gi det offentlege heimel for å gripa inn og sikra at rettane åt barnet blir respektert, der foreldra av ein eller annan grunn ikkje følgde opp.



Skolealderen

Før barn byrjar på skolen har dei vore gjennom ei utvikling som i stor grad er merkt av meistring: av seg sjølv, av forholdet til foreldra, av sosiale krav frå dei vaksne, og gradvis i forhold til andre barn. Meistringa får likevel nye dimensjonar i skolealderen, i fleire samanhengar:

- Meistring av grupperelasjonar, tilhøyr, reglar og sosiale åtferdsmønster
- Meistring av arbeidsoppgåver, ansvar og plikter
- Meistring av kunnskapar, intellektuelle og faktiske
- Meistring av fysiske ytingar, ikkje minst fin-motorisk.

I heimen har barnet sin base. Der kan det læra om dei band som bind ein familie i hop, der trøyst, oppmuntring og støtte er lettast å få, der det tryggare kan eksperimentera med oppfatninga av rett og gale, rettfærdig og urettfærdig enn det kan på skolen eller ute. Likevel orienterer barnet seg i denne alderen for alvor mot gruppa av barn på nokolunde same alder, der det lærer andre sosiale mønster, lærer om gruppeprosessar, tilhøyr og reglar. Særleg først i skolealderen er oppfatninga av reglar konkret og bokstaveleg, rettfærdssansen er sterk, og hos dei yngste ofte unyansert. Difor kjenner barn seg krenkte når reglar i utrengsmål gjeld berre for vaksne eller berre for barn, t.d. i burettslag eller i skolen. Difor er dei og strengare mot kvarandre, slik at dei vaksne må vera med og vaka over at rettfærd skjer.

På skolen lærer barn mange nyttige ting, og dei har stor glede av å få faktiske kunnskapar. Særleg ut frå dei endra familiesituasjonar er det viktig at både skole og heim legg vekt på at barn også treng å læra å ta ansvar og å ha omsorg. Når barn får reelt ansvar og blir produktivt medansvarlege i fellesskapet, blir sjølvkjensle og ansvars-kjensle sterkare. Å leva opp til rimelege krav og forventningar og å ta konsekvensane av eiga åtferd i rimeleg grad gir og auka sjølvtilit og evne til sjølvdisiplin.

Føresetnaden for ein optimal læresituasjon på skolen er ikkje berre at skolen har adekvat og tidhøveleg undervisningsmateriell, men endå meir at elevane er trygge og har nok av vaksen-kontakt. Som konsekvens av samfunnsutviklinga elles blir det frå skolen si side peika på at barn treng meir kontakt med dei vaksne på skolen enn før. Difor har m.a. Barneombodet peika på at talet på lærarar i skolen ikkje må reduserast for di talet på elevar går nedover. I større samanheng er det heller ikkje dyrare for samfunnet å halda lærarane i arbeid på skolen enn å la dei få arbeidsløysetrygd. Ein arbeidsledig lærar tyngjer nok ikkje kommunalbudsjettet; men ser ein stats- og kommunebudsjett under eitt, er kostnadene for samfunnet om lag dei same. Her tar ein heller ikkje med det som samfunnet sparer ved at læraren har ein førebyggjande verknad på mange måtar. Dette er det ikkje lett å setja i tal, for eit livsløp frå skolealder til alderdom. Men kan læraren laga det slik at eit einskilt barn ikkje kjem til å tyngja trygde-, sosial- eller kriminalomsorgsbudsjetta, har den læraren meir enn spart inn si eiga lønn.

Barn har behov for å høyra til i ei eller fleire grupper, organiserte eller uformelle. Sams for dei er at dei treng stader der dei kan vera trygge og utfordrande leikeplassar ute. Dei fleste barn kan finna stader der dei kan gå på ski eller gå på tur. Men altfor ofte saknar dei trygge plassar til ballspel, stader der dei kan byggja (t.d. klubbhus og andre byggjeprosjekt), «mekke» sykklar, bilar og/eller båtar, og andre høve til kreativ og utfordrande ute-aktivitet. Skolealderbarn blir altfor ofte råka av trafikkulykker, og konsekvensane av dårleg planlegging. Ein av grunnane til at såpass mange barn i denne alderen finst i spelehallene eller framfor TV-skjermen og videomaskinen kan nettopp vera at forholda ikkje ligg til rettes for meir konstruktiv bruk av tid.

Fritidsheimar byr òg på sosialt samvære under vaksen leiing, i konstruktiv aktivitet. Norge har den lågaste fritidsheimutbygging i Norden, i dag ca. 3.500 plassar. Behovet blir rekna til minimum 50.000. Framtidig behov for fritidsheim-plassar vil vera avhengig av utviklinga innanfor skole- og arbeidslivssektoren, av lengda på skoledagen, og høvet til stuttare arbeidsdag for dei vaksne.

Barneombodet har hevda at lengda på skoledagen bør vurderast med tanke på ei utviding til 5 - 6 timar på alle steg, så skolen skal få høve til å gi barna tilsyn og omsorg og oppfylla dei aukande krav og oppgåver som han blir pålagt. Ein lenger skoledag er i seg sjølv inga ulykke, men kan gi betre høve til fleksibilitet og konstruktiv aktivitet. Dersom skoledagen blir lenger, vil behovet for fritidsheim-plassar slik vi i dag kjenner det, bli langt mindre.

Organiseringa av arbeidslivet og lengda på arbeidsdagen er og særleg viktig for foreldre og for barna. Ein normal arbeidsdag på 6 timar ville t.d. gjera det mogeleg å kombinera lønt arbeid og barneomsorg, samtidig som det vil kunna føra til ei «mer rettfærdig fordeling av oppgåver og ansvar mellom kvinner og menn i yrkesliv, hjem og nærmiljø» (Stortingsmelding 50. 1984/85, s. 51). Dette vil òg gjera det meir mogeleg for barna å ha ein av dei vaksne heime større delar av dagen, utan at det går ut over foreldretrivsel. Foreldre som trivst, fungerer betre som foreldre enn dei som vantrivst. Norske granskingar tyder på at dei som trivst **best**, er foreldre med stuttare (6-timars) arbeidsdag. Ei meir rimeleg fordeling av ansvar og omsorg mellom mødrer og fedrar vil og føra til at barn får meir tid saman med fedrane sine og meir naturleg opplever menn i omsorgsrolle.

Ungdom - ca. 12 - 14 til 18 år

Fysisk såvel som psykisk og sosialt skjer det ei veldig utvikling i 12 - 18 årsalderen. Frå å vera barn fysisk og emosjonelt, intellektuelt og sosialt såvel som i juridisk forstand skjer overgangen til vaksen status i denne perioden. Denne overgangen er gradvis, noko som m.a. kjem fram i det utalet av »aldersgrenser» som vi finn i lover, reglar og forskrifter. »Vekstarbeidet» for den unge vil mykje vera å finna fram til eigen-identitet på mange område og på fleire plan. Å forma ut eigne meiningar, holdningar,

verdiar og akseptable åtferdsmønster er ikkje lett, og fører ofte med seg at den unge forkastar det gamle, aksepterte og tillærte, i minsto periodevis. Gruppenormer blir viktige alternativ til foreldrenormer, gruppa av jamaldringar blir eit utprøvingfelt for handlingsalternativ. Foreldremoral og sosialt tradisjonelle åtferdsformer kan likevel takast i bruk att når opposisjonstrongen gir seg, når det ikkje lenger er så påtrengjande naudsynt å demonstrera sjølvstende nettopp i forhold til foreldre. Dei unge treng difor og i denne fasen vaksne som formidlar klåre verdiar og holdningar.

Når dei unge siktar seg inn på si eiga framtid, blir val av utdanning og yrke viktig. Uklår kunnskap og uklåre forventningar gjer det vanskelegare å skapa klåre forestillingar om eiga yrkes- og familierolle. Ein arbeidsmarknad med stor arbeidsløyse og lite høve til val skaper ikkje berre usikker økonomi og mindre økonomisk sjølvstende, men påverkar i ikkje liten mon utviklinga av eigenidentitet, sjølvtilit, og kjensla av å kunna vera verdifull og nyttig.

Dei dystre framtidsperspektiv som blir presenterte, ikkje minst gjennom massemedia, skaper og problem for mange unge. I aukande grad kjenner dei seg oppgitt; det blir lite av pågangsmot, meir av pessimisme og depresjon. Dette gjeld særleg dei unge som ikkje har vore aktivt med i avgjerdsprosessar, ikkje har lært at dei kan yta sitt og vera verdifulle for endringar av det miljøet dei lever i. Ofte har dei heller ikkje hatt ikring seg vaksne som brenn for ei sak, som kan vera modellar i engasjement og tillit til at noko nyttar.

Kunnskap om verda ikring seg, og kunnskap som kan tena som verktøy i samfunnet dei lever i, blir viktig for unge i denne alderen, teoretisk såvel som praktisk. Vera med i demokratiske avgjerdsprosessar, særleg der avgjerdene vedkjem dei unge direkte, er mellom dei røynslene som tener som verktøy i det vaksne livet. I familien, skolen, kameratflokket og arbeidslivet har det mykje på seg at dei unge i stigande grad får ta avgjerd sjølve i personlege forhold, og også vera med når gruppa tar ei avgjerd.

Somme vanskar er sams for fleire alderssteg

Behovet for kontakt med foreldre og andre vaksne gjeld på alle utviklingssteg. Over tid vil barnet uttrykkja dette på ulike måtar; og det same gjeld dei måtar som dei vaksne møter kravet på. Verknadene av at kravet berre blir dårleg stetta, vil óg vera ulike, alt etter alderen hos barnet og andre individuelle særdrag. Men same kva vokstesteg barnet er på, er det viktig at foreldre, lærarar og andre vaksne kan dekkja behovet på slike måtar at barn både kvantitativt og kvalitativt får det dei treng.

Også andre problem, store eller små, kan gjelda barn på fleire vokstesteg. Eit anna eksempel er planlegging av bumiljø utan at det blir tatt nok omsyn til behov og mogningsgrad hos barn og unge. Er det vanskeleg eller uråd å leika trygt ute, er leikareala vanhøvelege, og det heller ikkje finst brukelege høve innandørs, råkar det den yngre garden same kva alderssteg dei er på, jamvel om utslaga kan skifta sterkt nettopp etter alderen. Difor gjorde Barneombodet framlegg om at kommunen skal ha **plikt** til å setja av areal til barn (Bygningslova § 69), eit framlegg som ikkje vart følgt opp.

Eit tredje eksempel er behovet hos barna for å ha foreldra hos seg under sjukdom. Arbeidsmiljølova § 33 A gir i dag kvar av foreldra rett til 10 dagar med full lønn når barn (og/eller barnepassar) er sjuk. Einsleg forsørgjar har rett til 20 dagar. Denne retten er uavhengig av kor mange barn ein har, og gjeld berre til og med det året då barnet fyller 10 år. I Sverige har foreldre rett til inntil 60 dagar med full lønn pr. år pr. barn. Barn frå 0 - 6 år har gjennomsnittleg 18 sjukedagar i året, og barn i alder 7 - 14 år 13 sjukedagar pr. år. (Kjelde: Helseundersøkelsen 1975, publisert i Sosialt Utsyn 1980, kap. 3.). Funksjonshemma og kronisk sjuke barn har truleg langt fleire sjukedagar for året enn dette. Somme barn har mykje sjukdom ein-skilde år, og kjem då og langt over årsgjennomsnittet. I fleirbarnsfamiliar blir barn ofte sjuke etter tur, og får t.d. vasskoppar etter kvarandre. Då vil permisjonsdagane raskt vera oppbrukte. Dersom ein er ekstra uheldig og får sjuke barn i sjukdomsmånadene januar/februar, vil heile «årskvoten» blir brukt opp ved eitt eller to sjukdomstilfelle. Dersom barnepassaren og blir sjuk, er ein ille ute.



Dette kan i tillegg bli ei ikkje lita psykisk påkjenning for foreldre, særleg dei einslege.

Barneombodet har difor foreslått at følgjande løysingar blir vurderte:

- Retten til fri når barn er sjuke bør gjelda til barnet fyller 12 år, i spesielle tilfelle lenger.
- Foreldre får bruka ubrukte dagar frå tidlegare år i slike periodar
- Den generelle retten til frávær med lønn når barna er sjuke bør utvidast, og dessutan gjerast avhengig av talet på barn.

Økonomisk trygd viktig for barna

Økonomiske forhold verkar inn på korleis foreldre og familiar klarar å fungera og innretta seg i det praktiske daglege liv. I ei fråsegn til Stortingsmelding nr. 50, 1984-85 om familiepolitikk skreiv Barneombodet: «Endring og utvikling på fleire områder vil kunne ha stor innvirkning på familiens situasjon. Arbeidsmarkedet, bolig-situasjonen, utviklingen av kommunenes økonomi, skattereglene, tiltak innen helse- og sosialsektoren, samferdsel, skole og kultur er slike områder. Når en skal vurdere barnefamilienes situasjon og dermed barns oppvekstvilkår, vil utviklingen på alle disse sektorene være av betydning. Et spørsmål om barnefamilienes økonomi må derfor sees i et videre perspektiv enn det som hittil er gjort. En familie med svært vanskelig økonomi vil f.eks. på lengre sikt kunne utvikle sosiale og helsemessige problemer blant familiemedlemmene, som i neste omgang fører til uttellingar på det offentlige helse- og sosialbudsjett. Dette ser vi bl.a. i det økende antall sosialhjelpøkerer som har vansker med bokostnadene. Det er derfor viktig at en har større tidsperspektiver enn noen få år når en skal komme med forslag til en bedring av barnefamilienes situasjon».

Det er óg viktig å sjå ulike økonomiske verkemiddel samla, å sjå dei direkte og dei indirekte overføringane/støttetiltaka for barnefamiliane i samanheng, f.eks. barnetrygd og andre trygder, skattereglar, offentlege tilskot til barnehagar og fritidsheimar, skolar og nærmiljøtiltak. Ein mindre auke i barnetrygda ville t.d. ha liten verknad på økonomien i familien, dersom andre store utgifter, t.d. bukostnader eller utgifter til barnepass, aukar meir enn barnetrygda. Dersom t.d. foreldrebetalinga i barnehagar aukar (som det er slått på i Stortingsmelding nr. 50, 1984-85, p. 44.1), kan ein i praksis ta frå dei att det småbarnsforeldre får for å betra økonomien.

Positiv utvikling og god vilje er ikkje nok

Dersom ein tar eit stutt tilbakeblikk, er det rett å seia at barn og deira interesser no spelar ei relativt stor rolle i vårt offentlege ordskifte, og at dette óg har bore frukter i det praktiske livet. I lov- og utgreiingsarbeid har ein sett seg høge mål, bygde på ei tverrpolitisk semje om at alle



barn bør ha gode og likeverdige oppvekstkår. I stigande grad har samfunnet sett det som sitt ansvar å sikra at barn får utdanning, omsorg, helsestell og tilsyn. Dette har mellom anna ført til at helsetilstanden er god hos norske barn, at dei har rett og plikt til 9 års skolegang, og at barn under 16 år ikkje kan ta lønt arbeid som går ut over helse eller skolegang. Men ideelle målsetjingar og positiv utvikling hindrar ikkje at det står mykje att før ideala om gode og likeverdige oppvekstvilkår er realitetar. Mange barn har det ikkje godt nok; barneinteresser må ofte vika for andre krav. Dette kjem óg fram i offentleg statistikk:

- Norge har det høgaste ulykkestal i Europa for barn under 14 år, med 150.000 registrerte ulykker pr. år.
- Etter folketalet døyr det fleire spedbarn i Norge enn i dei andre nordiske land
- Med 3.500 fritidsheimplassar og eit minimumsbehov på 50.000 plassar ligg det norske tilbodet lågast i Norden
- Norge har den lågaste barnehagedekning i Europa mellom dei land det er naturleg å samanlikna med
- Eit dagleg middeltal på mellom 5 og 10 barn i 14 - 15 års alder i fengsel er høgare enn i dei fleste europeiske land.

Talet på omsorgsovertakingar i barnevernet stig, men talet på «nye barn under vernetiltak» stig meir. I perioden 1973 - 1983 auka talet frå 2.064 til 5.566; 70% galdt førebyggjande tiltak. I Oslo steig talet på barnevernssaker frå 2.161 i 1984 til 2.411 i 1985. At talet på barn som vart plas-

serte i fosterheim eller institusjon fall frå 953 til 915 i same perioden kom av at det var for få plassar i fosterheimar og institusjonar.

Andre tal fortel noko om barns forhold i familien:

- 11% av barn i alder 0 - 15 år har einsleg forsørgjar, i Oslo 40 - 50%.
- Om lag tredje kvart barn er utan sysken i alder 0 - 15 år
- Barn er i gjennomsnitt 4.1 timar pr. døger saman med fedrane sine, 6.6 timar saman med mødrene sine
- Om lag kvart femte barn bur i bustad utan barnerom eller med minst 2 barn pr. barnerom
- 1 av 3 barn har ikkje trafikkikkert leikeområde utanfor eigen hage.
- Ca. 50% av foreldre med barn under 6 år tør ikkje sleppa barna ut for å leika utan tilsyn.

Kor mange barn som lever under meir en eitt av desse forholda veit vi ikkje. Vi veit heller ikkje klårt kva kvart enkelt forhold har å seia for individuelle barn. Like fullt er dette drag i utviklinga som vi må ta omsyn til.

Å kombinera gode oppvekstvilkår for barn på ulike alderssteg stiller store krav til bruk av fantasi og praktisk sans på alle nivå. Vi ønskjer eit samfunn der foreldra framleis har hovudansvaret for barna sine, men der det offentlege er flinkare enn no til å leggja til rette både for barn og familiar. Den offentlege omsorga for barn skal vera eit tryggjingsnett utan hol som er store nok til at nettopp dei barna som mest treng hjelp, fell gjennom hola.

Sjølve grunnholdninga til barn, respekten for deira likeverd og særpreg må vera slik at det er meir sjølvsgt å ta omsyn til barna enn til bilen. Rettstrygda for barn bør bli like god som for vaksne, og barn må ikkje bli salderingspost i offentlege budsjett. Det blir ofte sagt at «barna er vår viktigaste ressurs». Men det vantar enno ein heil del når det kjem til å ta dei praktiske konsekvensane av dette. Endå mindre er det enno klårt for alle at førebyggjande tiltak og andre tiltak for barn faktisk er lønnsam investering.


Framtidige og noverande foreldre; kva slag hjelp treng dei?

Mange foreldre tykkjer det er merkeleg at foreldrerolla, i motsetnad til f.eks. rolla som sjåfør, ikkje krev noko form for opplæring. Vår tids foreldre har i langt mindre grad enn tidlegare generasjonar nærkontakt med naturlege rådgivarar, som besteforeldre, tanter og onklar, eller andre småbarnsforeldre. Bøker, vekeblad og aviser kan vera til hjelp, men mange foreldre får lite støtte. Dei får sjeldan ros for det gode dei gjer, men får ofte høyra om det galne dei gjer eller trur dei gjer.

Stønad i det positive gir inspirasjon; du kjenner deg trygg. Difor treng t.d. foreldre å få stadfest at det er verdfullt å jobba i lag, som når f.eks. ungen får ta oppvasken

(heilt eller delvis) eller skrubbar poteter til dagen etter, medan mor eller far lagar middag. Sømme foreldre treng ei stadfesting på at det er meir verdfullt for barna at mor eller far les høgt enn at familien ser mykje TV saman. Andre foreldre treng å minnast om at det er bra for barna at det blir sett grenser, at dei vaksne ikkje må snyta barna for dei røynslene som dei vaksne har, den oversikten som barna ikkje har over årsaks- og verknadssamanhenger. Dei treng å få vita ikkje berre kva dei kan venta av barn, men og kor mykje dei rimeleg kan krevja av barna på ulike alderssteg. Foreldre treng ofte visse om at barn veks på og trivst med å kunne leva opp til forventningar og krav, på å ha ansvar og få kjenna at dei er nyttige, at dei **trengst** om familien skal fungera.

I eit samfunn i så rask utvikling som vårt er det vanskelig for foreldre å bruka sine eigne barndomsrøynsler som utgangspunkt for å forstå opplevingar og reaksjonar hos barna. Røynslene åt foreldra kan vera forelda, eller dei vantar heilt eiga røynsle med situasjonar som barn møter i dag. Tradisjonelle normer og verdiar blir utsette for åtak og debatt. Det kan vera vrient å halda fast på at ein bør formidla sine eigne holdningar, verdiar og normer til barn på alle alderssteg. Foreldre i dag er ikkje ansvarslause, men dei kan kjenna seg hjelpelause. Dei vil ofte ha støtte, inspirasjon og meir kunnskap, - ikkje alltid detaljerte råd om kva dei skal seia og kva dei skal gjera i den einskilde konkrete daglegdagse situasjonen.



Behov for foreldreopplysning

For å imøtekoma dei nye behov har Barneombodet t.d. gjort framlegg om at NRK-fjernsynet skal ha eit fast «Familiemagasin» kvar veke. Eit slikt magasin kunne ta opp vanlege problem med vanlege barn, med diskusjon om alternative måtar å takla dei på. Vidare kunne magasinet gi informasjon om spesielle tema, t.d. korleis videovald, som få av foreldra i dag opplevde som barn, verkar på barn på stuttare og lengre sikt.

Det er viktig å tenkja også på foreldra i framtida. Å bli ein god far eller mor, trygg, med evne til å gi omsorg og ta ansvar, er ei oppgåve som kanskje treng meir medviten planlegging enn før. Læringsprosessen tar til i eigen familie, med mor og far som modellar, når barna er så små at dei såvidt tar til å lære å ta ansvar for seg sjølve. Seinare lærer dei å ta ansvar for andre; men som vi har nemnt tidlegare, er dette ikkje ein så naturleg og sjølvsgd del av barnelivet i familien som det eingong har vore. Det aukande talet på barnevernssaker i store og små kommunar er teikn som tyder på at mange foreldre ikkje heilt maktar å gi barna den omsorg dei har bruk for. Noko av svikten kan tenkjast å liggja i ein skort på kunnskap og ei sviktande evne til å klara omsorgs- og ansvarsoppgåvene i eit komplisert og krevjande samfunn. Når familiane får slike problem, kan dette i neste omgang, i neste generasjon, føra til at det blir alltid fleir familiar som i sin tur treng tilsvarende eller meir hjelp.

Vil ein bryta denne vonde sirkelen, kunne det vera ein tenkjeleg måte å leggja større vekt på å læra barn å ta ansvar og visa omsorg alt frå barnehagealderen. I ein god barnehage får barna slik røynsle. Der får barn arbeidsoppgåver som dei har reelt ansvar for. Men berre 25% av alle norske barn under 7 år får dette tilbodet, med dei barnehagar vi no har. På skolen er det enno uvanleg at barna kjenner at dei trengst, at dei har ansvar for korleis skolesituasjonen til dagleg skal fungera. Difor er det spesielt gledeleg at den nye Mønsterplanen for grunnskolen legg så stor vekt på nettopp dette.

I si høyringsfråsegn gjorde Barneombodet framlegg om at barn frå 4. klasse av skulle læra om barn på andre utviklingssteg. 9 - 10 åringar kan forstå korleis det kan ta seg ut å vera eitt-åring eller to-åring. Og deira eiga småbarntid er ikkje lenger unna enn at dei kan hugsa ein del, og setja det inn i nye samanhengar. Læring som byrjar så tidleg får tid til å festa seg og bli integrert, slik at kunnskapen kjem til nytte når desse barna blir vaksne.

Inspirasjon og informasjon garanterer ikkje gode oppvekstvilkår for alle barn

Ingen foreldre kan klara alle oppgåver heilt åleine utan å nytta seg av offentlege tilbod til barn og unge. Det offentlege ansvar ligg dels på kommuneplan, dels på fylkes- og statsplan. Kommunane får i aukande grad ansvaret for oppvekstvilkåra åt barna. Mange kommunar har på friviljug grunnlag etablert ei rekkje tiltak for barn og unge. Store delar av den generelle verksemd i kommunen kjem også barna til gode. Men dette er ikkje nok for å realisera målsettinga i samfunnet om gode og likeverdige oppvekstvilkår for barn. Kommunane har ulik økonomi og ulike prioriteringar. Difor kan det vera bruk for ei sentral styring for å sikra at bestemte behov blir ivaretatt og bestemte oppgåver løyste. Føremålet må ikkje vera å fastleggja i detalj korleis dette skal gjerast. Løysingane vil sannsynlegvis bli betre når dei blir planlagde lokalt.

For å sikra at omsynet til barn blir ivaretatt på fylkes- og kommunenivå kan staten bruka ulike verkemiddel:

- lover som pålegg fylke og kommunar bestemte oppgåver for barn og/eller stiller barnekrav til dei vedtak som blir gjort
- lover som regulerer vedtaksprosessen slik at dei som talar barna si sak får mynd og rett til utvida deltaking i den lokale avgjerdsprosessen
- økonomiske særtilskot til bestemte oppgåver og tiltak for barn og unge
- retningslinjer, rettleiing og informasjon om korleis fylke og kommunar bør og kan ivareta interessene åt barna.

Alle desse verkemidla har sine grenser, og må difor kombinerast. Utan eit godt utbygt sentralt tryggingnett og ei vid nok økonomisk ramme vil den kommunale praksis i stor mon vera avhengig av kven som er med i avgjerdsprosessen og korleis dei prioriterer tiltak for barn.

Dei lovfeste rettane åt barna må styrkjast

Kunnskap om dei behov som barn har på ulike alderssteg har ført til ei betre lovgiving for å ivareta barns interesser. Ny utvikling, nye problem og røynsler med gjeldande lovverk gjer det ønskjeleg å revidera lovverket og føra det vidare. Det er vanskeleg å få gjennomslag for fleire barnekrav i lover og forskrifter når dette kjem i strid med ei generell målsetting om forenkling og deregulering. Det er klårt nyttig å forenkla kompliserte forskrifter og desentralisera vedtaksprosessen. Dersom dette ikkje skal gå ut over interessene åt barna, er det ein føresetnad at det finst sterke talspersonar for barn på alle avgjerdsnivå. Då kan interessene deira bli ivaretatt jamvel om dei ikkje er juridisk forankra. I vårt samfunn vil interessegrupper og organisasjonar ofte påverka dei avgjerder som blir tatt. Barn skil seg frå andre grupper ved at dei ikkje er ei organisert interessegruppe med sin eigen organisasjon. Så lenge barnerettane ikkje er klårt fastlagde, kan andre interessegrupper, t.d. bilorganisasjonar og fagforeiningar, vinna fram med sine krav slik at det går ut over omsynet til barna.

Barna bør ha sjølvstendige og direkte rettar i lovverket

Endra syn på barn har ført til lovrevisjonar. Endringar i lovverket kan óg ta sikte på å skapa eit rettare syn på barn. Det aktuelle framlegget om tillegg til § 30 i barnelova: «Barnet skal ikke utsettes for fysisk avstraffelse eller annen krenkende behandling» er eit døme på dette siste, og vil gi barna ein direkte rett til å bli sparde for krenkjande behandling av foreldre eller andre vaksne.

I barnelova får barnet ein direkte rett til samvære med baa foreldra etter at samlivet er brote. Men elles i lovverket har barn ofte indirekte rettar, også der retten burde tilleggja barnet. Med få unntak er det foreldra som har

retten på barnet sine vegner. Foreldre har t.d. rett til helsekontroll av barnet før og etter fødselen. Sidan det er helsa åt barnet som saka gjeld, burde retten til helsekontroll vera **barnet** sin rett. Foreldra ville framleis ha ansvaret for å ivareta dette. Men gjorde dei det ikkje, ville samfunnet ha rett og plikt til å syta for at retten åt barnet vart ivaretatt.

Ved å ta utgangspunkt i barns behov og ei målsetting om å gi barnet direkte rettar kunne t.d. følgjande lovtekster blir foreslått:

- barn skal ha rett til helsekontroll før og etter fødsel
- barn skal ha rett til barnehageplass så sant barnet har behov for dette
- barn skal ha rett til å ha ein av foreldra heime medan dei er heilt små, dersom barnet har behov for det
- barn skal ha rett til å ha ein av foreldra heime hos seg når det er sjukt
- barn skal ha rett til fullnøyande arbeidsforhold i skolen
- barn skal ha rett til spesiell hjelp, utstyr o.a. dersom det har spesielle behov som tilseier slik hjelp
- barn skal ha rett til trygge leikeareal ute
- barn skal ha rett til trygge bustader
- barn skal ha rett til trygg og trafikksikker skoleveg

Slike endringar av gjeldande lover og reglar ville innebæra ei reell styrking av rettane åt barna, kombinert med den forenkling som skjer når krav blir eintydige.



Ei eiga lov om oppvekstmiljøet for barn

Det er mogeleg at endringar i gjeldande lover vil kunna styrkja barns rettar og gi ei sterkare prioritering av barnekrav. Men Barneombodet har røynsle for at det er svært vanskeleg å få dette til. Barneombodet har presentert ei rekkje av lovendringsframlegg i høyringsfråsegner og prinsippframlegg; men hittil har det kome få konkrete resultat av det. Arbeidet med ulike delar av lovverket,

som lov om grunnskolen, barnehagelova, arbeidsmiljølova, bygnings- og planlova, har ført til at Barneombodet meiner at ei eiga lov om barns oppvekstvilkår ville vera føremålstenleg.

Spørsmålet om ei oppvekstmiljølov for barn har vore reist ved ei rekkje høve: I 1978 (NOU 1978:1 Om lov om oppvekstmiljø), av Barneombodet i årsmelding for 1983, i 1984 (NOU 1984:20 Framtidig organisering av fritidshjem) og i 1985 av Det familiepedagogiske utvalg nedsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Ei oppvekstmiljølov kan ha ulik utforming. Ei mogeleg målsetting kunne t.d. vera:

1. Å sikra eit oppvekstmiljø som gir barn og unge full trygd mot fysiske og psykiske skadeverknader og med ein standard av trygd, helse og velferd som til kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet.
2. Å sikra tilgang til offentlege tilbod etter behov og til ein meningsfylt utviklings- og læresituasjon for det einskilde barn.
3. Å gi grunnlag for at barn og unge sjølve kan vera med på å løysa oppvekstmiljø-problem i samarbeid med dei institusjonar der dei er, og med kontroll og rettleiing frå offentlege styresmakter.

Lovgivingsmakta har for lenge sidan gått inn for ei slik lov når det gjeld å sikra dei miljø der vaksne lever store delar av sitt liv. Føremålsparagrafen ovanfor er ikkje anna enn ei omskriving av føremålsparagrafen i Arbeidsmiljølova. Han er laga til eksempel på kva som kunne finnast i ei oppvekstmiljølov, og analog med lova åt dei vaksne, i det han skildrar det miljøet der barna lever det meste av si tid.

Ei oppvekstlov kunne óg formast slik styringsgruppa skriv i NOU 1984:20 Om framtidig organisering av fritidshjem:

«Styringsgruppen ser klart behovet for å samordne lovverk som angår pedagogiske tiltak. Det er nødvendig å få en særlov som klarere definerer ulike etaters ansvarsområder og som sikrer samordning av tiltak innenfor samme kategori. Det bør derfor være et mål å utarbeide et felles pedagogisk lov- og regelverk som definerer et særlig ansvar for alle former for pedagogisk virksomhet, for alle barn og på alle alderstrinn. Et slikt lovverk må derfor omfatte såvel grunnskolen som barnehager og fritidshjem. Styringsgruppen er videre av den oppfatning at for å sikre den nødvendige helheten i barne- og ungdomspolitikken, må det utarbeides en egen «grunnlov» for barn og unges oppvekstkår. En slik lov bør være overordnet de enkelte særlover, og innholdet i særlovene skal ta utgangspunkt i en slik felles «grunnlov». Vi kan på denne bakgrunn gi en skisse av hvordan en kan sikre større helhet og bedre samordning av en lovhjemlet barne- og ungdomspolitik.

**Lov om barnas oppvekstmiljø
«Barnas grunnlov»**

Lov om pedagogiske tiltak for barn 0-16 år.	Lov om barnevern, rettssikkerhet etc.	Lov om kultur- og fritidstiltak for barn og unge.	Lov om planlegging.
Slå sammen nåværende lov om grunnskolen og barnehage-loven samt fritidshjem.	Slå sammen nåværende barnevernlov og barneloven.	Opprette et lovverk som kan sikre barn og unges fritidstilbud, plassere organisasjonene og offentlige tilbud i forhold til hverandre.	Sikre barn og unges behov i planleggingen.

(NOU 1984:20, Framtidig organisering av fritidshjem, s. 44-45.)

Familiepedagogisk utvalg har ikkje gjort framlegg om ei lovtekst eller ein føremålsparagraf, men har i si tilråding, datert desember 1985, peika på behovet for å samla i ei eiga lov om barns og unges oppvekstmiljø dei lover som gjeld barn, unge, og familieane deira. «Et helhetlig lovverk vil være et godt utgangspunkt for å bedre barns og familiers levekår» (s. 10).

Jamvel om dei ulike framlegg har hatt ulik utforming, har det uttrykte målet vore det same for alle som har ønskt ei slik lov. Det er verdt å merka seg at framlegga har kome med stendig stuttare mellomrom i tid, og etter kvart frå representantar for ulike politiske parti. Såvidt Barneombodet kan forstå er det difor grunnlag for ein aukande optimisme når det gjeld å få fram eit konkret framlegg om ei «Oppvekstmiljølov for barn og unge».

Barneombodet har ikkje kapasitet til å analysere lovtekster, for å utarbeida eit endeleg framlegg. Men Barneombodet vil arbeida vidare med saka og stimulera til debatt, ikkje minst for di ei slik lov vil kunna klårleggja fordelinga av ansvar og omsorg for barn mellom foreldra og det offentlege. Ein slik debatt er det trong til heilt bortsett frå lovarbeidet, ikkje minst for di samfunnsendringar fører til behov for nye tiltak eller endring av tilbod som alt finst. Debatten kan i seg sjølv føra til auka medvit og kunnskap, som i sin tur kan resultera i at forholda blir slik lagde til rettes at familieane kan fungera i lag. Skal den private omsorg for barn fungera best mogeleg for barna, må samfunnet gjera sitt for at familieane ikkje får lagt på seg for tunge eller uturvande bærer.

Endeleg vil Barneombodet peika på at ei kvalitativ be-tring av dei oppvekstkår som barn får tilbod om, med dei forenklingar som dette kan medføra for foreldre, kanskje på lenger sikt kan få positive følgjer for utviklinga av barnetalet. Det sentrale og overordna mål må likevel vera at alle barn og unge som lever i dag blir sikra ein trygg oppvekst, med optimale utviklingsvilkår. Di fleire barn som

får ein oppvekst utan skadar fysisk eller psykisk, di sunnare og meir samfunnsnyttig vil neste generasjon av vaksne bli.

Det trengst tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorane

Det offentlege ansvaret for barn kan ikkje ivaretakast av ein instans, korkje på statleg eller kommunalt plan. Mange vedtak i dei fleste departement, etatar og sektorar rører ved barns oppvekstkår. Røynsla viser at ein nok treng ideelle lover og gode intensjonar, men dei er ikkje nok til å sikra barn gode og likeverdige oppvekstvilkår. Mangel på fullverdig lovgiving er ikkje den einaste «flaskehalsen» i arbeidet for å få fram barneinteresser og barnekrav.

At ansvaret for barn ligg under 7 - 8 departement og ei rekkje utval, nemnder og råd på kommunenivå kan i seg sjølv skapa problem. Dersom statsforvaltninga eller kommuneforvaltninga ikkje har kunnskap, kapasitet eller vilje til heilskapssyn, heilskapstenking og heilskapsplanlegging, oppstår det alvorlege hindringar for effektive barneverntiltak i vid forstand, ikkje minst som førebyggjande tiltak.

Uklår ansvarsfordeling er eit hinder for å ivareta barns interesser

Fysisk planlegging er eit godt eksempel på eit område med uklår ansvarsfordeling. Fysisk planlegging omfattar bustadområde, plassering og utforming av institusjonar, mogelege friluft- og fritidsareal, og forholdet mellom barn, bil og bustad. På statsforvaltningsnivå er fysisk planlegging eit ansvarsområde innanfor Kommunal- og arbeidsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Miljøverndepartementet og Forbrukar- og administrasjonsdepartementet. Sidan organisasjonar o.l. også arbeider med f.eks. fritidsinteresser og idrett, rører dette også ved Kultur- og vitskapsdepartementet, tildels også Kyrkje- og

undervisningsdepartementet. På kommunenivå ligg ansvaret i generalplanutval, bygningsråd, kulturutval, ungdomsutval, barnevernsnemnd, skolestyre, vegutval, teknisk utval, såvel som formannskap og kommunestyre. Administrativt er alle etatar med - eller burde vera det. Saker som er behandla ved kontoret åt Barneombodet avslører somme av dei problem som oppstår når kommunikasjonen mellom ulike sektorar er mangelfull, når administrasjonen og/eller politikarane ikkje vil eller kan samarbeida, eller når sektorinteresser overskyggjer heilskapsplanlegginga.

Når den fysiske planlegging er mangelfull sett ut frå barnebehov, blir det skapt problem for barn, unge, og familiarane deira. Når barn og unge ikkje kan utfalda seg trygt ute, skjer det ulykker, ikkje minst trafikkulykker. Foreldre opplever faren for ulykker som ei tung bær; dei blir redde og utrygge, særleg når barna har trafikkfarleg skoleveg, ikkje har trygge leikeplassar i nærmiljøet, og når bustaden ligg langt frå leikeplassen, t.d. høgt oppe frå bakken. Dette blir for foreldra ei tilleggsbær som skulle vore uturvande. Halvparten av foreldre med barn under 6 år tør t.d. ikkje sleppa barna ut åleine for å leika.

Sterke oppdelingar etter fag eller sektor kan føra til at resultatane av ei avgjerd tatt av ein ikkje kjem tilbake til den same instans. Manglande kommunikasjon eller manglande samarbeid gjer at det ikkje skjer ei klår tilbakeføring, som kan gi kunnskap om kva avgjerda har hatt å seia t.d. for barnesituasjonen. Skort på byggjeforskrifter for «barnesikre hus» fører f.eks. til at mange barn hamnar på sjukehus etter ulykker. Men sjukehusopphald blir betalte av helsestellet (ca. 90 millionar kr. pr. år), ikkje av den instansen som burde ha laga forskriftene.

I viktige kommunale utval og nemnder må det sikrast at der finst personar som talar barna si sak

Barnepolitikken i samfunnet byggjer i stor grad på at kommunane bør ha ei sentral rolle i arbeidet for å sikra barn gode og likeverdige levekår og voksterhøve. Det er på kommunenivå at ein best kjenner barneproblema og lettast kan setja i verk tiltak som svarar til dei lokale behov. Det er dessutan ingen tvil om at den innsats som kommunale politikarar og tilsette yter for barn er avgjerande viktig når det gjeld å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår. Med auka kommunalt ansvar vil truleg óg den barnepolitiske aktiviteten auka, og sjølve medvitet om problemet. Spørsmålet er berre om det skjer fort nok, og om forholda blir likeverdige frå kommune til kommune.

Ved den fordeling av ressursar og avveging mellom ulike interesser som kommunane gjennomfører blir det ofte i dag ikkje tatt nok omsyn til interessene åt barna. Føresetnaden for at barneinteressene kjem klårt fram og blir tillagde vekt er at:

- disse organa får den naudsynte status og innverknad i den kommunale avgjerdprosessen
- personar med innsikt i barns situasjon blir sikra plass i alle viktige avgjerdorgan.

Slik Barneombodet ser det, bør det givast fleire forskrifter som gjer det meir mogeleg at folk som talar barna si sak blir sikra plass i ulike nemnder og utval og får status i formannskap, kommunestyre og eigne partigrupper. I tilknytning til endringar i bygnings- og planleggingslovgivinga har Barneombodet t.d. peika på at det vil vera føremålstenleg å ha med på møta i bygningsrådet ein person med spesiell kjennskap til barn og til sosiale forhold. Dette vil gjera det meir mogeleg å få inn barnekrav tidleg i planleggingsprosessen, og såleis førebyggja kostesame problem.

Barnevernsnemnda var etter lova i 1953 tiltenkt rolla som eit leiande og koordinerande organ med samlande og overordna ansvar for barns oppvekstvilkår i kommunen. Men det er grunn til å tru at desse nemndene jamt over har hatt lite å seia når det gjeld den kommunale planlegging av barns oppvekstmiljø. Det er no kome framlegg om at barnevernsnemndene skal nedleggjast, eventuelt at kommunane kan oppretta slik ei nemnd som eit friviljgt underorgan under helse- og sosialstyret. Barneombodet ser det som sentralt at ei eiga oppvekstmiljølov for barn og unge gir heimel for eit eige utval som får eit overordna ansvar i kommunane for oppvekstmiljøet for barn og unge. Det kan og givast heimel for eit slikt utval i den nye «Lov om sosial tjeneste m.v.» Eit slikt barne- og ungdomsutval vil mellom anna kunna overta dei oppgåvene som barnevernsnemndene til no etter § 1 i Barnevernslova har hatt eit ansvar for, dvs. følgja med i dei forhold barn og unge lever under og arbeida for tiltak til betring av barns oppvekstvilkår i kommunen.

Det vil i denne samanhengen vera sentralt å sikra at barne- og ungdomsutvala får makt og har noko å seia i det kommunale vedtakssystemet. Dei kan få auka innverknad om ein fordeler medlemene i utvalet i nøkkelutval i kommunen, t.d. i teknisk utval, generalplanutval, bygningsråd, skolestyre. Jamvel i små kommunar vil «barneutvalet» då ha ein rimeleg sjanse til å bli representert i formannskapet. Dersom alle sentrale utval i kommunen får representasjon frå barne- og ungdomsutvalet, vil utvalet få eit heilt nytt høve til å påverka all kommunal verksemd. Representasjon i formannskapet vil dessutan sikra kontakt, status og innverknad i dei respektive parti.

Utvalet skulle ha som føremål å arbeida aktivt med førebyggjande barnevern på ulike nivå. Det kan arbeida for å betra forholda for mange barn og familiar i kommunen.

Oppgåver her er trygge leikområde, trafikkisikring, trygge skolevegar, eit attraktivt nærmiljø. Det kan arbeida førebyggjande overfor dei barna som er spesielt utsette, for eit fritidstilbod som tar vare på dei veikaste, styrkja planane for hjelpetiltak som støttekontaktar og avlastingsheimar. Framlegg om å nemna opp eigne barne- og ungdomsutval med heimel i ei eiga oppvekstmiljølov for barn og unge vil vera sentrale framlegg i den høyringsfråsegn som Barneombodet skal gi til innstillinga frå Sosiallovutvalet i 1986.

DEL V

1) LOV OG INSTRUKS FOR BARNEOMBUDET

LOV OM BARNEOMBUD

§ 1 (formål)

Denne lov har til formål å bidra til å fremme barns interesser i samfunnet.

§ 2 (barneombud)

Kongen oppnevner for 4 år om gangen et barneombud.

Kongen oppnevner et råd som skal virke som et rådgivende organ for barneombudet.

§ 3 (Ombudets oppgaver)

Ombudet har til oppgave å fremme barns interesser overfor det offentlige og private, og skal følge med i utviklingen av barns oppvekstvilkår.

Ombudet skal særlig:

- a) av eget tiltak eller som høringsinstans ivareta barns interesser i samband med planlegging og utredning på alle felter,
- b) følge med i at lovgivning til vern om barns interesser blir fulgt,
- c) foreslå tiltak som kan styrke barns rettsikkerhet,
- d) fremme forslag til tiltak som kan løse eller forebygge konflikter mellom barn og samfunn,
- e) følge med i at det gis tilstrekkelig informasjon til det offentlige og private om barns rettigheter og tiltak de har behov for.


Ombudet kan virke av eget tiltak eller etter henvendelse fra andre. Barneombudet avgjør selv om en henvendelse gir tilstrekkelig grunn til behandling.

§ 4 (adgang til institusjoner og opplysningsplikt m.v.)

Ombudet skal ha fri adgang til alle offentlige og private institusjoner for barn.

Offentlige myndigheter og offentlige og private institusjoner for barn skal uten hinder av taushetsplikt gi Ombudet de opplysninger som trengs for å utføre Ombudets oppgaver etter denne lov. Opplysninger som trengs for å utføre Ombudets oppgave etter § 3 annet ledd bokstav b, kan, uten hinder av taushetsplikt, også kreves fra andre. Når det kan kreves opplysninger etter dette ledd, kan også protokoller og andre dokumenter kreves framlagt.

Reglene i tvistemålslovens § 204 nr. 1 og § 205-209 får tilsvarende anvendelse for Ombudets rett til å kreve opplysninger. Tvist om anvendelsen av disse reglene kan bringes inn for herreds- eller byretten, som avgjør spørsmålet ved kjennelse.



§ 5 (uttalelser fra Ombudet)

Ombudet har rett til å uttale seg om forhold som går inn under arbeidsområdet. Ombudet bestemmer selv hvem uttalelsene skal rettes til.

§ 6 (instruks for Ombud og Rådet)

Kongen fastsetter en alminnelig instruks for Ombudets og Rådets organisasjon og saksbehandling. For øvrig utfører Ombudet og Rådet sine oppgaver selvsendig og uavhengig.

§ 7 (ikrafttreden m.m.)

Denne lov gjelder også for Svalbard.

Loven trer i kraft fra den tid Kongen bestemmer.

INSTRUKS FOR BARNEOMBUDET OG DETS RÅD

Fastsatt ved Kongelig resolusjon av 11. september 1981 i medhold av § 6 i lov om barneombud av 6. mars 1981 nr. 5.

§ 1 Oppgaver

Barneombudet skal i henhold til denne instruks utføre de oppgaver det er pålagt ifølge lov om barneombud. Ombudet skal i sin virksomhet arbeide for at barns behov, rettigheter og interesser blir tatt tilbørlig hensyn til på alle samfunnsområder. Ombudet har ikke myndighet til å avgjøre saker eller omstøte vedtak i forvaltningen. Med barn menes her personer opptil nådd myndighetsalder.

Ombudet skal sørge for å holde offentligheten orientert om sitt arbeid.

§ 2 Hvordan saker blir tatt opp

Ombudet tar opp saker av eget tiltak eller etter henvendelse fra andre.

Enhver kan henvende seg til ombudet. Muntlige henvendelser skal ombudet sørge for blir satt opp skriftlig.

Den som henvender seg til ombudet, bør så vidt mulig gjøre rede for de grunner henvendelsen bygger på og legge fram de opplysninger og dokumenter som måtte finnes i saken.

Dersom en henvendelse angår et bestemt barn, og henvendelsen ikke kommer fra barnet selv, skal ombudet ikke behandle saken uten barnets samtykke. Når barnets alder tilsier det, skal også vergens samtykke innhentes. Dersom almene hensyn tilsier det, kan ombudet behandle saken, selv om samtykke som nevnt ikke er innhentet.

§ 3 Avvisning

